



Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora

## MASTEROPPGÅVE

Studieprogram: MLEMAS – Master i lesevitkskap	Vårsemesteret 2018 Åpen
--	----------------------------

Forfatter: Halvor Østerman Thengs  Kandidatnummer: 2602	 (signatur forfatter)
---	--

Veileder: Arne Olav Nygard

Tittel på masteroppgaven: Please press Z to question nothing – vegar gjennom tekst  
*Elevorientert induktiv hypotesetesting som metode i litteraturarbeid.*

Engelsk tittel: Please press Z to question nothing – navigating text  
*Student oriented inductive hypothesis testing as a literature teaching method.*

Emneord: literacy, etnografi, kritisk literacy, litteratur, ergodisk litteratur, procedural rhetoric, new literacy studies, induktiv hypotesetesting	Sidetall: 90 + vedlegg/annet: 47
--	-------------------------------------

Stavanger, 14.05.2018  
dato/år

Please press Z to question nothing - vegar gjennom tekst

*Elevorientert induktiv hypotesetesting som metode i litteraturarbeid*

---

Halvor Østerman Thengs

Masteroppgåve i lesevitenskap

Institutt for kultur- og språkvitenskap

Våren 2018



---

Universitetet  
i Stavanger

*Hva skal vi med skjønnlitteratur  
hvis tilværelsens eneste mål  
er å overleve og formere seg?*

*(Jan Kjærstad, 2013)*

## Innhold

Føreord: .....	3
Samandrag: .....	5
Abstract:.....	6
<b>1.0: Innleiing .....</b>	<b>7</b>
1.1 Oversyn.....	7
1.2 Forskingsspørsmål .....	8
1.3 Literacy-myten .....	8
1.4 Lese orda, og lese jorda.....	10
1.5 New Literacy Studies .....	11
1.6 Empirisk materiale.....	13
<b>2.0: Policydokument og aktuell forsking.....</b>	<b>14</b>
2.1 DeSeCo og Meld. St. 28 .....	14
2.2 Ny overordna del av læreplanverket .....	15
2.3 Aktuell literacyforskning.....	16
<b>3.0: Teori.....</b>	<b>20</b>
3.1 Oversyn.....	20
3.2 Kritisk literacy .....	21
3.3 Gode spørsmål som «teknologi» i kritisk literacy-arbeid .....	24
3.4 Engasjement .....	31
3.5 Gamification .....	32
3.6 Ergodisk litteratur.....	33
3.7 Intrigue, intrigant og intriguee .....	36
3.8 Spelmekanikk som argument om verda.....	37
3.9 Proseduralretorikk i «Gone Home» .....	39
<b>4.0: Metode.....</b>	<b>42</b>
4.1 Oversyn.....	42
4.2 Etnografi og literacy .....	43
4.3 Stegvis-deduktiv induktiv metode .....	45
4.4 Etikk og subjektivitet .....	47
4.5 Pilot .....	49
4.6 Feltarbeid .....	54
4.6.1 Spørjeundersøking .....	54
4.6.2 Del 1 – Blodspor .....	56
4.6.3 Del 2 - Gone Home .....	58
4.6.4 Del 3 – Togsong.....	63
4.6.5 Generelle observasjonar .....	64
4.7 Drøfting av pilotstudie og feltarbeid som etnografisk metode .....	66
4.8 Kategorisering .....	67
<b>5.0: Analyse .....</b>	<b>70</b>
5.1 Oversyn.....	70
5.2 Elevar som produsentar av kritisk orienterte spørsmål.....	70
5.3 Koherens i plot .....	74
5.4 IRF og engasjement i klasserommet .....	77
5.5 Main quests og side quests .....	79

5.6 Kritisk literacy og djupnelæring .....	81
5.7 «Riste litt i hjernen» .....	84
<b>6.0: Oppsummering og konklusjon .....</b>	<b>89</b>
6.1 Oversyn.....	89
6.2 Kvifor forske på undervisningspraksis i det skjønnlitterære klasserommet?.....	89
6.3 Kvifor djupnelæring og engasjement? .....	90
6.4 Kvifor nytte spørsmål som teknologi i undervisninga? .....	92
<b>Litteraturliste .....</b>	<b>93</b>
Overordna nivå – læreplan og policydokument .....	93
Literacy .....	93
Spel og spelpedagogikk .....	94
Metode.....	95
Andre kjelder / avhandlingar .....	96
<b>Vedlegg .....</b>	<b>98</b>
Vedlegg 1: Gone Home Game Log (anonymisert).....	99
Vedlegg 2: Spørjeskjema – rapport .....	120
Vedlegg 3: Gruppeintervju .....	122
Vedlegg 4: Meldeskjema NSD .....	132
Vedlegg 5: Særpensum .....	137

## Føreord:

*Hvis du ikke bryr deg om tekstene du ber elevene lese,  
bør du heller bruke tekster som engasjerer deg.  
Dette er norsklærerens privilegium.*

(Henning Fjørtoft, 2014)

Våren 2017 kunne avgangselevane i vidaregåande skule velje denne oppgåva ved eksamen i norsk hovudmål: «I dei to vedlagde tekstane møter vi to kvinner med same namn. Nora i Et Dukkehjem ønskjer å forlate mannen sin, Torvald Helmer. Noora frå TV-serien Skam prøver å overtale kjærasten William til å ikkje reise frå ho. Samanlikn dei to tekstvedlegga, og plasser dei i ein kulturhistorisk samanheng» (Udir 2017: 4). For lærarar som over fleire år hadde rive seg i håret av eksamensoppgåver som i liten grad såg framover i tid, var denne typen oppgåve god av to grunnar: Ho synte verdien av klassiske tekstar i vår eiga samtid, og ho tok på alvor elevar sin eigen lesepraksis. SKAM som fenomen er ein kulturhistorisk artefakt ein kanskje ikkje har forstått verdien av fullt ut, men her valde ein altså å nytte serien som eksamensoppgåve i vidaregåande skule, attpåtil to sesongar før han var slutt. Eg har over tid vorte meir og meir oppteken av aktualisering som prinsipp for litteraturundervisning, og eg har ynskt å skrive ei avhandling om arbeid med litteratur der eg ikkje gløymer å setje pris på elevane si eiga lesing. Nyttar ein leseomgrepet vidt, som ein bør, opnar det for litteraturundervisning der historier frå skjermrøynda og kan få sin plass i skulen.

Midt på 90-talet tok mor mi meg med til ein bustad i Egersund sentrum. Der hadde ho kome i kontakt med seljaren av ein brukta Commodore 64, med to håndkontollar og ei eske kassettar. Det blei mitt fyrste møte med dataspel – eit forhold som har tåla ver og vind utan å gå i stykke. Ikkje berre har det halde seg intakt; det vart kultivert gjennom Super Nintendo, forskjellige blad PlayStation, Nintendo Wii og dagens lett tilgjengelege mobilspel, iPad og Apple TV. Som pedagog har eg funne glede og nytte i «gamification»-verkty som Quizlet, Duolingo, Kahoot og andre typar didaktiske speldiamantar, medan eg nyttar andre typar spel til meir omfattande undervisningsopplegg.

Parallelt med mi eiga spelinteresse, fekk eg ein fot innanfor sjølve spelbransjen då eg i 2005 sendte ein e-post til Carl Thomas Aarum, dåverande redaktør i spelmagasinet Gamereactor, for på lett sjølvskjert vis å tilby mine tenester som korrekturlesar. Det vart starten på seks år som medarbeidar i eit gratismagasin som skreiv om, testa ut og levde dataspel. Eg fekk tilgang på spel eg kanskje ikkje ville ha skaffa meg sjølv, og det opna ei verd for meg som ville ha større innverknad på meg sjølv og mitt eige virke som lærar enn eg visste då.

Via Gamereactor fekk eg nok ein fot innanfor, denne gongen hjå spelutviklaren Electronic Arts i Stockholm som speltestar på prosjektet *The Sims 2: Årstider*. Her fekk eg ei fyrstehandsoppleveling av eit spelmiljø der utviklarar, programmerarar, testarar og leiing satt side om side for å jobbe fram eit produkt som skulle ut på marknaden. Det var mildt sagt lærerikt, og arbeidet i Upplands Väsby utanfor Stockholm var nok ein gong ei brekkstang inn til ein ny del av spelindustrien. Mellom 2006 og 2011 jobba eg som frilansomsetjar for spelbransjen, med oppdragsgjevarar primært i Sverige, Finland, Spania og Nederland. I ein bransje med knappe tidsfristar, raske endringar og høge krav til informasjonsflyt og effektivitet, var det interessant å fylgje prosessen frå start til slutt frå eit omsetjarperspektiv.

Når eg då i andre enden, som pedagog, har fått eit forhold til spel og speldidaktikk, er det altså eit resultat av ei meir eller mindre strukturert historie med spel som ingrediens. På veg inn i læraryrket hadde eg ikkje tenkt på at spel og gamification skulle kome til å spele ei så sentral rolle som dei gjer i skulen i dag. Eg trudde eg gjorde eit karriereval som innebar å gå frå eit tydeleg definert område til eit anna, med så godt som vassrette skott mellom. Der tok eg – heldigvis – feil. Dataspel kan vere litteratur, dataspel er elevar sin eigen lesepraksis, og dataspel kan vere nettopp det verktyet som opnar for aktualisering, og som gjev verdi til dei klassiske tekstane i norskfaget.

Eg vil takke ei tolmodig kone, tre inspirerande born, ein stødig far og ei prinsippfast mor (1956-2014) for at denne oppgåva er komen til. Eg vil òg takke rettleiar Arne Olav Nygard hjå Lesesenteret ved i Universitetet i Stavanger for konstruktiv kritikk, i tillegg til korrekturlesarane Mons Bjone, Birgit Jaastad og Gøran Østerman Thengs for språkleg falkeblikk og nytige kommentarar.

## Samandrag:

Denne avhandlinga har som formål å undersøke litteraturundervisning i skulen i lys av skule- og literacyforsking og spelteori, og har som premiss at ei endring frå dialogorientert til elevorientert undervisning gjev meir engasjement og djupnelærings i arbeid med skjønnlitteratur. Avhandlinga undersøker om ein kan nytte kritisk orienterte spørsmål som «teknologi» i klasserommet for å nå djupare i arbeidet med skjønnlitterære tekstar, og nyttar både tradisjonelle papirtekstar og dataspel som tekstgrunnlag.

Kapittel 1 står som ei innleiing til literacyfeltet, og freistar å gje eit breitt omriss av aktuell forsking før eg snevarar inn mot forskingsspørsmålet: *Korleis kan ein nytte kritiske og utforskande spørsmål til å skape engasjement hjå elevar i arbeid med litteratur?* Kapittel 2 gjev eit oversyn over aktuelt teorigrunnlag eg nyttar for å knyte saman forskingsspørsmålet med feltarbeidet i analysen. Her tek eg føre meg aktuelle policydokument. I kapittel 3 tek eg føre meg kritisk literacy-teori og aktuelle spelteoretiske omgrep. Kapittel 4 er eit metodekapittel som fyrst går inn på ei metodeteoretisk drøfting, og deretter tek føre seg pilotopplegget og feltarbeidet eg har gjort i samband med avhandlinga. I kapittel 5 kjem analysen, som drøftar teorikapittelet opp mot feltarbeidet mitt i lys av kritisk literacy-teori. Dette kapittelet drøftar òg elevar sitt engasjement og djupnelærings i høve litteratarbeid. Kapittel 6 inneheld konklusjon og oppsummering.

I feltarbeidet som ligg til grunn for analysen i denne avhandlinga har eg nytta eit spørjeskjema, i tillegg til generelle klasseromsobservasjonar og gruppeintervju i etterkant av undervisningsopplegget. Analysen legg vekt på elevane sine vurderingar av undervisninga tidleg, i midten av og på slutten av opplegget, og observasjonane handlar i stor grad om klasseromsdynamikk og læraren sin litteraturdidaktiske praksis.

Analysekapittelet er delt opp i seks underkapittel knytt til kritisk orienterte spørsmål, narrasjon og organisering, litteraturdidaktikk og engasjement, sosial praksis, djupnelærings og forventningar og til slutt *affinity spaces* og litterurfaglege fellesskap.

## Abstract:

This paper sets out to examine literature teaching in light of school and literacy research and game theory, assuming that a change from dialogic teaching to student-based teaching results in a higher level of engagement and deeper learning in the literature classroom. The paper examines whether it is possible to use critically oriented questions as “technology” in the classroom to reach a deeper level of learning when reading literature. Both traditional paper texts, and computer games, are used as a text foundation.

Chapter 1 introduces the literacy field, and attempts to paint a broad picture of current research before arriving at the research question: *How can critical and exploratory questions be used as part of literature teaching to facilitate deep learning and engagement in students?* Chapter 2 gives an overview of relevant policy documents used to tie together the research question and insight from the field work in the analysis chapter. Chapter 3 provides an oversight of current critical literacy theory and game theory. Chapter 4 outlines methodology and discusses theoretical issues, before describing the pilot study and field study connected to this paper. In chapter 5, the analysis discusses theoretical aspects and my field work in light of critical literacy theory. This chapter also discusses students’ engagement and deep learning in the literature classroom. Chapter 6 concludes and sums up this paper.

In the field work on which the analysis rests, I have used a questionnaire, in addition to classroom observation descriptions and post-class group interviews. Students’ assessments of teaching practice both in early, mid and late stages of the week are made a point of in the analysis chapter, and the observations are mainly focused on classroom dynamics and teachers’ literature-didactical practice.

The analysis chapter is subdivided into six parts tied to literacy-oriented questions, narration and plot organizing, literature didactics and engagement, social practice, deep learning and expectations and finally *affinity spaces* and reading communities.

# 1.0: Innleiing

*An education is truly «fitted for freedom»  
only if it is such as to produce free citizens,  
citizens who are free not because of wealth or birth,  
but because they can call their minds their own.*

(Martha C. Nussbaum, 2010)

## 1.1 Oversyn

Arkivering eller *aktualisering*? Kva legitimerer skjønnlitteraturen sin plass i skulen i dag? I spennet mellom det ein nokså upresist kan kalle *kjennskap til kulturarven*, og det meir moderne *relevans*-omgrepet, står slaget om dei klassiske tekstane sin plass i norskfaget. Der *arkivarane* ynskjer å nytte tekstar som historisk bevisføring – minne om litteraturhistoriske periodar me kan studere i vakuum – vil *aktualisatorane* til ei kvar tid leite etter liner til vår eiga tid, til vår eigen erfaring og til det dagsaktuelle verdsbiletet. Både aktualisatorane og arkivarane vert tekne vare på i dei pågåande revisjonane av norskfaget, til dømes i Stortingsmelding 28 - Fag – Fordypning – Forståelse, sjølv om debatten kring kjernelementa i faget (t.d. Hobbelstad 2018), kan synast å bere fram ulike syn på i kor stor grad ein har lukkast så langt. Norskfaget har eit dualistisk formål, og skal på den eine sida «[...] bidra til at elevene får ta del i den litterære kulturarven.» Samstundes studerer ein ikkje lenger tekstar i eit vakuum; klassikarane har relevans for det samfunnet me lever i: «De litterære klassikerne tilbyr viktige perspektiver på hvordan samfunnet vi lever i har utviklet seg, og de kan være med på å bygge et fellesskap og bidra til en kulturell plattform» (Kunnskapsdepartementet 2016). Dette doble perspektivet gjev store moglegheiter, og utfordringar, for ein kvar som gjev seg i kast med undervisning i norskfaget.

Denne avhandlinga tek utgangspunkt i eit stort felt, nemleg forsking på literacy, eller lesekunne. Det er naudsynt å gjere nokre avgrensingar og presiseringar for å kome inn på det som er studieobjektet, nemleg kritisk literacy og samtalar om litteratur. Eg vil først ta føre meg forskingsspørsmålet mitt i lys av omgrepet «tekst» og korleis ein nyttar det i skulen. Deretter vil eg gje ein introduksjon til omgrep som «literacy» og «new literacy studies» for å avgrense feltet, før eg kjem til ei avklaring av kor denne avhandlinga står i høve desse. I dei neste to

kapitla vil eg gje eit oversyn over aktuelle policydokument og læreplanar, samt posisjonere meg innan kritisk literacy-feltet med mitt eige forskingsprosjekt som sentrum.

## 1.2 Forskingsspørsmål

All den tid «tekst» ikkje er eit eintydig og ferdig diskutert omgrep som refererer til eit spesifikt fenomen i verda, er det naudsynt å gjere ei avklaring av kva for innfallsvinkel eg vil nytte i denne avhandlinga. Rogne (2008) drøftar tekstromgrepet i høve dei ulike læreplanane i norsk skule, og peiker på at det «tradisjonelle tekstromgrepet» ein finn tilbake til midten av det 20. hundreåret, til dømes, i praksis berre femna «verbalspråklege, skriftlege tekstar» (Rogne 2008: 3). *Undervisningsplan i norsk i reformgymnaset*, som Rogne omtalar som radikal, opna for eit syn på tekst som noko funksjonelt, der målet var at elevane skulle ha ei kritisk haldning til lesing. Tekstanalyse, språkbruksanalyse og eit til dels utvida sjangeromgrep fann på den måten vegen inn i skulen på 70-talet. Fram mot vår tid vart òg arbeid med avisar og massemedium meir og meir vanleg, i tråd med ambisjonen om ei analytisk tilnærming til tekst og kommunikasjon. I arbeidet med L97 og i utviklinga fram mot Læreplan for kunnskapsløftet (LK06) vart det «utvida tekstromgrepet» normalisert. Ein kunne sjå føre seg tekstar som var sett saman av skrift, lyd og bilete i eit såkalla samansett uttrykk, der modalitetsomgrepet (Kress og van Leeuwen 2001) sto sentralt. Konsekvensen av eit slikt utvida tekstromgrep var at alt fra teikneseriar til filmar, songar og skodespel hamna inn under definisjonen av tekst, og implikasjonen for skulen vart at ein kunne sjå samanhengar mellom ulike tekstuttrykk som representantar for like eller liknande tekstfunksjonar. Med andre ord: Tekstens sitt formål vart viktigare enn sjangerkunnskap.

Litteratur er for lengst kome forbi definisjonen som kravde ei innbunden bok og tekst på papir, og i møte med tekst kjem denne oppgåva til å ta føre seg dette spørsmålet: *Korleis kan ein nytte kritiske og utforskande spørsmål til å skape engasjement hjå elevar i arbeid med litteratur?* Som ein konsekvens av eit slikt syn på tekst, og ein definisjon av litteratur som femner breitt, nyttar eg dataspelet «Gone Home» (The Fullbright Company 2013) saman med tradisjonelle papirtekstar i feltarbeidet mitt. Med *Ny overordna del av læreplanverket* som bakteppe kjem eg til å nytte teori knytt til new literacy studies, kritisk literacy og dataspel for å drøfte forskingsspørsmålet og analysere materialet eg genererer i feltarbeidet.

## 1.3 Literacy-myten

For å vere i stand til effektivt å definere omgrepa «new literacy studies» og «kritisk literacy», er det naudsynt å kommentere «literacy» i seg sjølv, og det ein kjenner som «the literacy myth», eller «literacy-myten». UNESCO legg til grunn ein omfattande definisjon av literacy, som ber i seg ei historisk utvikling eg kjem inn på i diskusjonen vidare:

*Beyond its conventional concept as a set of reading, writing and counting skills, literacy is now understood as a means of identification, understanding, interpretation, creation, and communication in an increasingly digital, text-mediated, information-rich and fast-changing world.*

Ein slik definisjon legg altså til grunn at ein har operert med ei «konvensjonell» forståing av literacy knytt til lesing, skriving og rekning. Det samsvarer med til dømes Graff (1991) si skildring av literacy i eit historisk perspektiv, som knyter omgrepet til ein amerikansk kontekst og behovet for sosial stabilitet i ei tid der skriftkultur vart viktigare og viktigare i overgangen frå ei førindustriell til ei moderne verd, og der literacy kom til å handle om lesekunne (Graff 1991: 235). Der ein før kunne bringe vidare sosiale normer på ein uformell måte, trong ein no institusjonar som kunne tilby «[...] morally grounded instruction – aided, eased, and speeded by carefully structured provision of literacy» (ibid.: 236). Denne konvensjonelle forståinga, eller *brotsynet*, legg vekt på rolla literacy spelar i eit samfunn i endring. Lesekunne vart eit verkty for å oppretthalde stabile sosiale strukturar og for å tilby *tilgang* på lesing. Ein har i seinare tid skildra denne forståinga av literacy-omgrepet som ein myte, for å markere at ho legg til grunn premiss som ikkje held vatn i møte med studiar av språk i bruk og sosial praksis. Desse premissa botnar i det ein ser på som ei feilslutning knytt til at moral og lesekunne er nyklar til sosial stabilitet, og at ein gjennom skulesystemet lyt sørge for status quo i høve sosiale strukturar. For tilhengarar av brotsynet vert literacy ei universalløysing på utfordringar ein finn i samfunnet. Det tradisjonelle synet på literacy har som utgangspunkt eit problem som må løysast, og eit mål som ligg føre. Nyttar ein dei rette strategiane, kjem ein til slutt til målet; literacykompetanse. Dette synet på literacy har eit reint funksjonelt prosjekt, medan andre perspektiv flytter literacy til andre nivå og med andre funksjonar. Graff insisterer, saman med mellom andre Street, på eit syn på literacy som eit *kontinuum*, eller som *ideologi*. For Graff og Street vert literacy-myten absolutt naudsynt som motstykke til den posisjonen dei held, all den tid dei insisterer på ei breiare forståing av omgrepet. Eg kjem attende til dette poenget i kapittel 1.5.

## 1.4 Lese orda, og lese jorda

Hjå Freire (2006), til dømes, kan me sjå eit anna perspektiv på literacy. Der ein fyrst såg på lesekunne som noko funksjonelt; lesing lik avkoding - handla perspektiva i det vidare om å gjere fleire i stand til å forstå *einskilde ord i samanheng*. Avkoding av denne typen saknar sjølvsagt eit element av å forstå kva som ligg *bak* nettopp desse orda, og her bidreg Freire med ideen om å «lese orda, og lese jorda» (reading the word, and reading the world). Freire kjem frå ein marxistisk, feministisk tradisjon, og i sitt virke har han skildra samfunnsutvikling frå eit frigjeringsperspektiv. Freire representerer eit literacy-perspektiv som går vidare frå avkoding og over i fortolking. Evna til å *lese jorda* inneber eit element av kritisk literacy der det å både forstå og stille seg granskande til tekst vert avgjerande, av grunnar som har med frigjering og makt å gjere. Weiler skriv (i Lankshear og McLaren, 1994: 13) at Freire sin pedagogikk heng på idear om «social transformation», der idear som ligg til grunn er knytt til «[...] oppression, consciousness, and historical change» (ibid.). Emansipasjonspedagogikken har fått stor merksemd, og drygt 20 år etter at Freire gjekk bort lever ideane om læring som sosial endring i beste velgåande.

Hjå Giroux finn me ideen om literacy som eit tveggja sverd, som både kan gjere individ i stand til å ta språkmakta og den politiske makta attende, samstundes som ein og kan bruke det til å forsterke dei allereie rådande strukturane for språkleg og politisk makt. Denne metaforen er gyldig i ei drøfting av kritisk literacy, og kan nyttast som døme på skilnaden mellom avkoding og fortolking, med eit ideologisk tillegg. For å utvikle elevar sin kritisk literacy-sans må ein endre undervisninga frå det Freire kallar «bank-metaforen» til situasjonar som utfordrar elevar si evne til refleksjon og kritisk sans. Denne metaforen set læraren i ein tenkt posisjon der han eller ho har eit gitt sett med kunnskap som kan overførast til eleven, som eit innskot i ein bank. Læringa er unilateral, og kunnskapen eleven sit igjen med etter «innskotet» er identisk med den som har kome frå læraren. Forkastar ein denne metaforen til fordel for ei meir maktkritisk vinkling på læring, får ein eit skifte mot ei meir ideologisk tilnærming til læring i klasserommet. Slik læring vil, for elevane, alltid ha eit element av maktkamp i seg, der skriveferdigheiter «[...] will make them functional and critical within the school environment» (Giroux 1987: 4). Freire peiker på si eiga språkundervisning , og viser til at den kan lærast bort både mekanisk og organisk. Den mekaniske innlæringa av grammatiske prinsipp representerer, i følgje Freire, ikkje ekte lesing av di ho ikkje gjev kunnskap om desse prinsippa i verda.

## 1.5 New Literacy Studies

Street (2013) utviklar ideen om literacy vidare, og nyttar omgrepet «New Literacy Studies». Han lanserer to ulike perspektiv på literacy i samfunn der lesekunne var i startfasen, anten som «autonomt» eller «ideologisk» (Street 2013: 13). Som autonomt omgrep var Literacy (med stor L) det einaste verktyet i ei verktykasse som stort sett handla om «[...] ways of maintaining discipline» (ibid.: 136) – sosial stabilitet gjennom utdanningssystemet. Street hevdar at ein til dels har drive med eit retorisk spel for å sikre finansiering til aktuelle program laga for å betre lesekunna hjå innbyggjarane. Dette retoriske spelet har i stor grad vore tufta på premissen om at dei som ligg bak i literacy-utviklinga («illiterates»), har *manglar*, «[...] lacking in cognitive skills, living in 'darkness' and 'backward'» (ibid.). Innføring, eller *implementering*, av literacy ville difor føre til ei endring - ei utvikling - som kom desse samfunna til gode. Street hevdar at denne måten å sjå lesekunne på, er skadeleg for diskursen kring literacy, all den tid ein nyttar optikk knytt til vestleg europeisk og amerikansk historie der lesekunne er eit fenomen som skildrar kunnskap orientert kring avkoding av skriftlege kjelder. Han hevdar vidare at literacy-program med eit vestleg utgangspunkt i stor grad har sørga for ein type «*stigma of 'illiteracy'*» (ibid.: 19), der utviklingsland med munnlege tradisjonar vert undervurdert i literacy-forstand.

Street kjem i denne samanhengen også med tydeleg kritikk av både Freire og UNESCO. Freire tilbyr ein posisjon knytt til makt og hegemoni, men har i følgje Street «[...] tended to believe that people without western-type literacy are unable to 'read the world' [...]» (ibid.: 20). Det Freire føreslår i emansipasjonspedagogikken er altså, på same måte som i europeisk og amerikansk tradisjon, prega av ein «autonomous model»-tenking kring literacy. Lesekunne som verktøy for myndiggjering legg til grunn, skriv Street, ein «'wait for critique' approach» til undervisning (ibid.: 139). Street viser her til den australske sjangerskulen, der spørsmål om makthøve og literacy vart handsama med det for auge å introdusere elevar for sjangrar slik at dei kom i ein posisjon der dei kunne kritisere dei: «Some there would argue that children cannot learn to question the power structures of the society they inhabit until *after* they have learned these genres» (ibid.). Med eit slikt utgangspunkt vel Street å kritisere tilnærminga Freire og andre har til literacy som emansipasjonsprosjekt, av di ein søker å finne ei slags *løysing* på eit literacy-problem innanfor eitt og same paradigme. Denne kritikken heng tett saman med Graff sitt syn på literacy som *kontinuum*, med sin kontrast i *brotsynet*, som lenge prega ordskiftet på

fagfeltet. Både Street og Graff insisterer som nemnt på literacy som ei breiare forståingsramme i staden for eit funksjonelt verkty for problemløysing.

I høve UNESCO legg Street vekt på at den «autonome modellen» ligg til grunn for eit syn på literacy, også her innan ein vestleg tradisjon (29). På eit overordna nivå legg UNESCO til grunn eit økonomisk premiss som utgangspunkt for arbeid med literacy, og koplar omgrepene med «'progress', 'civilization', individual liberty, and social mobility» (ibid.). Denne koplinga kjem i konflikt med Street sin ideologiske modell. Han viser mellom anna til Hamilton og Barton (1985) som kritiserer koplinga mellom literacy og framskritt i ein vestleg kontekst, der «[...] levels of literacy in a society are hypothesised to correlate positively with any and all indicators of social and economic progress» (ibid.: 74-75). Det ein då sit att med som studieobjekt, vert konsekvensane av literacy. Street føreslår ein modell som har som sine primære mål å studere sosiale praksisar og interaksjonen mellom skrift- og taletradisjonar gjennom etnografisk metodikk.

Den ideologiske posisjonen knytt til literacy handlar, som hjå Freire, om maktrelasjonar. I staden for å knyte literacyomgrepet til generaliseringar, søker den ideologiske modellen altså å problematisere og skildre literacy som sosial praksis. Det inneber på den eine sida å sjå literacy som ein prosess hjå det einskilde mennesket, og på den andre sida å sjå sosiale institusjonar i samanheng i staden for å skildre omgrepet berre i utdanningssamanheng. Street skil mellom omgropa *literacy events* og *literacy practices* (ibid.), og skildrar ei hending (ein *event*) som ei teksthending i seg sjølv, medan praksis (*practices*) opnar for ei breiare lesing av kva for haldningar ein har som deltakar i ei hending, og kva for førestillingar ein kjem inn med i sin eigen lesepraksis. Street argumenterer for at undersøking av literacy frå eit ideologisk startpunkt krev ei etnografisk tilnærming, «[...] which provides closely detailed accounts of the whole cultural context in which those practices have meaning» (ibid.: 29). Han er òg kritisk til at literacy tradisjonelt har vore knytt til eitt domene, nemleg utdanning. Utarbeiding av konseptet *multiple literacies*, som syner domene-spesifikk lesekunne som tek opp i seg omsyn til kultur, kjønn, sosiale strukturar, eller er meir spesifikt knytt til medium og formidling, som visuell literacy eller digital literacy. Street søker ei tilnærming til literacy som er «[...] sensitive to local variation in literacy practices and that is able to comprehend people's own uses and meanings of reading and writing.» (ibid.: 149) Her, med andre perspektiv enn berre det å kunne lese eller skrive, er kimen til ei tilnærming til lesekunne kalla *kritisk literacy*.

## 1.6 Empirisk materiale

For å undersøke forskingsspørsmålet mitt har eg planlagt og gjennomført eit pilotstudium og eit feltarbeid med utgangspunkt i etnografisk metode. Eg gjer greie for dette arbeidet i detalj i kapittel 4, men eg gjev her ei kort oppsummering av arbeidet som innleiing til teoridelen av avhandlinga.

Hausten 2017 gjennomførte eg ein pilotstudie på min eigen arbeidsplass, for å førebu og gjere erfaringar til feltarbeidet eg skulle gjennomføre seinare. Elevane i tre parallelle klassar jobba med kritisk tenking, og me tok føre oss to tekstar: novella «Togsong» (Grytten 2001) og dataspelet «Gone Home» (The Fullbright Company 2013). Undervisningsopplegget søkte i første omgang å finne koplingspunktar mellom dei to teksttypane gjennom arbeid med induktiv hypotesetesting. Elevane vart derfor bede om å stille kritisk orienterte «kvifor»-spørsmål til tekstane, og med elevane sine spørsmål som utgangspunkt gjennomførte eg litterære dialogar med tre hovudmål: Eg ville unngå lærarorientert og -dominert undervisning, eg ville skape engasjement og eg ville nå djupare ned i tekstane. Erfaringane frå feltarbeidet vert drøfta i kapittel 4.5, og både elevloggar (sjå vedlegg 1), observasjonar i klasseromma og gruppесamtalar dokumenterer elevstemmene frå undervisningsopplegget.

Pilotstudien informerte så feltarbeidet eg gjennomførte i fyrste del av 2018. Arbeidet strekte seg over åtte skuledagar, og elevutvalet var ein enkel skuleklasse. Prosjektet er godkjend av NSD (sjå vedlegg 4). I feltarbeidet vidareutvikla eg undervisningsopplegget, gjennom mellom anna å legge til ein ny tekst som klassen jobba med på meir tradisjonell måte før me gjekk over til arbeidet med induktiv hypotesetesting. Elevane fylte ut anonyme spørjeskjema (sjå vedlegg 2), og eg gjennomførte gruppeintervju i etterkant av undervisningsopplegget (sjå vedlegg 3). I tillegg deltok eg i meir eller mindre aktiv grad i undervisninga, og eg har nytta såkalla «thick descriptions» (Geertz 1973) av klasseromsaktivitet for å skildre observasjonar og funn. I kapittel 4 gjev eg ei meir detaljert innføring i feltarbeidet, medan eg i kapittel 5 analyserer funna mine i lys av policydokument og aktuell teori frå kapittel 2 og 3.

## 2.0: Policydokument og aktuell forsking

*Mye tyder på at morsmålsfagene rett og slett trenger nye og mer oppdaterte didaktiske begrunnelser for litteratur i en skole der stadig flere elever mangler litterære lesevaner og leseerfaringer.*

(Sylvi Penne, 2013)

### 2.1 DeSeCo og Meld. St. 28

Prosjektet «The Definition and Selection of Key Competences» (DeSeCo), sett i gong av OECD i 2001, hadde som formål å finne fram til dei kompetansane ein såg føre seg ville bli viktige i framtida. Ein kjenner dei i dag som *21<sup>st</sup> Century Skills*, dogleik på ulike områder innan utdanning, teknologi, arbeids- og privatliv. OECD definerer dogleik, eller «kompetanse» slik i den oppsummerande rapporten til prosjektet: «A competency is more than just knowledge and skills. It involves the ability to meet complex demands, by drawing on and mobilising psychosocial resources (including skills and attitudes) in a particular context» (OECD 2005). Som paraply for den typen haldningar som vert viktige innan alle dei kompetanseområda ein reknar som sentrale i framtida, nytta ein omgrepet «reflectiveness» (ibid.). Evna til medvitne tankeprosessar inneber mellom anna å vere i stand til å bruke metakognisjon, kreativitet og kritisk tenking aktivt.

DeSeCo har stått som inspirasjon for mellom anna Stortingsmelding 28 og den påfølgande revideringa av læreplanen for Kunnskapsløftet (2013). Roald (2017) skriv om påverknaden DeSeCo har hatt på endringane i norsk skule dei siste åra, og legg vekt på at utviklinga går i ei spesifikk retning: «Nyare nasjonale og internasjonale policy-dokument og forskingslitteratur reiser spørsmål om kva som vil vere viktige kompetansar for barn og unge i framtida. Eit breiare kunnskapssyn og auka vektlegging av djupnelæringer går igjen i argumentasjonen» (Roald 2017: 23). Som del av denne djupnelæringera vil altså kritisk tenking tene som grunnlag for alle typar kompetanse, og kritisk literacy vil stå som eit sentralt omgrep i nært sagt alle former for lesing i framtida.

I Stortingsmelding 28: Fag – Fordypning – Forståelse, finn ein tydelege formuleringar om djupnelæringer og kritisk tenking, mellom anna i Læringsplakaten der ein slår fast at skulen og

lærebedrifa skal «[...] stimulere elevane og lærlingane/lærekandidatane til å utvikle eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking» (Kunnskapsdepartementet 2016: 18). Omgrepet «djupnelærung» får si mening som motstykket til «overflatelærung»:

*Dybdelærung betyr at elevene gradvis og over tid utvikler sin forståelse av begreper og sammenhenger innenfor et fag. Overflatelærung, som legger vekt på innlærung av faktakunnskap uten at kunnskapen settes i sammenheng, står i kontrast til dybdelærung* (ibid.: 14).

Også Pellegrino og Hilton (2012) har ein definisjon av omgrepet som liknar den ein finn hjå Kunnskapsdepartementet, med ei kanskje enno meir tydeleg vekting av det ein kan overføre frå eit område til eit anna:

*The product of deeper learning is transferable knowledge, including content knowledge in a domain and knowledge of how, why, and when to apply this knowledge to answer questions and solve problems (Pellegrino & Hilton 2012: 6).*

I tillegg har dokumentet eit eige avsnitt om kritisk tenking og vitskapeleg tenkjemåte, der ein set tydelege og ambisiøse danningsmål for skulen som verksemnd:

*Opplæringen skal sette elevene i stand til å tenke selv, søke kunnskap og reflektere over og vurdere vedtatte sannheter, som ikke alltid er allmenngyldige. Det krever oppøvelse av kritisk sans og evne til å se en sak fra flere sider* (ibid.: 21-22).

Ei slik formulering vil vere i tråd med den praksisen ein kanskje opplever at skulen driv i dag, men ho er ei tydeleg presisering av at skulen ikkje driv med «kunnskapsoverføring». Saman med djupnelærung som ideal for den undervisninga som skal finne stad i skulen i framtida, er det tydeleg at ein søker mot eit kritisk literacy-perspektiv som metodisk overbygg for å gje elevane dugleikar dei kjem til å trenge.

## 2.2 Ny overordna del av læreplanverket

Ny overordna del av læreplanverket, som vart fastsett 1. september 2017, set rammene for skulen sitt samfunnsmandat. Han inneheld tre hovudområde, og byggjer på formålsparagrafen

i Opplæringslova (§1-1). Dei tre hovudområda er *verdigrunnlaget for opplæringa, prinsipp for læring, utvikling og danning*, og *prinsipp for skulen sin praksis* (Regjeringen 2017: 2). Kritisk tenking har fått ein meir prominent plass i den nye overordna delen av læreplanverket, sjølv om ein allereie hadde ei tydeleg formulering i formålsparagrafen til Opplæringslova: «Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst» (ibid: 4). I kapittelet om verdigrunnlaget for opplæringa er «kritisk tenking og etisk bevissthet» skildra som fire typar kompetansar: det å vere nysgjerrig, evna til å stille spørsmål, utvikling av vitskapeleg og kritisk tenking og evna til å handle med etiske omsyn. Desse kompetansane er tett knytt til ny innsikt, og verdien ein legg i å dyrke fram nye idear.

## 2.3 Aktuell literacyforsking

For skulen sin del vert det ei utfordring å vege ulike ideal opp mot kvarandre: «Kritisk refleksjon forutsetter kunnskap, men gir samtidig rom for usikkerhet og uforutsigbarhet. Opplæringen må derfor søke en balanse mellom respekt for etablert viten og den utforskende og kreative tenkningen som kreves for å utvikle ny kunnskap» (ibid: 7). Nettopp dette balanserande perspektivet tek Gourvennec (2016) opp i høve arbeid med litteratur i norskfaget. Hennar studie av litteraturfagleg praksis i skulen skildrar ei opplæring der ein i liten grad finn «[...] én allmenn konsensus om en litteraturfaglig essens». Når ho likevel argumenterer for at ein finn ei form for «strukturerande kjerne» i faget, er det av di ein kan sjå elevar som deltakarar i «[...] det litteraturfaglige praksisfellesskap.» (ibid.). Intervju med høgtpresterande elevgrupper på VG3-nivå syner at ein finn ulike idear for korleis fagspesifikke rammer, altså strukturerande element i faget, som til dømes litterære periodar, analyseskjema osv., fungerer både motiverande og innskrenkande for elevar. Ein kan på den eine sida sjå elevar sitt behov for tydelege rammer som eit trygt område å prøve ut faglege teoriar og hypoteser, jamfør respekten for «etablert viten» i førre avsnittet. På den andre sida er det eit poeng hjå Gourvennec at fleire elevar ser desse rammene som avgrensingar for eige tolkingsrom når ein møter tekst i skulen. Den «utforskende og kreative tenkningen som kreves for å utvikle ny kunnskap» vert viktig for å sikre nettopp denne typen deltaking. Som litteraturfagleg praksis argumenterer Gourvennec for kritisk tenking som praksis, av di «[...] det i invitasjonen til en reell deltagelse ligger en forventning om dialog med teksten og andres lesninger – på tekstens premisser, innen fagspesifikke rammer» (ibid.). Balansegongen mellom fagspesifikke rammer og utforskande, kreativ og kritisk deltaking handlar difor i stor grad om eit medvit om klasseromspraksis, og for litteraturfagleg arbeid i skulen vil ein finne fleire verkty ein kan bruke for å nå målet om ein

slik balanse i elevar sitt møte med tekst. Slik vert kritisk literacy meir enn ei evne til å *tenkje* kritisk, men i staden evna til å nytte spesifikke strategiar i møte med omverda.

Wilkinson et al. (2017) har vore engasjert i forskingsarbeid for å hjelpe lærarar i barneskulen med dialogisk undervisning for å stø utviklinga av «argument literacy» – argumentasjonskunne – hjå elevane. Slik argumentasjonskunne vert definert som «[...] the ability to comprehend and formulate arguments through speaking, listening, reading and writing», og gjennom det forskingsgruppa kallar 'inquiry dialogue' – der spørsmål vert teknologien ein nyttar i klasserommet – har ein undersøkt kva effekt eit systematisk arbeid med dialogisk undervisning har på lærarane sin praksis, og på elevane si evne til å argumentere skriftleg og munnleg.

Målet med arbeidet var å hjelpe lærarar over frå eit lærardominert klasserom og over i «[...] a more dialogic pedagogy and to advance their beliefs towards a more evaluatist epistemology that acknowledges the importance of rational evaluation of different points of view» (ibid.: 77). Resultata frå undersøkinga var interessante, i den forstand at lærarane sin praksis i stor grad vart endra mot ei meir dialogisk retta undervisning, samstundes som lærarane sitt epistemologiske grunnsyn på læring som ein tradisjonell storleik i stor grad stod fast. Det kan synast som ei sjølvmotseiing at ein i klasserommet endrar praksis, medan eit tilsynelatande motsett grunnsyn ligg til grunn, men undersøkinga drøfter mellom anna om «[...] the relationship between beliefs and practices is more complex than we hypothesized» (ibid.: 78). Lærarar vil, med andre ord, kanskje vere i stand til å justere praksis i tråd med dei krava som vert stilt frå samfunnet, frå myndighetene og frå interesseorgan i skulen, samstundes som ein held på oppfatningar som i ytste konsekvens bryt tvert med slike krav. I høve arbeid med tekst kan ein dimed tenkje seg at det vil vere fullt mogleg å rette praksis inn mot meir dialog, samstundes som eit tradisjonelt syn på læring, jamfør til dømes Freire og bank-metaforen, ligg fast.

Alexander (2015) er oppteken av det han kallar ein «[...] 'emerging pedagogy' of the spoken word». På same måte som Wilkinson et al. har han undersøkt korleis dialogisk retta undervisning vert praktisert, då konsentrert kring skular i Storbritannia, primært i North Yorkshire og områda Barking og Dagenham kring London (2).

Eit viktig poeng hjå Alexander er sjølve definisjonen han gjev av «pedagogikk». Han antek, kanskje som ei feilslutning, at ei allmenn oppfatning av pedagogikk knyt omgrepene til «[...] a

mere matter of teaching technique» (ibid.). Men med dette som utgangspunkt utvidar han definisjonen til det han kallar «a purposive cultural intervention in individual human development», og koplar slik undervisning med idear, verdiar og historie i samfunnet denne undervisninga finn stad i. Ein kan nærmast kalle Alexander sin definisjon av pedagogikk ein parallell til Julia Kristeva sin definisjon av litteratur som ei kontinuerlig line av referansar. I høve det dialogiske elementet er Alexander oppteken av ideane til Bakhtin, som nytta dialogomgrepet til litteratur, historie, kultur, politikk og menneskelege relasjonar generelt. (ibid.: 11) Han er og oppteken av Vygotsky i høve den pedagogiske «intervensjonen» som finn stad i klasserommet – då frå ein posisjon der utvikling av kognitive eigenskaper vert foredla i samspel med andre, og med dialogen som ein «[...] potent form of peer or adult intervention in the child's progress across the zone of next or potential development [...]» (ibid.). Omgrepet «intervensjon» har i etymologien til dels dramatiske konnotasjonar, og det har det også i denne samanhengen. Ideen om pedagogikk som ein kulturell intervension set lys på både dei mange moglegheitene og det enorme ansvaret som ligg hjå læraren i relasjon til eleven.

Konsekvensen denne definisjonen av pedagogikk får for vår forståing av læring knytt til samtalar om litteratur, vert at samtalen får ein framskuven plass i diskusjonar kring klasseromspraksis. Alexander argumenterer for det munnlege sin sentrale plass i verda, og plasserer samtalen som ein uerstatteleg del av pedagogikken: «Language not only manifests thinking but also structures it, and speech shapes the higher mental processes necessary for much of the learning which takes place, or ought to take place, in school» (ibid.). Vidare set han opp som ei av dei viktigaste oppgåvane til ein kvar lærar, evna til å legge til rette for dialogiske interaksjonar i klasserommet. Samtalar finst det uendeleig mange versjonar av i klasserom verda over, men Alexander hevdar at samtalar som engasjerer elevar kognitivt og både stør og utviklar deira eigen forståing er meir sjeldne i klasserom i Storbritannia. Denne posisjonen heng saman med observasjonar knytt til roller i klasserommet, der læraren ofte kontrollerer både kva som vert sagt, kven som seier det og til kven. I skular i Storbritannia fann ein mellom anna at lærarar ofte brukte kort tid på spørsmål og flytta seg fort frå ein elev til ein annan for å få flest mogleg engasjert. Spørsmåla ein stilte var ofte lukka i form og knytt til innhald, medan elevane sine svar ofte handla om korleis ein skulle handsame dette innhaldet. I staden for å nytte «feil» svar som eit springbrett til forståing, vart desse ofte dekka over for å gjere plass til dei rette svara. Det førte vidare til at autentiske spekulasjonar eller artikulerte idear måtte vike for spørsmål ein kunne identifisere innanfor spekteret av rett eller galt. (ibid.: 9). Denne typen IRF-pedagogikk (initiation – response – feedback) vert kritisert av Alexander,

men også den motsette posisjonen, som ein finn i ein del amerikanske skular, vert problematisert (ibid.: 3).

Det motsette av IRF, i følgje Alexander - ein type open pedagogikk der ein unngår didaktisering av undervisninga - byd på problem, all den tid ho tenderer mot ein praksis der all respons vert verdsett, og konstruktiv og kritisk tilbakemelding vert tona ned. Arbeidet med kritisk literacy og spørsmål som pedagogisk verkty må, med andre ord, innebere eit tydeleg element av kritisk respons og ei forventning om at ikkje alt er verdt å gripe an som fruktbare diskusjonar i møte med tekst. I høve klasseromspraksis og arbeid med tekst vert det potensielt ein forskreva situasjon å skulle ta vare på ei open haldning til alle typar spørsmål i møte med litteratur, samstundes som ein må «styre» diskusjonen inn i fruktbare spor. Det er langt frå sikkert at all slik styring gjev gode resultat i andre enden, men det er verdt å leggje merke til at ein samtale utan nokon form for moderasjon ofte vil ha like liten verdi som ein samtale der ein nyttar streng IRF-pedagogikk.

## 3.0: Teori

*Educators should consider adopting video games as artifacts to be discussed alongside traditional media in subjects like literature, language arts, history, and art, teaching game playing as an argumentative and expressive practice alongside reading, writing, and debating.*

(Ian Bogost, 2008)

### 3.1 Oversyn

I dette kapittelet kjem eg til å ta føre meg teoretiske aspekt relevante for korleis eg har arbeidd med forskingsspørsmålet i avhandlinga. Eg vil gjere greie for ulike syn på kritisk literacy, før eg gjev ei forklaring av frasen «spørsmål som teknologi» eg nyttar som utgangspunkt for undervisningsopplegget i metodekapittelet. Eg vil og sjå på sentrale teoriomgrep som «dialogisk undervisning» (Reznitskaya 2012), «ergodisk litteratur» (Aarseth 1997) og «proseduralretorikk» (Bogost 2008, 2013).

Teorikapittelet motiverer, saman med den innleiande drøftinga, feltarbeidet og metodekapittelet gjennom koplinga til forskingsspørsmålet i avhandlinga: *Korleis kan ein nytte kritiske og utforskande spørsmål til å skape engasjement hjå elevar i arbeid med litteratur?* Der eg set ut for å undersøke korleis ein spesifikk metode kan vere nyttig for å betre vilkåra for læring hjå elevar, ligg det eit premiss om at ikkje alt er som det skal vere. I dette kapittelet kjem eg inn på forsking som samla sett seier at skulen enno i for stor grad er prega av tradisjonell pedagogikk som ikkje heng med i møte med den nemnte revisjonen av læreplanane i faga. I norskfaget og norsklærarar sitt arbeid med litteratur i skulen handlar det, for denne avhandlinga sin del, om at ein heng igjen i det ein kallar tradisjonell IRF-pedagogikk. Læraren *initierer* gjennom meir eller mindre opne spørsmål, elevane *responderer* og læraren gjev *feedback* til elevane sin respons. Denne tilnærminga til klasseromspraksis gjev i liten grad elevar rom for undring og kritisk refleksjon i møte med tekstar, av fleire grunnar eg kjem attende til. I det vidare legg eg òg til grunn at dataspel er litteratur og kan nyttast i klasserommet for å gjere ei kopling mellom ulike typar litteratur, og for å verdsetje elevar sin eigen literacypraksis.

### 3.2 Kritisk literacy

På ei tenkt line mellom fakta og fiksjon, mellom det rasjonelle og det emosjonelle, eller det kalde og det varme, skildrar Rosenblatt (1993) ein polariserande tradisjon i skulen der ein har sett opp skarpe skiljer mellom den faktaorienterte «skulske» lesinga av tekstar, og den indre motiverte, lystbaserte lesinga ein driv med på si eiga tid. Rosenblatt argumenterer for eit kontinuum mellom ulike *stances*, posisjonar, i eit forsøk på å unngå den typen polarisering mellom posisjonar ein har sett tidlegare. Ho nyttar omgrepa *efferent* og *aesthetic* som ytterpunkt der ein som leser må posisjonere seg i høve tekstu; meir presist i høve, dømesvis, sakprosatekstar og skjønnlitteratur. Det efferent-estetiske kontium er eit forsøk på å knyte saman efferent lesing – «[...] involved primarily with analyzing, abstracting, and accumulating what will be retained after the reading» - og estetisk lesing: «[...] focused primarily on experiencing what is being evoked, lived through, during the reading» (Rosenblatt 1993: 383). På ytterpunkt, ei hypotetisk rein lesing som det eine eller det andre aspektet, finn ein vektlegging av samfunnsaspektet og det eksterne på den eine sida, og eit estetisk-orientert individaspekt med introspeksjon som metode på den andre. Som premiss for filosofien sin legg Rosenblatt til grunn ei polarisering, både innan litteraturen og i samfunnet elles, som det er verdt å åtvare mot: «[...] let us avowedly inculcate democratic values as the positive criteria for selecting among choices, whether literary or social, whether stemming from the dominant or a minority culture» (ibid.). Med kritisk orienterte spørsmål som metode for litteraturundervisning, kan elevar sjølv posisjonere seg på det efferent-estetiske kontiumet. Det ein bidreg med i klasserommet kan dimed få sin verdi i kraft av den slagsida ein presenterer for skulen sitt mål om både å øve opp analytiske evner, og å drive fram lesegled.

Case og Daniels (2002) definerer kritisk tenking slik: «Critical thinking involves thinking through problematic situations about what to believe or how to act where the thinker makes reasoned judgments that embody the qualities of a competent thinker.» Ein slik definisjon i høve kritisk literacy er problematisk av di han avgrensar omgrepet meir enn det eg meiner er fornuftig, med innsnevringa i «problematic situations». Kritisk tenking, slik eg ser det, er meir eit utgangspunkt enn ein reaksjon på ein spesifikk situasjon. Case og Daniels legg tyding i omgrepet «kritisk» som inneber opposisjon eller konflikt, noko som gjer omgrepet for snevert for den måten eg ynskjer å bruke det i denne avhandlinga. Det er likevel interessant for denne

teksten å leggje merke til korleis kritisk tenking er eit omgrep ein høyrer i svært ulike kontekstar, ofte med særslig ulik forståing av meiningsinnhaldet.

McLaughlin og DeVoogd (2004) søker å formidle korleis ein kan jobbe systematisk for å drive fram kritisk literacy i skulen. Dei tek utgangspunkt i Rosenblatt sine idear om «stance» – «posisjonar» – i høve lesing, og syner kontrasten til det nemnte efferent-estetiske kontinuum. Syntesen mellom disse to perspektiva på lesing får ein ved å leggje til det kritiske perspektivet, eller kritisk literacy. Då får ein eit kontinuum som kan nyttast til å skildre ulike nivå av lesing. Det efferente perspektivet hjå Rosenblatt handlar om det faktabaserte, medan det estetiske ligg nærmere opp mot det emosjonelle. McLaughlin og DeVoogd forstår det kritiske perspektivet som aktivering av bakgrunnskunnskapar for å kople eigne idear og ideane som kjem fram i teksten (McLaughlin og DeVoogd 2004: 53).

Forfattarane set opp fire prinsipp for kritisk literacy. For det første legg dei til grunn at kritisk literacy alltid vil ha eit element av maktkritikk i seg, og at ein søker å fremje «reflection, transformation, and action» (ibid.: 54). Vidare set dei opp det å problematisere som eit ideal for undersøking av komplekse situasjonar. Forfattarane nemner motivasjon hjå studentar som døme på eit område der enkle forklaringsmodellar kan føre til at ein nyttar behavioristiske tiltak for å auke engasjementet: belønning for arbeid, straff for passivitet. Det å problematisere opnar for å sjå eit komplekst saksbilete som meir enn berre årsak-verknad, og til dømes stille spørsmål med elevane sine tidligare erfaringar, klassemiljø, osv. for å stille meir presise «diagnosar». For det tredje vert kritisk literacy eit dynamisk og kontekstavhengig omgrep. Ein kan, ifølgje forfattarane, ikkje nytte kritisk literacy utan å gjere ei vurdering av situasjonen ein er inne i. Ved å gjere eit arbeid med refleksjon i slike situasjonar, gjer ein også eit arbeid med seg sjølv som proponent for kritisk literacy: «There is a sense of empowerment and confidence in the act of creation that cannot be achieved by copying» (ibid.: 55). Alt arbeid med kritisk literacy vert dimed i prinsippet nybrottsarbeid. Til sist legg forfattarane til grunn at kritisk literacy inneber å utforske fleire perspektiv, til dømes gjennom å sjå på kva for stemmer som manglar i ein tekst, og kva for perspektiv som tapar til fordel for andre. Det er eit perspektiv også Blikstad-Balas tek opp: «Er det viktige tekster jeg *ikke* har tilgang til?» (2016: 30). Ho nyttar Kina sin sensur av Google (og den røynda innbyggjarane får presentert på internett), samt Edward Snowden-saka som døme på makt og tilgang på tekst; døme som føreset ei kritisk haldning til tekstkjelder.

Dei fire perspektiva på kritisk literacy har eit fellestrek: McLaughlin og DeVoogt nyttar ein definisjon på kritisk tenking – «critical stance» – som eit slags synonym på skepsis. Dei les mellom anna Freire og ideen om å «lese orda og jorda» (reading the world and the word) frå eit utgangspunkt om makt og hegemoni. I dømet ein nyttar i teksten, ein brusreklame der unge, pene menneske drikk brusen og reklamerer for han, vert kritisk lesing synonymt med å avdekke eit underliggende motiv i teksten. Det motsette av kritisk lesing vert å godta premissen om at brusen og biletet heng saman i ei årsakskjede (ibid.: 53). Ei slik forståing av kritisk literacy gjev mening, men ho manglar samstundes eit element. Om ein alltid kjem attende til det kritiske i kritisk literacy som skepsis, vert lesinga avgrensa til det ein kan «avdekke» av maktstrukturar, og det ein kan «avsløre» som problematisk eller direkte galt, på same måte som Case og Daniels sine «problematic situations». Ei breiare forståing av kritisk literacy må også ha i seg desse perspektiva, men i tillegg opne for kritisk lesing som ein praksis der spørsmåla i seg sjølv er «teknologien» ein nyttar for å kome fram til ei djupare forståing av tekst. Dette siste inneber ikkje som absolutt naudsynt at ein må stille seg skeptisk til premissen for teksten, eller søke å avsløre kva for maktforhold som dominerer i han. Ein slik skepsis må kome som resultat av gode, opne spørsmål som set lesaren i stand til å dykke ned i materien som ligg føre.

Det ambisiøse målet McLaughlin og DeVoogd skildrar er, trass i kritikken i førre avsnittet, eit ideal i seg sjølv: «Students who engage in critical literacy become open-minded, active, strategic readers who are capable of viewing text from a critical perspective.» (ibid.: 56). Adjektiv som desse er udekt positive og naudsynte for ambisjonen som ligg til grunn for denne avhandlinga. All den tid ein dyrkar den opne, aktive og strategiske lesaren, vil ein per definisjon fremje kritisk tenking.

Fjørtoft freistar på si side å definere kritisk lesing/kritisk literacy som evnen til å jobbe grundig med og forstå tekster, og å kunne «[...] stille granskende spørsmål til dem.» (2014: 85). Det er ein operasjonelt fornuftig måte å nærme seg stoffet på, men samstundes opnar ikkje ein slik definisjon for ei breiare drøfting av omgrepet i seg sjølv. Blikstad-Balas (2016) har på si side ein definisjon av omgrepet som gjev rom for fleire perspektiv. Ho argumenterer for at kritisk literacy handlar om å halde eit kritisk blikk på premissar som vert realisert i ulike tekstar, og definerer omgrepet slik:

*Kritisk literacy innebærer dermed å kunne møte tekster med motstand og kritikk, og å kunne gjenkjenne underliggende holdninger, motiver og ideologier. Videre innebærer*

*kritisk literacy å være i stand til å stille spørsmål ved hvem sin versjon av kulturelle, historiske og samtidsforhold som blir ansett og fremstilt som offisielle sannheter (29-30).*

Blikstad-Balas knyter og kritisk literacy til forståinga av literacy som tilgangskompetanse, eit omgrep som finn sitt opphav hjå Bjørn Kvalsvik Nicolaysen (2005). Der ein, derimot, tradisjonelt har sett på literacy som *tilgang* til tekstkulturar, snur Blikstad-Balas på metodikken og legg vekt på spørsmål som søker å avklare kva ein *ikkje* har tilgang til (ibid.). I tillegg peiker ho på den doble rolla skulen har i arbeid med kritisk literacy: På den eine sida er det viktig å øve opp elevar si evne til å, til dømes, «[...] lete etter underliggende ideologier i tekst [...]» (ibid.: 31). På den andre sida må skulen òg legge til rette for at elevane kan vere kritiske til skulen sine eigne tekstar, til dømes i fag som religion. White (2009) er kritisk til ein slik tankegang, og til kritisk literacy som konsept. Han skuldar kritisk literacy for å vere eit politisk prosjekt med sosial endring som mål. Med eit slikt mål for auge, skapar ein elevar som i ytste konsekvens vil kome til å kritisere sjølve systemet dei er del av, og som lærarane jobbar innanfor. Dette spørsmålet tek også Torres opp i samtale med Paolo Freire (i McLaren og Lankshear, 1994). På systemnivå er Freire einig med White i at ei utviding av den demokratiske horisonten hjå elevar inneber risiko for dei som sit med makta: «So, obviously, a power elite will not enjoy putting in place and practicing a pedagogical form of expression that adds to the social contradictions which reveal the power of the elite classes.» (ibid.: 104). Med den pågåande revisjonen av læreplanane i dei einskilde faga i norsk skule, i tillegg til innføringa av ny overordna del, har norsk skule tydeleg posisjonert seg på line med Blikstad-Balas med det ein nærmast kan kalle ei programerklæring for kritisk literacy i norsk skule: «Kritisk literacy bør både utøves og utvikles i alle fag, fordi ingen fagtekster kan formidle kunnskap på en nøytral måte. Dette er noe elevene bør gjøres oppmerksomme på.» (Blikstad-Balas 2016: 31). Med andre ord: Norsk skule søker å danne elevar som evnar å handsame kunnskap på ein kritisk og reflektert måte, og det omfattar også eit kritisk blick på faga i seg sjølv.

### 3.3 Gode spørsmål som «teknologi» i kritisk literacy-arbeid

Med utgangspunkt i avgrensinga av literacy-omgrepet inn mot kritisk literacy og den forståinga eg legg til grunn, vil eg i det vidare kome inn på min eigen posisjon i høve arbeid med litteratur i norskfaget. Eg vil knyte kritisk literacy opp mot evna til å stille gode, kritiske spørsmål til


tekstar i skulen. Det å stille spørsmål, rekna som dugleik, er sentralt for kritisk literacy slik eg nyttar omgrepet pedagogisk. Medan den operasjonelle dimensjonen ved spørsmål i klasserommet vert drøfta i metodekapittelet, kjem eg her til å drøfte det teoretiske grunnlaget eg nyttar som utgangspunkt. Eg vil sjå nærmare på Blau sin idé om litteraturlaboratoriet som undervisningspraksis i Fjørtoft (2014), omgrepet *inquiry* hjå Whitney et al. (2008), samt Gee (2007) sine tankar om *situert læring* i høve arbeid med dataspel.

Eg nyttar i denne avhandlinga frasen «spørsmål som teknologi» som bilete på klasseromspraksis der ein systematisk flyttar initiativet og ansvaret for å setje i gong den litterære samtaLEN over til elevane. Kritisk orienterte spørsmål, som gjerne byrjar med spørjeordet «kvifor», har til felles at dei alle vil plassere seg på Rosenblatt sitt efferent-estetiske kontinuum. Skilnaden mellom det efferente og det estetiske handlar om i kva grad ein er oppteken av det faktaorienterte som kan isolerast i tekstlesinga, eller om ein legg vekt på subjektive og/eller metakognitive aspekt ved teksten. «Kvifor»-spørsmål ber i seg begge omsyna. I fyrste omgang vil inngangen til å stille spørsmål gjerne handle om ei estetisk grunna nyfikne. I neste ledd kan ein nytte den låge terskelen det er å stille eit spørsmål til å utforske læringspotensialet inn mot det efferente perspektivet i lesinga. I alle høve vil «spørsmål som teknologi»-metoden vere eit steg vekk frå tradisjonell IRF-pedagogikk, i det at ein opnar for heilt ulike inngangar til teksten frå eitt klasserom til eit anna.

Barton (2007) hevdar at all undervisning i botnen er kritisk, all den tid ho inneber å *undervise* nokon inn i ein kultur for rasjonalitet, evaluering og tankeverksemd. (Barton 2007: 28). Men når all undervisning er kritisk, er samstundes inga undervisning kritisk. Barton distanserer seg frå ei slikt altomfattande forståing av konseptet *kritisk literacy* ved å dekonstruere omgrepet og setje det under lupa for å utvikle ein eigen literacydiskurs der ein kan diskutere literacy i lys av bruk i samfunnet. Vidare, og meir interessant for drøftinga vår, viser Barton til mellom anna Giroux når han skriv at kritisk literacy kan koplast til kritisk teori, som freistar å forklare storleikar kring «[...] the nature of knowledge which emphasize how social structure affects individuals, and describe the inequalities in access and power which constrain what people can do with their lives.» (ibid.). Med litteraturundervisning som studieobjekt kan ein flytte fokus frå ei fag- og lærarorientert undervisning til eit elevperspektiv der kritiske og reflekterande spørsmål vert sentrale for å oppnå reell djupnelæring i arbeid med skjønnlitteratur.

Reznitskaya (2012) kritiserer tradisjonell “recitation»-pedagogikk og «monologic instruction», og identifiserer ein motpol i det ho kallar det dialogisk orienterte klasserommet. I omtala av dialogisk klasseromspraksis viser Reznitskaya til Alexander (2008), Paul (1986) og Vygotsky (1968). Ho definerer dialogisk undervisning som ein aktivitet, med elevar «[...] collectively engaging in a generation and evaluation of new interpretations of text» (Reznitskaya 2012: 446). I det dialogisk orienterte klasserommet er læraren si evne til å stille gode spørsmål det viktigaste.

Reznitskaya viser til Alexander (2008), Billings & Fitzgerald (2002), Mercer & Littleton (2007), Nystrand et al. (2003) og Soter et al. (2008), og set opp seks kjenneteikn på dialogisk orienterte klasserom (sjå figur 1): For det fyrste er maktrelasjonane i eit slikt klasserom fleksible. I eit monologisk orientert klasserom, der makthøva er tradisjonelt orienterte, er læraren «[...] the only authority [...]» (ibid.: 451). Elevane vert respondentar i eit system som legg til grunn at det finst sanningar, og at målet vert å avdekke desse. For det andre er dialogen i eit klasserom av denne typen prega av opne spørsmål. I tillegg til nummer tre og fire, «meiningsfull og spesifikk feedback» og «evne til metarefleksjon», finn ein samla sett mandatet for innfallsvinkelen eg har nytta i denne oppgåva med kjenneteikn fem og seks: «grunngjeving» og «samskaping».



Figur 1: Reznitskaya sine seks kjenneteikn på «[...] key verbal behaviors and practices that characterize dialogic teaching» (Reznitskaya 2012, mi omsetjing).

Med kjenneteikn nummer to, opne spørsmål, skil Reznitskaya seg frå måten eg har valt å organisere undersøkinga i denne avhandlinga, i den forstand at ho legg ansvaret for å formulere gode, opne spørsmål på læraren. Ho kjem imidlertid attende til eg mellomposisjon i det sjette kjenneteiknet på dialogisk orienterte klasserom, der samskaping (collaboration) vert skildra som eg føresetnad for gruppegenerert læring: «Participants in a dialogic discussion collectively formulate, defend, and scrutinize each other's viewpoints, negotiating and constructing new meanings» (ibid.: 448).

Det femte kjenneteiknet, grunngjeving, tek føre seg spørsmål som pedagogisk nytta teknologi i klasserommet, der elevar «[...] continually address the questions of «Why?» and «How?»» (ibid.: 448). Skilnaden mellom det Reznitskaya legg fram som sentrale kjenneteikn på det

dialogisk orienterte klasserommet, og det eg undersøker i denne avhandlinga, er i praksis at eg søker å involvere elevane i enno større grad ved å gjere dei til produsentar av slike «Why?» og «How?»-spørsmål. Ein kan innvende mot ein slik tanke at det å leggje ansvaret for substans i klasserommet vert ei relativisering av undervisninga, i tråd med Alexander (2015) sin kritikk av amerikansk skule. Ein pedagogisk praksis som flyttar makt og autoritet på ein slik måte, vil krevje lærarar som er merksame på krafta som ligg i den gode dialogen. Når elevane stiller gode, kritisk orienterte spørsmål, må ein som lærar kunne følgje opp «[...] asking for justification, challenging, or prompting for evidence» (Reznitskaya 2012: 447). Frå den tradisjonelle IRF-metodikken går det eit skarpt skilje mot Reznitskaya og det dialogiske klasserommet, men i høve Freire og ideen om emansipasjonspedagogikken kan ein diskutere om makta vert flytta langt nok til å generere reell læring. Denne avhandlinga vil undersøkje om kritisk orienterte spørsmål som ei form for teknologi i klasserommet kan leggje høva betre til rette for djupnelæring i litteraturundervisninga.

Whitney et al. (2008) syner skilnaden mellom to lærarar sin undervisningspraksis i California, med omsyn til korleis dei la til rette for det forfattarane kallar *inquiry*. Som omgrep er ikkje *inquiry* spesielt enkelt å setje om, men ein kan forsøke å nå eit delvis ekvivalent nivå ved å nytte det norske ordet *refleksjon*, som frå eit lærarperspektiv handlar om korleis ein tek eit metaperspektiv på undervisning:

*Engaging in inquiry means not only learning practices recommended by others or perfecting the practical execution of a set of teaching strategies but, rather, theorizing about teaching and learning in a way that then frames future interpretation and decision-making.* (Whitney et al. 2008: 205).

Vidare viser forfattarane til Cochran-Smith og Lytle (2001), som identifiserer profesjonell utvikling frå eit lærarperspektiv der ei nærmast konstant undersøking av eigen klasseromspraksis vert idealet for ein kvar lærar. Dette er òg i tråd med det Reznitskaya (2012) tek til orde for. Dette vert igjen relevant for denne avhandlinga sin del av di det ein søker i det skjønnlitterære klasserommet er å gjere elevar i stand til å stille spørsmål ved eigen praksis og eigne oppfatningar, og deretter gjere refleksjonar som bidreg til djupnelæring. Eitt av verktya for slik praksis er «spørsmål som teknologi»-metoden eg nyttar i denne avhandlinga, som er inspirert av Blau og The Literature Workshop.

I Fjørtoft (2014) vert Blau sitt bidrag til skjønnlitterær undervisningspraksis skildra som arbeid med «[...] balansen mellom utviklingen av elevens kompetanse og bevaringen av teksten som betydningsbærende kunstverk.» (197). I høve den innleiande diskusjonen kring *arkivering* og *aktuallisering*, vil det vere enkelt å argumentere for både syna med stønad i slike sitat. Blau er oppteken av læraren si rolle som fortolkar, og kjem med kritikk av klasserommet som ein arena der elevane «[...] enten kan eklære seg enige i lærerens tolkning eller avvise den.» (ibid.) Blau argumenterer for å søke mot eit bytte av rollar, mot eit klasserom der litteraturundervisninga freistar å dyrke elevsentrering, samarbeid og prosess som ideal, og der klasseromspraksisen ber preg av fellesskapstenking i høve utvikling av litterære lesedugleikar eller tankemønster (ibid.: 198). Litteraturlaboratoriet vil slik bli eit rom der elevane vert engasjerte som deltagarar i eit fellesskap, og der spørsmål som metode driv fram kunnskap om tekst. Ideelt sett vil ein då, på sikt, skape elevpraksis som intuitivt dykker ned i dei gode spørsmåla, både for å finne mening, men og for å utfordre eigne oppfatningar og idear. Læraren si rolle som fasilitator for arbeid med skjønnlitteratur i klasserommet vert då eit tydeleg skifte frå kritisk forvaltar til kurator.

Gee er oppteken av læring som tre aspekt: «[...] situated, experiential, and embodied [...]» (2007: 73). Han hevdar at læring skjer gjennom erfaring i konkrete situasjonar, der føregåande erfaringar speler inn og gjer det mogleg å agere i tråd med utfordringa som ligg føre. All erfaring skapar språk som abstraherer erfaringa inn i til dømes metaforar og metaspråk, og Gee gjer eit poeng ut av at dette og gjeld for læring i skulen. Born ber med seg ei språkforståing heimefrå når dei kjem inn i skulesystemet. Denne forståinga kallar Gee *primærdiskurs*. Skulen, på si side, opererer innanfor *sekundærdiskursar*, som er «[...] langt mer spesialiserte og tilpasset ulike arenaer» (Blikstad-Balas 2016: 40). Diverre, skriv han, vil tradisjonell skulepraksis ofte handle om å meistre metaspråket, medan mange elevar ikkje opplever meistring av di dei ikkje har konkrete situasjonar, erfaringar eller kjensler dei kan knyte dette språket til. Hjå Gee vert dataspel ein teksttype som tek opp i seg desse tre aspekta, og som dimed gjer læring til noko meir enn «[...] generalizations, principles, rules, abstractions, and logical computations.» (ibid.: 71). Med andre ord: Dataspel er ein arena som oppmodar til situert og erfaringsbasert læring der spelaren kan meistre både mekanikk og metaspråk på ein gong, samt vere kritisk til den forståingsramma hen opererer innanfor.

Det kritiske synet på ideologi, sjanger, argumentasjon og verdssyn med briller Gee legg til grunn som viktig for læring, kallar han for «semiotic domains», eller semiotiske felt. Slike felt er, i følgje Gee, «[...] an area or set of activities where people think, act and value in certain

ways.» (19). Med dette omgrepet kjem Gee tilsynelatande i konflikt med Street og motstanden mot *wait for critique*-tilnærminga til sjangerkritikk, som ein til dømes finn i den australske sjangerskulen. Hjå Gee er det på den eine sida eit poeng å vite noko om både felt og sjanger, men òg om den sosiale praksisen dette føltet eller sjangeren er ein del av. I eit dataspel vert lesaren del av ein sosial praksis med rammer for akseptabel praksis, på same måte som ein blir det i livet elles. Nyttar ein omgropa *primær-* og *sekundærdiskurs* også her, kan ein argumentere for at det finst eit potensiale for vekselvirkning mellom ulike typar litteratur – frå tradisjonelle papirtekstar til dataspel – om ein nyttar erfaringar frå eitt semiotisk domene til å få innpass i eit anna. I denne avhandlinga ønskjer eg å sjå om «spørsmål som teknologi»-metodikk kan vere bindeleddet mellom den akademiske sekundæriskursen og den individuelt betinga primæriskursen i høve arbeid med litteratur.

Gee definerer personar som er opptekne av same ting innanfor same semiotiske domene som *affinity groups* (2007: 27). Ei slik gruppe vil på den eine sida leggje føringar for kva som er akseptabel praksis innanfor eit semiotisk domene, gjennom det innhaldet som vert produsert og deltakarane sine sosiale, historiske og kulturelle utgangspunkt. Samstundes har også domenet i seg sjølv innverknad på den sosiale interaksjonen som speler seg ut innan ei slik gruppe, slik at det resiproke samspelet, som med andre område av livet, både fører til brot og kontinuitet (ibid.: 28). Ei *affinity group* vil ha forståing for dei etablerte normene for sosial praksis innan eit semiotisk domene. Denne kompetansen kallar Gee for *design grammar* (ibid.), og kompetente deltakarar vil både ha internalisert normene og samstundes kunne identifisere brot på dei. For Gee er det viktig å nytte omgrepet *design grammar*, av di ein i høve diskusjonar kring dataspel må vere merksam på at nokon har gjort medvitne val då spela vart laga. Eg kjem attende til ein diskusjon rundt slike medvitne val seinare i teksten, i samanheng med ideane til Bogost (2008) kring proseduralretorikk.

Eit anna omgrep som står sentralt hjå Gee er *critical learning*. I forlenginga av at ein opparbeider seg kompetanse innanfor eit semiotisk domene, gjerne som deltakar i ei *affinity group*, vil ein nå eit nivå som læringsmessig korrelerer med det denne avhandlinga freistar å ta føre seg. Gee tek opp påstanden «dataspel er bortkasta tid», og legg fram ein kontradiksjon i fire punkt der kritisk læring speler ei viktig rolle med følgjande premiss som utgangspunkt:

For å drive med kritisk læring må eleven vere i stand til «[...] consciously to attend to, to reflect on, critique, and manipulate those design grammars at a metalevel. That is, the

learner must see and appreciate the semiotic domain as a *design space*, internally as a system of interrelated elements making up the possible content of the domain and externally as ways of thinking, acting, interacting, and valuing that constitute the identities of those people who are members of the affinity group associated with the domain.» (2007: 31-32).

Aktiv kritisk læring gjennom dataspel vil handle om erfaringsbasert læring om verda, om sosiale interaksjonar med *affinity groups*, om forlenga læring gjennom dei semiotiske domena dataspelet tangerer, og om å forstå korleis semiotiske domene fungerer (proseduralretorisk eller designgrammatisk) for å engasjere og/eller manipulere. Eit sentralt spørsmål vert dimed om ein kan overføre alle eller nokre av desse elementa til litteraturen sitt domene, der litterær analyse vert eit slags semiotisk domene og der eleven vert del av ei skjønnlitterær *affinity group*.

Det kan synast som ei rimeleg ambisiøs oppgåve å gjere elevar til del av ei *affinity group* med oversyn over designgrammatiske høve i skjønnlitterære sfærar. Samstundes har arbeidet til mellom anna Gourvennec (2016), som eg kjem attende til, synt at elevar gjerne vil etterlyse rom for tolking og utprøving som tangerar Gee sine semiotiske domene og designgrammatikk. Også Bogost (2008) har ei stemme her, i legitimering av dataspel som tekst der dei frie romma spelar ei sentral rolle. I feltarbeidet knytt til denne avhandlinga freistar eg å gjere koplinga mellom desse typane tekst, først og fremst for å opne for ein annan innfallsvinkel til arbeid med litteratur i klasserommet, men og for å legge til rette for eit slags utvida semiotisk domene. Ein kan sjå tradisjonell undervisning i litteraturklasserommet som ei hindring for utvikling av slike *affinity groups*, all den tid ein i liten grad legg til rette for korkje samskaping eller djupnelæring.

### 3.4 Engasjement

I forlenginga av ei drøfting kring *affinity groups*, er det naudsynt å seie noko om *engasjement* som kontrast og partner til det kanskje meir uklåre *djupnelæring*, eit omgrep som per no er gjenstand for semantisk dragkamp mellom ulike miljø. Forskingsspørsmålet i denne avhandlinga set fram engasjement som det ein ynskjer å skape, ikkje utan grunn. Koplinga mot det meir fundamentale og langtvirkande i læringsarbeidet, det som vert skildra som djupnelæring, føreset elevar som, med Freire, ikkje opererer som passive krukker ein kan putte kunnskap ned i. Når det gjeld djupnelæring har eg nytta tidsaspektet skildra i Stortingsmelding 28 som utgangspunkt for det eg vil undersøke i avhandlinga mi, medan andre legg vekt på

djupnelærings som naturleg konsekvens av ei «slanking» av læreplanane i høve det pågående fagfornyingsarbeidet. Eg har og nytta Pellegrino og Hilton (2012) sin definisjon, som meir tydeleg legg vekt på kunnskap som ein overførbar storleik. Engasjement, på si side, har eit umiddelbart preg. Ein engasjert elev er ikkje berre til stades fysisk i klasserommet, men er engasjert gjennom deltaking i noko som gjev meining der og då, og som krev investering av tid og innsats. Når eg har formulert forskingsspørsmålet i denne avhandlinga med vekt på både det synkrone og det diakrone, er det av di ein slik innfallsvinkel til læringsituasjonen korleis det eine er avhengig av det andre. Det umiddelbare engasjementet i ein læringsituasjon er ikkje berre ønskeleg for å skape djupnelærings; det er eit premiss for slik lærings.

Det kan vere ei utfordring å gje ei adekvat forklaring av kva ein legg i engasjement som både noko umiddelbart i ein klasseromssituasjon og samstundes noko gjennomgåande og vedvarande. I denne avhandlinga ser eg etter teikn på engasjement som resultat av både det utvida litteraturomgrepet som femner både tradisjonelle papirtekstar og dataspel, samt som resultat av skiftet frå tradisjonell litteraturundervisning til elevproduserte kritisk orienterte spørsmål i klasserommet. I analysedelen av denne avhandlinga kjem eg inn på ulike funn, både i klasserommet, i arbeidet med dataspillet «Gone Home» og i gruppeintervjuet etterpå, som på ulike måtar syner engasjement i ulik form.

Med kritisk orienterte spørsmål som «teknologi» i klasserommet, kan ein vone å flytte målet for elevar sitt engasjement over frå å handle om neste vurderingssituasjon, til Gourvennec sitt litteraturfaglege praksisfellesskap. I det vidare kjem eg til å gå inn på teoretiske omsyn ein har gjort i høve litteraturundervisning, mellom anna Rosenblatt sitt efferent-estetiske kontium som opnar for eit breiare engasjement hjå elevar. I tillegg kjem eg inn på spelteoretiske poeng som tener både det umiddelbare og det langsiktige, djuptgåande arbeidet med tekst.

### 3.5 Gamification

Det er naudsynt å gjere ei avklaring av eit sentralt spelteoretisk omgrep som denne avhandlinga *ikkje* har som studieobjekt, nemleg «gamification». Grunnen til at det er viktig, er at omgrepet representerer noko fundamentalt anna enn det eg har undersøkt i feltarbeidet mitt. Der eg, på mi side, ser på korleis ein kan nytte kommersielle dataspel didaktisk i litteraturundervisning, handlar «gamification» primært om korleis spelmekaniske element kan nyttast innan pedagogiske rammer.

Oxford English Dictionary definerer «gamification» som «The application of typical elements of game playing [...] to other areas of activity [...]. Ein slik definisjon er dekkjande for den kontrasten som finst mellom «gamification» og min eigen innfallsvinkel til bruk av dataspel i undervisninga. I prinsippet vil alle former for belønning sett inn i ein klasseromssituasjon vere døme på «gamification». Frå smilefjes i skriveboka for dei aller minste til premie for den eleven som vinn læraren sin Kahoot!: Element frå spel var ein del av skulen lenge før datamaskinen var oppfunnen.

Det «gamification» *ikkje* dekkjer som omgrep, er bruken av dataspel som eit eksternt medieuttrykk, *ikkje* utvikla for skulebruk, i ein læringssituasjon. Forstått slik, underkommuniserer ein spelementa utan å fjerne dei frå den fagdidaktiske vurderinga. Eg kjem inn på Aarseth (1997) og Bogost (2008) sine teoriar kring spel og pedagogikk i neste del, og for å forstå kva ein legg vekt på, er det naudsynt å forstå at spelmekaniske element er ein del av det pedagogiske omrisset, samstundes som spelementa i seg sjølv *ikkje* vert flytta frå ein kontekst til ein annan. På same måte som ein nyttar til dømes spelefilm i klasserommet utan å eksportere filmatiske verkemiddel til sjølve undervisningssituasjonen, skil min bruk av dataspel seg frå «gamification» i det at eg nyttar speluttrykket som ein heilskap for å skape, med Gee, eit allereie nemnt bindeledd mellom elevar sin primærdiskurs og den skulske sekundærdiskursen knytt til litteraturundervisning. Sagt på ein annan måte: Der gamification handlar om å rette inn undervisninga mot dei kjenneteikna ein finn i spel, handlar min bruk av spel om å nyttiggjere seg dei pedagogiske fordelane ein finn i spel som kulturuttrykk og som litteratur.

### 3.6 Ergodisk litteratur

I innleiinga til «Cybertext. Perspectives on Ergodic Literature» (1997) drøftar Espen J. Aarseth labrinten som metafor for organisering av narrative tekstar. Han viser til Doob (1990), som skil mellom to sentrale labrintstrukturar: «[...] the unicursal, where there is only one path, winding and turning, usually toward a center; and the multicursal, where the maze wanderer faces a series of critical choices, or bivia.» (Aarseth 1997: 5-6). Den fyrste var i sin natur *lineær*, medan den andre, forgreinande strukturen som me kjenner som prototypen for labrintar i dag, for alvor kom inn i kunsten i Renessansen. Før dess var begge typane labrintar som *konsept* i

seg sjølv fullgode metaforar for tekst, både «[...] a difficult, winding, but potentially rewarding linear process *and* a spatial, artistically complex, and confusing artifact [...]» (ibid.: 7). I dag vil me sjå på det «labyrintiske» og det lineære som to inkompatible strukturar. Det har innverknad på Aarseth sitt omgrep *ergodisk litteratur*, som står sentralt i denne oppgåva av di ein kan sjå på dataspel som ein tekstopraksis som krev personleg investering, noko eg kjem attende til. Samstundes er labyrintmetaforen ein høveleg inngang til ein diskusjon kring literacy og lesing.

Aarseth er oppteken av narrative forgreiningar, og skriv om dataspel som ein eigen type narrativ. Eg legg i denne avhandlinga til grunn at dataspel kan vere litteratur, i tråd med Barton (2007) si økologiske tilnærming til literacy. Kontakt med skriftkultur og lesepraksis i ulike former vil gjere det mogleg for elevar å lære på kvar og ein sine premiss. Ved å la litteraturomgrepet femne om fleire tekstoppar kan ein verdsetje elevar sin eigen literacypraksis i arbeidet med litteratur i skulen, og samstundes aktualisere klassiske tekstar. Ein kan kanskje snakke om eit paradigmeskifte i høve tekst, noko det er verdt å merke seg at Aarseth åtvarar mot. I utforminga av omgrepet *ergodic literature*, altså litteratur som krev ei djupare investering eller involvering frå lesaren, minner Aarseth om at ein kan falle i dei klassiske revolusjonære fellene, «[...] with the usual risks of backfiring and ending up as a mirror image of the previous regime.» (1997: 182). Ny skriftkultur vert til slutt etablert skriftkultur, med sine dogme og hegemoni. Ein kan med dette utgangspunktet lese mellom anna Gee både som forvaltar av ein type ny hegemoni, men samstundes som ein representant for eit læringssyn der ein, med Barton sine ord, verdset elevane ei eiga lesing.

Denne avhandlinga undersøker om ein kan skape engasjement ved å nytte kritisk orienterte spørsmål som metode i litteratarbeid. Det utvida tekstromgrepet opnar for ulike innfallsvinklar til forskingsspørsmålet i avhandlinga, til dømes i valet av ulike typar tekstar, medan målet vert å nytte kritisk literacy til å stille gode spørsmål som fremjar engasjement og djupnelæring hjå elevane. Med Aarseth (1997) kan ein syne skilnaden mellom dei to tekstoppane som vart brukt i feltarbeidet som ligg til grunn for drøftingsdelen i avhandlinga. Aarseth skil mellom cybertekstar og tradisjonelle narrative tekstar, mellom anna med omgrepet «*ergodic literature*». Omgrepet har opphav i dei greske orda *ergon* og *hodos – arbeid* og *sti* – og legg vekt på lesaren si involvering i teksten. Der den tradisjonelle lesaren er ein lesar, ikkje ein deltagar – «Safe, but impotent» (ibid.: 4) – er lesaren av ein cybertekst ikkje like trygg. Val ein tek i cybertekstar, dataspel til dømes, krev involvering på eit anna nivå enn i tekstar ein møter som tradisjonell, distansert lesar. Ein lesar av cybertekstar vil potensielt kunne investere seg sjølv og si historie

i teksten, på same måte som ein kan med papirtekstar, men i tillegg kan ein ofte påverke historia ein følgjer, og kanskje oppleve eit engasjement som er *annleis* (ikkje av den grunn *dårlegare*) enn i ein tradisjonell tekst.

Aarseth legg til grunn eit berande prinsipp for cybertekstar: Merksemda ligg hjå lesaren. Ein lesar som kan investere seg sjølv i teksten, er ein lesar som kan kjempe med teksten «[...] not merely for interpretative insight, but also for narrative control.» (ibid.). I pilotarbeidet som ligg til grunn for feltarbeidet til denne avhandlinga har eg nytta novella «Togsong» av Frode Grytten (2001, frå novellesamlinga *Popsongar*) og dataspelet «Gone Home» frå spelfirmaet The Fullbright Company (2013). Eg har i denne avhandlinga nytta eit dataspel som studieobjekt, både fordi det held seg innanfor definisjonen av *tekst* slik me har fastlagt han i denne oppgåva, men viktigast av alt i høve ei pedagogisk vurdering knytt til literacy-omgrepet: Barton (2007) sin definisjon av literacy er økologisk. Det tyder at læring er noko som skjer til alle tider og alle stader, og er uavhengig av situasjon. For skulen sin del kan ein nytte denne definisjonen til å grunngje bruk av elevar sin eigen literacy-praksis inn i skulediskursen. Til dømes er det her ein kan føre argument for dataspel som relevant i litteraturundervisninga. Som del av ei drøfting av kritisk literacy kan ein seie at kritisk lesing inneber å posisjonere seg i møte med ein tekst med utgangspunkt i sitt eige verdsbilete, sine eigne erfaringar og si eiga tid. Også Bogost (2008) skriv om legitimering av spel i skulen. Han hevdar at ein skil skarpt mellom konsepta *spel* og *læring*, der fyrstnemnte er noko born driv med og i eit lengre perspektiv kjem til å slutte med: «Play is often considered a children's activity, a trifle that occupies or distracts kids and which they eventually grow out of, turning to more serious pursuits.» (2008: 120). Bogost nyttar skiljet mellom undervisning i klasserommet og leiken i friminuttet som døme, og hevdar vidare at konsekvensen av eit slikt syn vert at spel får status som *distraksjon* medan læring står att som det *alvorlege* og viktige: «Understood in this way, play is a distraction useful only to let off the necessary steam to allow kids (or adults) to get back to the serious business of learning (or working).» (ibid.). Eg kjem attende til Bogost om litt, men førebels er det interessant å leggje merke til det utvida synet hans på omgrepet *spel*. Bogost viser først til Salen og Zimmermann (2004): «Play is the free space of movement within a more rigid structure.» (ibid.). Alle rammer, i alle samanhengar, vil dimed skape «frie rom» som opnar for spel. Dette synet korrelerer til dels med Aarseth (2015) sitt syn på dataspel, som metonymi for *data + spel*, altså programvare (som ramme) og spel som det frie rommet kapsla inn av ei slik ramme.

### 3.7 Intrigue, intrigant og intriguee

Innan ei slik ramme identifiserer Aarseth tre instansar: *intrigue*, *intrigant* og *intriguee* (1997: 111). Han kontrasterer cybertekstar og spel med Iser sin idé om narrativ som konvergens mellom tekst og lesar. For den ergodiske litteraturen sin del, er det naudsynt å snu på rekkefølgja og sjå på plot som eit resultat av lesaren sitt arbeid med ei rekkje potensielle historier, jamfør labyrinthmetaforen.

Aarseth introduserer omgrepene *intrigue*, og definerer det som eit strukturerande element i cybertekst (ibid.: 112): «Intrigue constitutes a multidimensional event space and unfolds through the negotiation of this space by text and user.» (ibid.: 114). Som *ergodisk intrigue* må ein tekst av denne typen ha meir enn ei løysing, og dei må vere avhengig av vala til lesaren eller spelaren. Ein kan diskutere om dataspelet «Gone Home» opererer med ei eller fleire løysingar, men eg vil argumentere for det siste av di det er arbeidet lesaren/spelaren gjer som opnar for tolkingsrom i ei historie med ein open slutt.

Omgrepa *intriguee* og *intrigant* forklarer på si side deltakarane i teksten. *Intriguee* vert forstått som samanstillinga mellom spelaren og avataren. Aarseth legg vekt på at identifiseringa mellom lesaren/spelaren og avataren i eit spel, ikkje direkte kan samanliknast med forholdet mellom ein lesar og til dømes ein hovudperson i ein roman. Til det er investeringa desto større i ergodisk litteratur, og Aarseth samanliknar eit slikt forhold med å ta opp att ei god bok, «[...] the way we reread a great a complex novel.» (114).

*Intrigant* er ein posisjon i cyberteksten som liknar på forteljarstemmen i ein roman. Men i staden for å ta rollen som forteljar, vil ein *intrigant* operere som *forhandlar* og opponent til ein *intriguee*. Dette heng sjølvsagt saman med *intrigue*-omgrepet, og ideen om cybertekst som avhengig av vala til lesaren. Der ein tradisjonelt har eit avgrensa, definert plot der forteljarstemmen vert del av den organiserande strukturen, kan ein ikkje nytte same struktur på tekstar som flytter ansvaret for historieforteljing frå ein forteljar til ein lesar. Det kanskje beste dømet på eit slikt skifte finn ein i *The Stanley Parable* (TSP). Dette dataspelet kom ut i 2011, og er ein modifikasjon av skytespelet *Half-Life 2*. Det er ingen våpen i TSP, slik ein finn i

oppføvsserien *Half-Life*, men i staden er heile spelet ei utforsking av maktforskyving mellom intrigant og intriguee.

I The Stanley Parable møter me Stanley, som jobbar på eit kontor i ein stor bygning. I staden for å møte ein travel arbeidsplass når han kjem til kontoret, sit plutselig Stanley åleine i bygget ein dag. Alle er borte. Alt som er att, er forteljarstemmen som fortel om Stanley frå ein autoral og (tilsynelatande) allvetande synsvinkel. Stemmen fortel Stanley i preteritum, samtidig som spelaren kontrollerer Stanley i presens. Denne diskrepansen går over i konflikt så snart Stanley kjem til eit rom med to opne dører. Idet Stanley kjem inn i rommet, har forteljarstemmen allereie slått fast at Stanley *valde døra til venstre*, medan dette valet enno er opent for spelaren. Frå dette punktet startar eit spel som utforskar makthøve mellom to instansar i totalt 21 ulike episodar, avhengig av kva for val spelaren gjer i møte med dører, trappeoppgangar (eller - nedgangar), og på/av-knappar. Etter kvar episode «loopar» spelet attende til Stanley sitt kontor, og ein finn aldri eit koherent plot som strukturerer historia.

I spel som TSP må ein aktivt ta stilling til makthøva – det er ein føresetnad for i det heile å kunne spele. Bogost sitt «frie rom» er særskilt relevant for The Stanley Parable, av di ein som spelar ikkje bere får tilgang på eit handlingsrom innan ein rigid struktur; ein vert nøydt til å forhandle dette rommet med ein intrigant som jamvel står fram som ven og alliert, og ved andre høve som trugsmål og opponent. Spelet blir dimed, med Bogost, ei utforsking av «the possibility space of a set of rules» (2008: 136).

### 3.8 Spelmekanikk som argument om verda

Bogost introduserer omgrepet *procedural rhetoric* i «The Rhetoric of Video Games» (2008). Det fell naturleg saman med Aarseth sitt *intrigue*-omgrep av di det seier noko om korleis spelmekanikk er organisert ikkje først og fremst med plotorientert narrativ i sentrum, men med procedural rhetoric - *proseduralretorikk* frå no av - som verkty for å påstå noko «[...] about the cultural, social, or material aspects of human experience.» (Bogost 2008: 123). Forfattaren nyttar fleire døme på dataspel der spelmekanikken i seg sjølv agerer som ein type retorisk motor som gjer spelaren merksam på haldningar til verda rundt. Spelmekanikken vert dimed ei retorisk øving som krinsar rundt «[...] procedural representations that make arguments about systems in the world.» (ibid.: 136).

I spelet Animal Crossing, til dømes, finn Bogost kritikk av forbrukskapitalisme i figuren Tom Nook, som har monopol på forretningslivet ein som spelar må nytte for å byggje opp sitt eige liv i historia. Ein set som spelar ut for å byggje opp eit hus, bytte varer og i praksis lage seg eit virtuelt liv. I prosessen må ein, som for dei fleste i det verkelige liv, ta opp lån for å finansiere sin fyrste bustad. Gjelda ein akkumulerer kan ein betale ned på, men etter kvart som ein speler og får tilgang på fleire gjenstandar, får ein valet mellom å betale ned på lånet eller ta opp ny gjeld for å byggje på huset ein eig. I mellomtida vert Tom Nook, «[...] a condensation of the corporate bourgeoisie» (ibid.: 119), rikare og får høve til å utvide sin enkle landhandel til eit fullskala kjøpesenter.

Bodskapen knytt til handel, gjeld og fordeling av rikdom er ikkje eksplisitt uttrykt i Animal Crossing, slik det metanarrative aspektet ved The Stanley Parable vert uttrykt gjennom intrigant-instansen. I staden vil det Bogost kallar «moralistic regulation», der ein i dette tilfellet åtvarar mot farene med høg gjeld og låg inntekt, skape «[...] a model of commerce and debt in which the player can experience and discover such consequences» (ibid.) i teksten. Proseduralretorikk blir dimed ein innarbeidd del av teksten, berre tilgjengeleg gjennom lesaren si eigen investering av tid og innsats.

Som tilhøyrande kritisk literacy-feltet legg proseduralretorikk seg nært opptil Case og Daniels (2002), McLaughlin og DeVoogt (2004) og til ein viss grad også Fjørtoft (2014). For Bogost er det sentrale knytt til spel og proseduralretorikk nettopp det som gjeld *kritikk*: «Playing video games is ... the kind of literacy that helps us make or critique the systems we live in.» Men i tillegg til kritikk-aspektet finn ein altså ordet *make* hjå Bogost. I tråd med Freire og «lese orda og lese jorda»-ambisjonen kan ein sjå føre seg *make* som ein metanarrativ ambisjon i spel som ein kanskje ikkje finn i andre typar tekstar. I ergodisk litteratur må ein fyrst gjere ei medviten investering, og via proseduralretorikk kan ein nå innsikter om samfunnet rundt; ikkje via eksplisitt uttrykte moraldogmatiske utsegn, men gjennom spelmekanikk og regelbunden historieforteljing.

Bogost (2008) sitt omgrep «proseduralretorikk» skildrar altså korleis spel nyttar mekanikk for å fremje argument om verda rundt oss. I skjønnlitteraturen er «show, don't tell» eit hyppig nytta verkemiddel for å dölje konkrete påstandar eller haldningar gjennom å syne dei indirekte i staden for eksplisitt. Det er, om enn ei enkel forklaring, visse tangeringspunkt mellom

proseduralretorikk og dette potente litterære grepet. I nokre tilfelle vil «show, don't tell» invitere til motstand, i andre opne for det uklåre og gjere diffust det som ved fyrste augekast kan sjå lettint ut. Overført til spelsjangeren, kan proseduralretorikk gjere nokre av dei same grepa. Spelmekanikken, altså den måten eit spel er sett saman av ulike designmessige grep, narrativ, spelmessig fridom og grenser og så vidare, ber i seg retoriske argument om verda.

### 3.9 Proseduralretorikk i «Gone Home»

I feltarbeidet til denne avhandlinga har eg nytta dataspelet «Gone Home» som døme på litterær tekst. «Gone Home» er eit såkalla *story exploration game* – ein slags roman i spelform – der oppgåva er å finne sanninga om familien Greenbriar ved hjelp av indisium ein finn rundt omkring i eit mørkt hus. Når Bogost skriv om proseduralretorikk som spelmekanikken sine argument om verda rundt oss, vil det først vere nyttig å sjå på kva for argument teksten set fram, for så å gjere ei analyse av dei spelmekaniske elementa som ligg bak. Det er få openberre tangeringspunkt mellom eit spel som «Gone Home», og spela Bogost nyttar som døme. Der simulatorar av typen Animal Crossing er innretta mot ein systematisk mekanikk som styrer spelaren mot ulike innsikter gjennom spelet sitt gjeldssystem, har ikkje «Gone Home» same årsak-verknad-struktur. Spelet set i staden spelaren i kontroll over Kaitlin Greenbriar, i ei historie som først og fremst handlar om lillesystera Samantha. Bogost ville neppe ha inkludert «Gone Home» som døme på eit spel som nyttar proseduralretorikk, men eg vil i det neste argumentere for ei lett utviding av omgrepet for å inkludere denne typen historieforteljing retta inn mot skjønnlitteraturen sitt domene.

I eit LHBT-perspektiv kan ein hevde at «Gone Home» kommuniserer ei sympatisk haldning til lesbiske, homofile, bofile og transpersonar, gitt måten kjærleikshistoria mellom Samantha og venninna Lonnie vert skildra gjennom personlege brev og dagboknotat frå Samantha til storesystera. Vidare kan ein gjere fortolkingar knytt til skjebnen til Sam mot slutten av spelet, basert på dei indisia ein finn gjennom «lesinga» av huset. I seg sjølv ligg det ikkje proseduralretoriske element i sjølv bodskapen spelet kommuniserer, men eg vil gjere eit forsøk på å skildre korleis proseduralretorikk vert eit relevant omgrep å nytte i ei drøfting av kronologien i teksten; det som skil seg mest markant frå tradisjonell lesing av skjønnlitteratur i papirform.

«Gone Home» er bygd opp som ei retrospektiv historie ein ser gjennom auga til Katie Greenbriar, men der hovudpersonen, litlestystera Samantha, tek ordet på ulike stader i historia. Når ein tek rollen som leser i ei slik historie, er det to aktivitetar som vert sentrale for å drive handlinga framover. For det fyrste vil « [...] the exploration of space as a means for narrative progression [...] alltid ha ein plass i *story exploration*-spel. I «Gone Home» er utforskinga av dei fysiske romma ikkje berre eit underhaldningselement, men ein føresetnad for å drive historia fram. Vidare er historia uløyseleg knytt til ulike objekt, i det Bogost kallar «[...] connecting narrative progress with artifactual discovery.» (ibid.). Med andre ord spelar objekta i «Gone Home» ei rolle ut over det reint underhaldningsmessige; dei er ein føresetnad for historia. På toppen av desse to aktivitetane – utforsking av rom og objekt – kjem narrasjonen frå Sam som eit styrande element for det spelet prøver å seie.

For å undersøke påstanden om proseduralretorikk i «Gone Home», kan ein gjere ei konkret øving der ein tek vekk eit sentralt element frå historia, nemleg lydopptaka frå Samantha si dagbok. Det kronologiske aspektet i historia handlar i stor grad om utdrag frå Samantha si dagbok som vert presentert som lydopptak ved ulike høve i spelet. Denne dagboka har ei konkret rolle i slutten av spelet, men medan ein speler får utdraga Sam les opp eit umiddelbart preg, noko som igjen legg føringar på kva ein som leser opplever som viktig i forteljinga. Utdraga har dimed ei rolle ut over det som handlar om historia i seg sjølv, for den kunne ein ha nøsta opp uavhengig av lydopptaka. Som med all historieforteljing handlar også «Gone Home» om å velje ut noko til fordel for noko anna. I lydopptaka me blir presentert for, er det nesten berre Sam si kjærlekshistorie til venninna Lonnie som får merksemd. Spelet rangerer dimed, gjennom eit proseduralretorisk grep, problema i familien og gjev kjærlekshistoria indirekte forrang føre foreldra sin ekteskapelege uro og onkelen sine familiehistoriske løyndommar. Dersom ein hadde fjerna lydopptaka frå «Gone Home», ville ein stått attende med eit spel der påstanden om verda – nemleg at kjærlek er universell – ville stått svakare.

Bogost vil, som nemnt, neppe rekne «Gone Home» som eit godt døme på eit spel der proseduralretorikken er openberr. Han er meir oppteken av artefaktar og tematikk i historia: «Arbor House is most alive in its closets – an apt metaphor for the game's themes.» (ibid.). Men all den tid Bogost sin eigen definisjon legg til grunn at proseduralretorikk er eit verkty for å påstå noko om verda gjennom spelmekaniske grep, vert det relevant å nytte omgrepene i ei drøfting av eit spel der spelmekanikken i stor grad er knytt til det kronologiske aspektet ved

historia. Då kan ein, som logisk konsekvens, samstundes bevege seg fram til ei anna erkjennung: Dataspel kan vere litteratur.

Bogost undrar seg i «Perpetual adolescence» om kvifor «Gone Home» vart motteke så positivt hjå publikum då det kom ut. Han slit på den eine sida med å nedvurdere ektefølte reaksjonar hjå dei som verkeleg fann hjelp i eit spel som tek opp LHBT-problematikk på ein elegant måte. Samstundes finn han det underleg at spelet så enkelt har vorte trykt til brystet av så mange: «For readers of contemporary fiction or even viewers of serious television, it's hard for me to imagine that «Gone Home» would elicit much of any reaction, let alone the reports of full-bore weeping and breathless panegyrics this game has enjoyed.» (2013). Det er, med Bogost, “[...] a literary work on the level of young adult fiction» (ibid.).

Kanskje finn ein deler av svaret i kritisk literacy-teori. Tekstar som krev investering, som gjer det umogleg å halde seg distansert av di ein ikkje kjem vidare om ein ikkje gjer ei aktiv fortolking av det som skjer, er kanskje tekstar som lettare vil gjere leseopplevinga sterkare. Ser me attende til Blikstad-Balas (2016), er det også naturleg å peike på at «Gone Home» er ein tekst som legg svært mykje vekt på det ein *ikkje* har tilgang til av informasjon. Denne uvissa er og kjelde til eit engasjement ein kanskje ikkje i same grad ville ha funne i ein trykt papirtekst om same tema.

## 4.0: Metode

*In order to bring about nonsuperficial changes in classroom discourse, teachers need to reexamine their own interactions with students, try out and evaluate new behaviors, discover discrepancies between their intended instructional goals and actual practices, and continually question their conceptions of effective pedagogy.*

(Alina Reznitskaya, 2012)

### 4.1 Oversyn

I dette kapittelet vil eg gjere greie for «spørsmål som teknologi»-metoden eg nyttar i feltarbeidet mitt i lys av etnografi, og Tjora (2012) sin stegvis deduktiv-induktive metode. Eg kjem og til å kome inn på omsyn knytt til etikk og subjektivitet, og i høve intervjustituasjonen legg eg særskilt vekt på det uferdige i samtaLEN, samt Flyvbjerg (2006) sitt omgrep *bias towards verification*. Forskingsspørsmålet eg tek føre meg i denne avhandlinga er formulert slik at det krev meir eller mindre aktiv deltaking i feltarbeidet der eg har samla inn data om elevar sitt engasjement i klasserommet. Empiriske data eg har samla inn, måtte eg difor handsame på ein måte som gav rom for drøfting og analyse utan å presentere allmenngyldige sanningar om undervisning, engasjement og djupnelæring, med eit viktig etterhald hjå nemnte Flyvbjerg. I kapittel 4.5 og 4.6 gjev eg ei kronologisk og detaljert skildring av pilotstudien og feltarbeidet eg har gjennomført. Det gjer eg av di denne avhandlinga på den eine sida søker å drøfte og analysere eit empirisk materiale i lys av forskingsspørsmålet mitt, og på den andre sida drøfte sjølve tilnærminga til litteraturundervisning i klasserommet. For drøftinga sin del er det difor naudsynt ikkje berre å vise attende til einskilde observasjonar, men syne heilskapen i dei pedagogiske vala eg har gjort i dette arbeidet. Av same grunn er dei teoretiske drøftingane som fører fram til dei metodiske vala eg har gjort, saman med det empiriske materialet eg har generert i klasserommet, også ein viktig del av analysen.

Blaikie skildrar eit perspektiv på innsamling av kunnskap som handlar om sosiale tilhøve i sin kritikk av «social research»: «[...] there is no such thing as *the scientific method*» (2003: 8). For det arbeidet eg har gjort i denne avhandlinga, er det ikkje om å gjere å finne ein slags

altomfattande metodikk som gjev eintydige svar om elevar si læring eller om spørsmål som teknologi i litteraturklasserommet. Det eg undersøker er ontologiske og epistemologiske høve: Kva forstår me som røynd, og korleis kan me vite det me veit? Blaikie er oppteken av tre typar forskingsspørsmål ein kan stille, avgrensa i tre ulike spørjeord: *kva*, *kvifor* og *korleis*. Ei kritisk literacy-vinkling vil ha ein preferanse for «kvifor»- eller «korleis»-spørsmål, og Blaikie kommenterer det fyrstnemnte spørjeordet slik: «'Why' questions are concerned with understanding or explanation» (ibid.: 9). Ved å leggje opp til kritiske og utforskande spørsmål i klasserommet, samstundes som ein flyttar ansvaret for å produsere desse spørsmåla over på elevane, kan eg undersøke om ein kjem djupare inn i eit analysearbeid over ein periode, samt om elevane opplever meir umiddelbart engasjement i klasseromssituasjonen gjennom det ansvaret dei får.

Kvale og Brinkmann har vore opptekne av «korleis»-spørsmål i høve diskusjonen kring metodiske val og skiljet mellom kvalitative og kvantitative studiar. Dei skriv mellom anna om «korleis» som eit spørjeord som opnar for ein spesifikk metodikk eg har nytta i feltarbeidet i ungdomsskulen: «Når forskningsspørsmålet kan formuleres ved hjelp av det lille ordet *hvordan*, er det med stor sannsynlighet relevant å foreta kvalitative intervjuer [...]» (2017: 135). Som drivar for å gjere kvalifiserte observasjonar kring ontologiske høve i klasserommet med spørjeordet «kvifor» som utgangspunkt, vert det produktivt å få ut data gjennom møte med elevar både som meir eller mindre deltagande observatør, og i gruppeintervju. Det er å håpe at denne typen kvalitativ metode har vorte forsking der ein, utan å påstå det allmenngyldige, kan kome til verdifull innsikt kring elevar si læring.

#### 4.2 Etnografi og literacy

I det vidare kjem eg til å gå inn på to hovudområde knytt til metodikk i oppgåva; etikk, subjektivitet og forsking som læring, og Tjora sin stevvis deduktiv-induktive metode. I arbeidet med avhandlinga vil eg nytte ei form for etnografisk metode for å finne kunnskap om verda, i den forstand at eg kjem til å hente inn informasjon, delta i undervisningsopplegg, observere elevar og gjere intervjurundar i etterkant av opplegget for å lære meir om elevane sine opplevelingar i møte med litteratur; både gjennom eit dataspel som skjønnlitteratur i spelform, og med noveller i ein meir tradisjonell klasseromssetting.

Med eit slikt utgangspunkt byggjer eg på sosialkonstruktivistiske og fenomenologiske perspektiv, av di det eg søker å finne ut, i stor grad handlar om subjektive opplevingar av mestring kring det å lese, i tillegg til at eg held fram som premiss at meinings må forståast i lys av sosiale faktorar. Til dømes hevdar Ongstad i Skjelbred og Veum (2013) ein samanheng mellom kontekst og meinings som er aktuell for ei drøfting av metodiske perspektiv til denne avhandlinga. All den tid meinings vert skapt i brytninga mellom ytring og kontekst, treng ein i samfunns- og språkvitenskapen ein type etnografisk metode for å skildre det mangefaseterte i kommunikasjonssituasjonen: «Det trengs alternative tilnærmingar, en metodologi som kan håndtere stadig skiftende typer kontekster som forskerne møter underveis» (Ongstad 2013: 26). Her kan ein nemne Paulo Freire sine teoriar kring emansipasjonspedagogikk som innfallsinkel som det kanskje viktigaste elementet:

*Reading does not consist merely of decoding the written word or language; rather, it is preceded by and intertwined with knowledge of the world. Language and reality are dynamically interconnected. The understanding attained by critical reading of a text implies perceiving the relationship between text and context (Freire & Macedo, 1987, s. 29).*


Der ein i naturvitenskapen går frå kontekst til avkontekstualisering for å avdekke det lovbundne i naturen, må ein i forsking som dette «[...] ta hensyn til et objekt som alltid er *unikt*, som har *mening*, for den [sic.] kan aldri beskrives fullt ut» (ibid.: 35). I feltarbeidet mitt legg eg opp til ulike perspektiv på det som skjer i klasseromssituasjonen og i gruppeintervju. Det handlar mellom anna om fysisk organisering av klasserommet, samansettning av elevar og val av tekstar i møte med det elevane er vane med når det gjeld tekstarbeid, ansvar og klasseromsdiskusjon.

Street sin ideologiske literacy-modell legg til grunn premissen om etnografi som metode for å undersøke lesekunne i forskingshøve. For Street er det ikkje berre formålstenlig, men avgjerande å ta eit etnografisk perspektiv på literacy, all den tid han ser «[...] literacy practices as inextricably linked to cultural and power structures in a given society.» (Street 2013: 161). Det vil, for Street, berre vere etnografisk metode som evner å ta opp i seg kulturelle og sosiale aspekt på ein tilfredsstillande måte for setje forskaren i stand til å trekke konklusjonar kring praksis: «The investigation of literacy practices from this perspective necessarily entails an ethnographic approach, which provides closely detailed accounts of the whole cultural context in which those practices have meaning.» (ibid.: 29). Hjå Street vert etnografisk metode ein

syntese av klassisk «observasjonspraksis» med skildringar av små grupper og deira sosiale og kulturelle mønster på den eine sida, og klasseromsinteraksjon med blikk for livet utanfor skulen, samt sosiolingvistisk optikk på literacy som kontekst for interaksjon på den andre sida (ibid.: 50). Også Flyvbjerg har vore oppteken av kulturelle og sosiale aspekt som faktorar avgjerande for metodeval, i si drøfting av fem sentrale misforståingar om forsking på casestudie: «[...] in the study of human affairs, there appears to exist only context-dependent knowledge, which thus presently rules out the possibility of epistemic theoretical construction.» (2006: 4). Metodikken i eit slikt arbeid må, med Freire, Street og Flyvbjerg som grunnlag, difor innebere ei form for deltagande observasjon som ved fleire sjekkpunkt søker å hente ut kva slags refleksjonar elevane gjer i møte med tekst. Difor må ein leggje opp til at elevane sjølve får høve til å stille dei gode, kritisk orienterte spørsmåla til tekstar. I ytste instans vil det vere målet for eit undervisningsopplegg med kritisk literacy som startpunkt; å øve opp kritisk sans og gjere elevar i stand til å stille spørsmål til tekstar som opnar for djupnelæring og kritisk refleksjon. Med dette som bakteppe vil eg kome attende til ei drøfting av feltarbeidet mitt – både pilotstudien og undersøkinga i ungdomsskulen – som meir eller mindre gode døme på etnografisk metode.

#### 4.3 Stegvis-deduktiv induktiv metode

I arbeidet med datagrunnlaget som vert generert i løpet av undervisningsopplegget, vil eg jobbe analytisk med utgangspunkt i Tjora sin stegvis-deduktiv induktive metode (SDI). Den inneber å arbeide etappevis (sjå figur 1) med det som siktemål å «[...] utvikle konsepter, modeller eller teorier, med utgangspunkt i en trinnvis modell for å redusere kompleksiteten» (Tjora 2012: 174). Ein prosess frå data til teori inneber å arbeide induktivt, medan ein frå ein deduktiv ståstad utviklar modellar eller konsept frå teoretiske utgangspunkt. Blaikie beskrev desse konsepta slik: «*the inductive strategy produces generalizations from data; the deductive strategy tests theories by testing hypotheses derived from them [...]*» (Blaikie 2003: 10). I denne oppgåva vil eg starte med rådata frå feltarbeidet mitt i skulen, og ut frå dei arbeide fram ulike kategoriar og konsept som eg vil nytte i analysekapittelet i høve relevant og aktuell teori. Til dømes vil eg sjå på ei kategorisering av tekstrelevante spørsmål, rangert etter grad av kritisk literacy-verdi.



Figur 2: Stegvis-deduktiv induktiv metode (Frå Tjora 2012: 175).

I tråd med Tjora sin SDI-modell (sjå figur 1) har det vore viktig å jobbe systematisk med datainnsamling, omarbeiding, koding og kategorisering. Tjora legg særskilt vekt på tekstnær koding som viktig for den gode, kvalitative forskinga. Når rådata er samla inn og omarbeidd, kan ein produsere fornuftige merkelappar som har verdi i neste ledd av kjeda. Desse merkelappane må i følgje Tjora vere *tekstnære*; altså ikkje ha utgangspunkt i teori. Motsatsen til tekstnær koding er *sorteringsbasert koding*, som gjev ei sortering i samanfallande konsept. Tjora sitt poeng er at ein ved å nytte sorteringsbasert koding berre skildrar tema, men ikkje kva deltakarane faktisk snakkar *om*, i til dømes eit intervju. I neste ledd vert det då vanskelegare å sortere kodane i kategoriar som gjev grunnlag for ei god drøfting opp mot teori og problemstilling. Difor argumenterer Tjora for at kodane ein produserer i trinn 3 ikkje må vere mulege å setje opp *a priori*, men berre som ein konsekvens av datagenereringa (ibid.: 184). Denne avhandlinga er til ein viss grad teoretisk utforskande, av di eg legg til grunn ein «spørsmål som teknologi»-metodikk før eg tek til med feltarbeidet mitt. Det empiriske

materialet vil difor både informere denne hypotesen, samstundes som eg genererer kodar *a posteriori*.

Kategoriserings- og konseptarbeidet handlar om å strukturere kodane i temagrupper, for så å sortere desse gruppene i hovudtema i lys av teori. Nokre av kodane vil falle vekk, av di det i dette steget er problemstillinga som avgjer kva som er viktig og relevant (ibid.: 185). I konseptutviklingsfasen utviklar ein abstraksjonar av tema, gjerne sett ord på med metaforar som skildrar desse. Til slutt kjem diskusjonen av konsepta i lys av teori. Her er det avgjerande at falsifisering – altså prinsippet om at all forsking må opne for at teoriar ein legg fram skal vere mulege å tilbakevise – står som berande prinsipp.

Blaikie (2003) nyttar i høve kvalitativ forsking og Grounded Theory omgrepene *open coding* og *axial coding*, som samsvarar med Tjora sine omgrep *koding* og *kategorisering*. Til forskjell frå Tjora legg ikkje Blaikie til grunn ei tekstnær tilnærming i omarbeidingsprosessen frå rådata til kodar. I staden vert *open coding* skildra som eit arbeid med å bryte opp data i mindre deler: «This is a process of breaking down, examining, comparing, conceptualizing and categorizing data.» (239). I neste ledd, som Blaikie kallar *axial coding*, søker ein samanhengar i arbeidet med å «[...] find relationships between these sub-categories and categories and, thus, put the data back together in a new way.» (ibid.). Det vil vere dei same mekanismane som vert sett i gong både hjå Blaikie og Tjora, men Tjora opnar for ei koding som på den eine sida gjer sorteringsarbeidet vanskelegare, men som på den andre sida potensielt kan gje meir fruktbare konsept og ei drøfting nærmare sosialkonstruktivistiske prinsipp.

#### 4.4 Etikk og subjektivitet

På det etiske planet er det forholdsvis mange ting å gripe fatt i. Tjora sine refleksjonar kring etiske omsyn ved kvalitativ forsking bringer fleire ting til bordet, og eg har teke dei med meg inn i det empiriske arbeidet mitt. Mellom anna skriv Tjora at:

*Hvordan vi oppfører oss blant folk påvirker kommunikasjonen der og da, uansett om vi skriver akademiske tekster «om» dem eller ikke. Slik oppstår helt naturlig en forventning om at man gir noe tilbake til «dem man forsker på», uten at dette må være nedfelt i noen retningslinjer for å være generelt gyldige (Tjora 2012: 39).*

Også Kvale og Brinkmann grip fatt i etiske omsyn, her i høve intervju som metode. Dei er opptekne av det ein berre kan få ut av konkrete intervjustituasjonar, og som i liten grad kan reproduserast i skjemaform:

*Vi bør altså være for intervjuer når temaet er ulike aspekter av menneskelig erfaring (når en bred fenomenologisk tilnærming er velegnet) eller vår samtalevirkelighet (når en bred diskursiv tilnærming er relevant) (Kvale & Brinkmann 2017: 135).*

Vidare er ein oppteken av det uferdige i eit intervjuforløp, som òg vil ha etiske omsyn all den tid ein møter personar i ein situasjon der idear og meiningsytringar må fortolkast og møtast i sanntid. Det krev ein intervjuar som er merksam på sin eigen rolle, og kanskje spesielt det Flyvbjerg kommenterer som «bias towards verification» i casestudiar:

*The bias toward verification is general, but the alleged deficiency of the case study and other qualitative methods is that they ostensibly allow more room for the researcher's subjective and arbitrary judgment than other methods: they are often seen as less rigorous than are quantitative, hypothetico-deductive methods (2006: 18).*

Sjølv om Flyvbjerg kommenterer denne typen “bias» som ei kunstig problematisering når ein samanliknar kvalitative og kvantitative studiar, er slik subjektivitet like fullt verdt å vere merksam på i ein intervjustituasjon der ein opererer med ei konkret hypotese eller forskingsspørsmål. Kvale og Brinkmann visar til Rubin og Rubin (2015) i feltarbeid der ein må gjere endringar, og føreslår «[...] en iterativ design, der forskeren løpende tilpasser seg nye forhold i felten og velger andre intervupersoner og spørsmål underveis.» (2017: 136). Det etiske omsynet som ligg i å «tilpasse seg nye forhold» handlar om å ikkje gå ut av ein objektiv intervjuarrolle og over i å leie ein diskusjon i det sporet ein sjølv ønskjer for å få resultata som passar med forskingsspørsmålet.

Frå Flyvbjerg si liste over misforståingar kring kvalitativ forsking har eg allereie nemnt to; at kontekstavhengig kunnskap er mindre verdt enn teoretiske konstruksjonar, og at kvalitative casestudiar har ei subjektiv slagside. I tillegg trekkjer Flyvbjerg fram eitt punkt eg vil gje merksemd her, nemleg misforståinga at casestudiar ikkje har verdi som anna enn til å utvikle hypotesar, og som konsekvens at andre metodar passar betre for testing av hypoteser og utvikling av teoriar. Flyvbjerg meiner det er to grunner til å sjå verdien i casestudien si kopling

til autentiske situasjonar og den detaljrikdommen ein finn i han. For det fyrste er det viktig for: «[...] the development of a nuanced view of reality, including the view that human behavior cannot be meaningfully understood as simply the rule-governed acts found at the lowest levels of the learning process, and in much theory.» (2006: 6). Auget for det individuelle i detaljane må ikkje misforståast som feilkjelder, men som uttrykk for den naturlege variasjonen som fylgjer i alle studiar av menneskeleg samhandling.

For det andre er casestudium viktige som læringspunkt for å utvikle forskaren sin eigen praksis i møte med kontekstavhengig materiale. Flyvbjerg viser til Ragin (1987) og plasserer casestudiet i ein kontekst av læring. Posisjonen til Flyvbjerg vert den at når forståing og læring frå fenomen i ein gitt studie er målet, følgjer det som ein naturleg konklusjon at forsking er ei form for læring. Vidare kjem han inn på forskaren sin plass i høve konteksten:

*If one assumes that research, like other learning processes, can be described by the phenomenology of human learning, it then becomes clear that the most advanced form of understanding is achieved when researchers place themselves within the context being studied. Only in this way can researchers understand the viewpoints and the behavior, which characterizes social actors (ibid.: 20).*

Attende til Street sin posisjon kring etnografisk metode og literacypraksis som uløyseleg kopla til sosial praksis, er det nettopp her naturleg å trekkje parallellar til Flyvbjerg. Feltarbeid som set som mål å undersøke literacypraksis hjå elevar, og i dette tilfellet undersøke korleis litteraturundervisning kan tene på eit kritisk literacy-perspektiv, kan ikkje bere frukter om ein ikkje er involvert i konteksten. Som deltakande i ein læringsprosess investerer ein arbeid og motstand for å forstå den vegen elevane går – nett som i kritisk literacy-arbeid, eller med ei omskriving av Aarseth; ergodisk læring. Med etterhalda skildra over knytt til det uferdige og det subjektive i intervju-situasjonen, til det kontekstavhengige og til kvalitativ forsking som læring, har kvalitative, etnografiske undersøkingar i klasserommet stor forskingsmessig verdi.

#### 4.5 Pilot

Som del av førebuingsarbeidet til feltundersøkinga mi, gjennomførte eg eit pilotopplegg i tre skuleklassar på den videregåande skulen der eg sjølv jobbar. Den eine klassen var min den eg sjølv underviser, og eg vurderer difor ikkje denne delen av studiet som forskingsmessig gyldig

i høve validitet, sjølv om ein produserer reliable resultat. Verdien av pilotopplegget ligg i den informasjonen som kjem ut frå observasjonar, diskusjonar og spørjeskjema elevane har fylt ut, som i neste omgang har bidrige til at feltarbeidet vert best mogleg. Med Tjora kan ein seie at det ein kan leie ut av eit slikt pilotarbeid er «[...] en samling (i beste fall sorterte) anekdoter» (Tjora 2012: 174). Tjora viser og til «Grounded Theory» og at ein ender opp i ein posisjon med behov for meir empiri, kalla «theoretical sampling». Når pilotopplegget her har informert feltarbeidet, er det som eit direkte resultat av dei erfaringane eg har gjort. I det neste vil eg sjå på generelle funn frå pilotarbeidet, og drøfte kva for erfaringar som har vore verdifulle inn mot feltarbeidet. All drøfting av resultat frå det vedlagte dokumentet (Sjå vedlegg 1) vil vere anonymisert, av omsyn til personvern.

Pilotopplegget hadde ei ramme på ei veke (ni skuletimar, fem i engelsk og fire i norsk i kvar av dei tre klassane). Opplegget hadde ei fagleg ramme knytt til kritisk tenking og litteraturundervisning, og elevane gjorde refleksjonar både munnleg i plenum, i mindre grupper og skriftleg gjennom loggar og nivådelte refleksjonsspørsmål. I tillegg gjennomførte eg samtalar med fem av gruppene i etterkant av undervisningsopplegget. I forkant av denne veka hadde elevane gjennomført ei forundersøking knytt til deira forhold til lesing og dataspel.

Sjølve opplegget byrja med ei felles innleiing med alle klassane samla, med ein gjennomgang av forundersøkinga. Eitt av funna handla om haldningar til lesing, og det kom fram at gruppa var delt når det galdt kor ofte ein las, og kva for typar lesing ein føretrakk. Diskusjonen i plenum vart difor vinkla inn mot kvifor ein les, eller ikkje les. Dei som svara peikte på at ein les for å forstå, for å få kunnskap, for å utvikle ordforrådet sitt, for å følgje med på det som skjer og av di det kan vere underhaldande. På den andre sida trakk ein fram at ein kanskje ikkje les av di det tek for mykje tid, av di det er kjedeleg og av di det kan vere vanskeleg. Vidare drøfta gruppa kva ein forstår med omgrepet «kritisk tenking». Elevane trekte fram perspektiv knytt til å ikkje tru alt ein les på Internett som det aller viktigaste i denne forståinga, og ein diskuterte fleire døme på kommunikasjons- og normbrot i sosiale medium.

Som inngang til arbeidet med litteratur, las alle klassane novella «Togsong» av Frode Grytten. Opplegget var laga slik at me skulle kome attende til novella mot slutten av veka, og difor nyttta me ikkje lang tid til å diskutere spørsmålet elevane fekk i høve denne fyrste lesinga: «Korleis forstår eg denne teksten?» Fleire av elevane hadde reflekterte innspel allereie på eit tidleg tidspunkt, medan andre uttrykte forvirring.

Hovuddelen av opplegget, som ein nytta størstedelen av veka på, var dataspelet «Gone Home», frå The Fullbright Company. I tråd med Aarseth (1997) sitt syn på litteratur, legg eg her til grunn at spel er litteratur, om enn med nokre etterhald til det ein kan kalle klassiske narrative tekstar. Aarseth nyttar omgrepene *cybertext*, som både fokuserer på ein tekst sin organisering og på leseren si rolle i arbeidet med han. I høve dette opplegget med litteratur og kritisk tenking, var dataspelet nytta – ikkje som ein kuriositet og som eit forsøk på å utfordre konvensjonar knytt til tekst – men heller som ein del av Barton sitt postulat om elevar sin eigen literacypraksis: «Children tend to feel excluded when their own literacy practices are not valued by the school. Schools should investigate which community practices should be legitimated by integrating them into the classrooms.» (2007: 208). Skaug og Guttmomsgaard (2014) argumenterer også for dataspel som eit medium på line med andre typar tekstar i skulen, og søker å flytte diskusjonen mot det som handlar om pedagogiske vurderingar av ein gitt tekst sitt læringsutbyte: «Lærere vurderer ikke om mediene «bøker» eller «film» kan være relevante for læring, men vurderer spesifikke bøker og filmer for spesifikke læringskontekster» (2014: 5). Når eg tek med ein tekst som primært har vore sett på som noko *anna* enn det ein driv med i skulen, vert det eit signal om at ein verdset elevar sin eigen literacypraksis. Tanken har vore at ein kan trekke vekslar på ei slik samanstilling av litteratur, og opplegget hadde som mål at elevane skulle gjere litterære *funn* medan dei arbeidde med «Gone Home». Desse funna, avdekka gjennom kritisk orienterte spørsmål med utgangspunkt i elevane sin eigen erfaringshorisont, kan vidare fungere som utgangspunkt for den litterære samtalen og ein veg inn i det faglege. Spørsmåla vert dimed teknologien som bind saman tekstar frå elevane sin eigen lesepraksis og den skulske sekundærdiskursen.

Nokre ord om dataspelet er på sin plass, i forlenginga av det eg allereie har vore innom i kapittel 3.9. «Gone Home» er som nemnt eit såkalla *story exploration game* der historia vert avdekka gjennom indisium. I motsetnad til novella, der ein les frå byrjing til slutt, er dataspelet bygd opp utan ein klar lineær struktur. Elevane møter eit tomt, mørkt hus, og må avdekke (i den grad det er mogleg) historia om familien Greenbriar gjennom kassetttopptak, brev, lappar og andre dokument dei finn. Det er ingen «korrekt» veg å gå gjennom huset, og elevgruppene oppdagar dimed informasjon på ulike tidspunkt. Det er og mogleg å oversjå desse indisia som ligg rundt om i huset - det er bortimot umogleg å få med seg alle - og forståinga av historia vert dimed forskjellig frå gruppe til gruppe. Eit sentralt døme på nettopp dette siste er ein diskusjon om foreldra til hovudpersonen, ekteparet Greenbriar, som kom fram mot slutten av veka. Fleire av

gruppene hadde konkludert med at foreldra i huset hadde reist på ferie, medan andre hadde funne hint om utruskap og ekteskapsrådgiving og las slik meir inn i flybillettane dei fann mot slutten av spelet. Slike diskusjonar opnar for dialogar med utgangspunkt i kritiske spørsmål til tekst, og med logg og refleksjonsspørsmål i skriftleg form som supplement, fekk ein avdekka ulike tolkingar av same tekst.

Andre observasjonar som kom fram gjennom spørjeskjema og loggar, la vekt på behovet ein føler for å organisere og ha kontroll på narrativet. Til dømes skreiv ein elev: «Noe jeg ikke likte var at det var så mange lapper for det vi var ute etter. Det er greit å ha noen men blir ganske tungt å lese når det ikke har en betydning.» (Thengs 2017). Ein annan elev, som svara på engelsk, gjorde ein kontrasterande refleksjon: «I liked to collect the many stories about the family that was told in the notes and the letters around the house. After collecting them we had to put them together to find out what happened to the family.» (ibid.). Det følte behovet for å organisere narrativ i koherente plot er i seg sjølv interessant, og som utgangspunkt for djupnelæring vert denne typen observasjonar viktige indikatorar på elevar som kanskje vil ha nytte av ei spørsmålsretta undervisning, i staden for tradisjonelle opplegg med utgangspunkt i kjenneteikn og analysepunkt. Med spørsmål som «teknologi» vil ein nært sagt alltid treffe ei eller anna forståing hjå den einskilde elev, anten det gjeld enkeltindisium i dataspelet eller observasjonar i novella ein les.

Parallelen til «Togsong» vart openberr då me kom attende til teksten mot slutten av veka. Eg nyttja Fjørtoft (2014) sin definisjon av kritisk literacy som utgangspunkt i observasjonsarbeidet og i gruppe-/plenumsdiskusjonane kring tekstane me las. Hjå Fjørtoft vert kritisk literacy forstått som evna til å jobbe grundig med og forstå tekstar, og kunne stille granskande spørsmål til dei (85). Med diskusjonane kring indisia ein hadde funne i «Gone Home» friskt i minnet, var elevane no i posisjon til å stille spørsmål av meir kritisk og granskande art. Det gav i neste omgang diskusjonar som ikkje botna i forståinga av einskilde litterære verkemiddel, men som trefte dei same verkemidla via omvegen dei kritiske og granskande spørsmåla representerte.

Novella «Togsong» handlar om tap. Nokre av spørsmåla ein kom inn på i dei tre klasseromma mot slutten av veka, var sentrert kring spørsmål som byrja med ordet «kvifor». Kvifor har hovudpersonen vanskeleg for å bestemme seg; kvifor går han ikkje av toget; kvifor *er* han på toget? I den eine klassen vaks diskusjonen inn i ei drøfting av mentale og fysiske skilnadar og det å vekse frå einannan, alt med utgangspunkt i spørsmål elevane sjølv hadde kome fram til.

Med Blaikie kan ein seie at ein dreiv med ei form for induktiv hypotesetesting, der ein testar ulike teoriar gjennom «kvifor»-spørsmål (2003: 27).

I gruppесamtalene etter undervisningsopplegget stilte eg spørsmål knytt til formål med tekstane, skilnaden på spelet og novella, og kritisk tenking som dugleik. Elevane gav heilt klårt uttrykk for at dei ikkje eller berre delvis forstod formålet med opplegget i byrjinga av veka. Dei lurte mellom anna på korleis ein skulle forstå noko om å stille spørsmål gjennom å spele eit dataspel. I tillegg syntest dei koplinga mellom novella dei las og spelet dei skulle spele var utydeleg, all den tid ein ikkje hadde etablert nokon tematisk samanheng mellom dei. Mot slutten av veka svara fleire at dei hadde forstått formålet. Samstundes var dei enno usikre på korleis opplegget skulle hjelpe dei med å forstå kritisk tenking, noko som peiker mot at dei kanskje enno ikkje hadde ei tydeleg forståing av formålet. Ein elev sa at hen forstod formålet, men at ein godt kunne analysere novella greitt utan å nytte eit dataspel som hjelp. Ein annan elev svara at spelet hjelpte henne av di det handla om å få ”brikkene til å hengje saman”, og at det hadde ein samanheng med novella.

Erfaringane frå pilotopplegget informerer feltarbeidet på ein fruktbar måte. Det var naudsynt å gjere nokre strukturelle endringar, i tillegg til at eg fekk informasjon om korleis drøftingar kring tekst kan organiserast utan at mine eigne presumpsjonar kring tekst og kritisk literacy skin gjennom slik dei har gjort i undervisningsopplegg hjå mine eigne elevar. Eg vil vidare trekke fram to konkrete omsyn eg har teke i arbeidet med feltarbeidet som direkte konsekvens av pilotopplegget.

For det fyrste er det på sin plass å revidere starten av opplegget. For å skape ein tydeleg kontrast mot det andre møtet med novelleteksten, mot slutten av veka, har eg prioritert å nytte ei tradisjonell tilnærming til tekstanalyse i byrjinga. Det inneber at læraren underviser med utgangspunkt i gjenkjening av verkemiddel, motiv, tema og bodskap i teksten utan å gå «omvegen» kring granskande spørsmål sentrert om «kvifor»-spørsmål. I tillegg nyttar eg to noveller, slik at den eine metodikken ikkje vert farga av at elevane har lese teksten før.

I eit forsøk på å unngå å blande mi eiga rolle som pedagog i feltarbeidet, vart det absolutt naudsynt å distansere meg sjølv frå arbeidet og diskusjonane. Eg deltok i klasseromsobservasjon, men i plenumssamtalar tok eg ei tilbaketrekt rolle, med unntak av eit par høve der faglærar var heime med eit sjukt born og eg måtte ta lærarrolla. Posisjonen min i

klasserommet innebar ikkje at eg forsvann frå diskusjonar og samtalar om tekst, men eg tok ikkje rollen som *fasilitator* og overlot heller denne til faglærar.

## 4.6 Feltarbeid

Feltarbeidet fann stad ved ein ungdomsskule, i ein skuleklasse på tiande trinn. Omfanget var ei veke frå måndag til og med neste måndagen, i totalt elleve skuletimar. Det var, inkludert meg sjølv, totalt fem lærarar inne i klassen i desse timane, og eg har kalla dei Halvor (meg sjølv), Kåre, Ida, Mathilde og Emma. Elevane har og fått fiktive namn for å sikre anonymiteten deira. Prosjektet er godkjend av NSD (sjå vedlegg 4). I tillegg til klasseromsobservasjon og diskusjonar der eg har skrive feltnotat som har vorte omarbeidd til såkalla «thick descriptions» (Geertz 1973), har eg gjennomført ei spørjeundersøking (Thengs 2018a) og gruppeintervju (Thengs 2018b) med elevane. Gruppeintervjuva vart gjennomførde i eit eige klasserom. Eg nytta programvaren RecordPad (NCH Software) til å ta opp intervjuva på band. Alle lydfilene vart sletta etter at intervjuva var ferdig transkriberte. Intervjuva vara mellom 5 og 10 minutt, og det var mellom to og seks elevar inne samstundes. I det neste kjem eg til å skildre undervisningsopplegget, samt gjere ei førebels analyse av gruppeintervjuva og resultata frå spørjeundersøkinga.

### 4.6.1 Spørjeundersøking

Etter å ha gjennomført dette undervisningsopplegget over ei veke, har elevane i tillegg til gruppeintervjuva svara på eit spørjeskjema som datainnsamling til oppgåva. Spørjeskjemaet vart oppretta i verktyet SurveyXact, drive av firmaet Rambøll som har ei datahandsamingsavtale med Universitetet i Stavanger. Utvalet var 23 respondentar. Elevane skulle svare på to opne spørsmål knytte til undervisningsopplegget me hadde hatt førre veka, i tillegg til tre ja/nei-spørsmål. Ja/nei-spørsmåla handla om i kor grad ein følte at ein hadde bruk for eit klassisk analyseskjema i arbeidet med eit dataspel, medan dei to siste spørsmåla handla om elevane likte å lese og spele dataspel.

Av dei 23 respondentane, svara i alt 43% at dei liker å lese. Tilsvarande svara 78% at dei liker å spele dataspel. Samstundes utfordra dei opne spørsmåla og gruppeintervjuva til dels desse haldningane. Elevane vert spurde følgjande spørsmål om dataspelet: «Hva måtte dere gjøre for å forstå historien i «Gone Home»?» (Thengs 2018a). Dei aller fleste respondentane svara at ein

måtte lese brev, lappar, høyre på lydopptak og sjå på biletet i huset for å finne svar på kva som har skjedd med familien til hovedpersonen. I tillegg svara nokre av respondentane at det var naudsynt å stille «hvorfor-spørsmål» og «spørre oss selv spørsmål underveis», samt «Spørre andre i klassen, snakke om spillet» (ibid.). Ein elev gjorde denne koplinga mellom dataspelet og novellesjangeren:

*For å forstå hovedhistorien (Sam, Katie, Lonnie) måtte du bare spille gjennom spillet, men for å forstå resten måtte du lese alt av brev og sånn. Akkurat som en novelle måtte du dypere inn i historien og analyseringen for å forstå det som du kanskje ikke så først (ibid.).*

Denne tendensen, altså at elevane gjer analytiske koplingar mellom desse ulike tekstane, vart sterkare i gruppeintervjuet.

Elevane var også spurde korleis dei opplevde skilnaden mellom undervisningsopplegga knytt til dei to papirnovellene me las i klasserommet; «Blodspor» av Bakir Ahmethodzic (2010) og «Togsong» av Frode Grytten (2001). Til den fyrste novella jobba elevane med eit analyseskjema, medan eg nyttet ei form for induktiv hypotesetesting med «kvifor»-spørsmål til den andre. Dei fleste elevane syntet eit preferanse for opplegget til «Togsong». Ein elev skreiv: «Vi brukte «hvorfor» mye mer på togsong, noe som gjorde at vi tenkte mer over det som skjedde.», medan ein annan syntet eit preferanse for meir tradisjonell undervisning: «[...] jeg syntest det er best med analyseskjema.» (Thengs 2018a).

Fleire av elevane var opptekne av fasitsvar i arbeidet med desse tekstane, og desse elevane sleit til dels med å tilpasse seg eit undervisningsopplegg der bestillinga var å stille spørsmål som byrja med ordet «kvifor». Dei fleste elevane, derimot, meldte på ulike vis at dei sette pris på å snu om på opplegget. Ein elev skreiv: «på blodspor hadde vi et analyse skjema mens på togsong stilte vi mange hvorfor spørsmål. Jeg lærte mest av metoden vi brukte når vi stilte hvorfor spørsmål.». Ein annan kom med denne refleksjonen: «Nokså likt, men litt forskjellig. Mer analysering av blodspor mens i togsong var det kritisk tenking, bruk av ordet «hvorfor». (ibid.).

Etter dei opne spørsmåla måtte elevane svare på dette: «Hadde du bruk for analyseskjemaet fra det første undervisningsopplegget mens dere spilte «Gone Home»? Dette spørsmålet kjem eg

og attende til i gruppeintervju, men det er interessant å merke seg at berre sju respondentar svara «ja» på spørsmålet, medan 16 svara «nei».

#### 4.6.2 Del 1 – Blodspor

Fyrste delen av den fyrste undervisningsøkta vart nytta til å presentere meg sjølv og informere om veka som kom. I klasserommet var det i alt fire lærarar til stades. I tråd med erfaringane frå pilotopplegget, byrja me med ei tradisjonell undervisningsøkt knytt til novella «Blodspor» (Ahmetodzic 2010). Eg las novella høgt, og elevane jobba etterpå i mindre grupper med eit analyseskjema.

I løpet av arbeidet med analyseskjemaet gjorde eg ulike observasjonar. Elevane brukte ein del tid på å finne ut av korleis spørsmåla og kategoriane i skjemaet kunne passe til novella. Deretter diskuterte elevane livlig i grupper, medan lærarane sirkulerte i rommet. Fire av elevane, som ofte samarbeider, flytta seg saman for å diskuterte vendepunktet i novella.

Det gjekk eit klårt skille mellom elevar som interesserte seg for konkretar, og dei som ønska å diskutere abstraktar i novella. Attende til McLaughlin og DeVoogd (2004), kan ein plassere elevane på eit efferent-estetisk kontinuum der mange var opptekne av deduktivt moglege konkretar, medan andre lanserte hypotetiske abstraktar i dialogen kring teksten. Ein elev, Jørgen, spurte ein av lærarane, Kåre, om temaet i novella, og kom med ei hypotese om at novella kanskje handla om flukt. Då læraren fylgde opp med eit spørsmål om grunngjeving, svara Jørgen: «Det handlar vel om det?» Andre stilte og spørsmål som var utleda av inndelinga i analyseskjemaet, med utgangspunkt i konkrete funn i teksten. Andre elevar igjen, som Ingunn, var opptekne av å sjå novella i overført tyding. Ho la fram ei hypotese om gata, som er eit sentralt motiv i novella: «Gata er eit symbol på livet.»

Ein særslig interessant situasjon oppstod då ein av lærarane, Ida, stilte meg eit spørsmål mot slutten av arbeidsøkta. Ho hadde oppfatta meg som forfattar av analyseskjemaet, og spurte meg kva eg hadde meint med eitt av spørsmåla, knytt til vendepunktet i novella: «Hva gjør det ved måten vi oppfatter handlingen på?» Spørsmålet kom rett etter eit anna i same kategori, nemleg: «Er det en overraskende slutt?» Læraren var altså oppteken av kva eg hadde *meint* med spørsmålet, og var, som fleire av elevane, dimed oppteken av å finne fasitsvar i analysen.

Etter pausen gjekk klassen gjennom analyseskjemaet med læraren Kåre. Opplegget bar preg av å vere tydeleg IRF-inspirert, av den typen både Blau (i Fjørtoft, 2014), Reznitskaya (2012) og Alexander (2015) kritiserer i tydelege ordelag. Kåre initierte, fekk respons og ga feedback der han ga si eiga tolking av eleven sitt svar. Engasjementet hjå elevane sokk markant etter berre få minutt, og det var berre om lag 1/5 av klassen som var engasjert på det meste. Mange av analysespørsmåla var av lukka karakter, medan andre spørsmål i større grad opna for tolking. Læraren spurte innleiingsvis om hovudpersonen går gjennom nokon form for endring i novella. Eleven Tom svara at hovudpersonen går frå «levande til død», medan Jørgen svara at han går frå «stressa til roleg», i eit forsøk på å skildre hovudpersonen opp mot stemninga i novella. Igjen kan ein sjå skiljet mellom elevar si evne til å sjå tekstar som uttrykk for konkretar og abstraktar, anten innanfor ei ramme av det faktiske eller retta inn mot det fiktive, allegoriske eller metaforiske. I gruppeintervjua i etterkant av opplegget finn eg òg att den same tendensen. Fleire elevar ytrar at dei ikkje liker analyse som metode, i tillegg til at Blodspor var ein enkel tekst der innsatsen i stor grad handla om manuelt, skriftleg arbeid.

I diskusjonen kring temaet i novella innleia eleven Brage med metakomentaren «Må me lære noko?» (*av tekstar me les*, min kommentar). Her kom læraren med ein støttande kommentar der han stadfesta at ein ikkje alltid må lære noko av skjønnlitterære tekstar. Vidare bidrog eleven Ingunn med temaforslaget «krig», som fekk brei tilslutning frå både læraren og dei andre elevane. Jørgen foreslo «håp», og følgde opp med å grunngje forslaget sitt med at hovudpersonen har eit håp om å sleppe unna medan han spring gjennom gata, til tross for at han døyr på slutten. Læraren korrigerte Jørgen med spørsmålet: «Men har han så mye håp på slutten, då?» Denne tolkinga var med andre ord til dels utanfor det akseptable tolkingsområdet, og sjølv om læraren sin korreksjon eigentleg var eit forsøk på å føre samtalen vidare, stranda dialogen hjå ein elev som ikkje turde å føre hypotesen sin vidare i møte med læraren si vurdering.

Eg tok over dei siste ti minutta i klassen denne fyrste økta. Eg bad elevane diskutere kva dei forstod med omgrepet «kritisk tenking». Dei kom med forslag som stort sett handla om å vere skeptisk til informasjon på internett. Eg spurte deretter kva for spørjeord dei såg på som det mest kritiske, og Jørgen foreslo kontant «kvifor». Me bytta då ut ein del spørjeord i analyseskjemaet med «kvifor». Til dømes diskuterte me spørsmålet: «Kvifor byrjar novella in medias res?» Nokre fleire elevar meldte seg på diskusjonen denne gongen, og det vart ein fruktbar inngang til neste del av undervisningsopplegget.

#### 4.6.3 Del 2 - Gone Home

Den neste undervisningsøkta starta i datarommet. I forkant hadde eg sett opp ni maskinar med dataspelet «Gone Home» installert, og headset kopla saman med splittarar slik at gruppene kunne sitje attmed kvarandre utan å forstyrre einannan. Læraren hadde på førehand delt inn i grupper ut frå sin eigen kjennskap til elevane og gruppedynamikken i klassen. Det var tre grupper med to elevar, og seks grupper med tre elevar – i alt 24 elevar. Ein av elevane, Frank, var ikkje til stades under opplegget med «Blodspor», og kom såleis rett inn i speldelen av undervisninga.

Elevane fekk to beskjedar før dei gjekk i gong med å spele: For det fyrste fekk dei vite at historia ikkje inneheld valdselement av noko slag, og at det ikkje var mogleg å døy i spelet til tross for at huset historia finn stad i er mørkt og skummelt. For det andre fekk dei eit oppdrag knytt til kritisk tenking og «kvifor»-spørsmåla me hadde snakka om dagen før. Eg bad gruppene om å tenkje over korleis dei nøsta opp historia, og gjerne stille spørsmål som byrja med «kvifor» medan dei diskuterte seg mellom.

Då elevane byrja å spele, hadde eg ikkje gjeve dei instruksjonar som galdt spelmekanikk, og gruppene forstod meir eller mindre intuitivt at dei måtte flytte på seg, peike og klikke for å kome vidare i spelet. Dei fyrste 10-15 minutta var det høgt aktivitetsnivå og aktive diskusjonar, med alle elevane engasjert. Gruppa som var mest engasjert var Sandra, Nora og Kristin si, og då spesielt Sandra. Frå å vere heilt fråverande i timen i går, skifta ho heilt rolle denne gongen. Ho stilte mellom anna fleire spørsmål, av typen: «Er dette ei sann historie?», «Kva skal me gjere?» og kom med reaksjonar av typen «Du må jo seie noko!» då eg ikkje fylgde opp spørsmåla med svar som hjalp dei vidare. Eg svara konsekvent ikkje på spørsmål orientert mot løysingar eller plotorientering, og det gav spesielt Sandra eit høve til å spele oppgitt og samstundes trivast i å ikkje få vite svara.

Engasjementet vart også tema hjå mange elevar i gruppeintervjua. Elevar melder at dei var aktive og engasjerte i arbeidet med «Gone Home» av di det «er gøy», av di ein kunne «jobbe i eget tempo», av di «tekst som spill gjør jobbing gøy» og av di det er «annerledes enn å bare analysere» (Thengs 2018b). Eit mindretal av elevane gjorde koplinga mellom det dei hadde

jobba med i datarommet og den litterære analysen dei gjer i klasserommet. Eg kjem attende til desse seinare i kapittelet.

Når det gjeld lesing av teksten, var det stort sprik i strategiar mellom ulike grupper. Fleire elevar var først og fremst opptekne av å finne fasitsvar i historia. Kristin stilte til dømes spørsmål som «Kven er det me leiter etter?» og «Kva er det me skal gjere?». Jørgen spurte: «Er det nokon meinig med dette spelet?» Amalie, Ingunn og Inger - ei gruppe jenter som normalt presterer høgt karaktermessig - heldt seg nokså rolige, og analyserte indisium som brev og lappar nøye. Deira åtferd sto i sterk kontrast til Sandra, Nora og Kristin, som var opptekne av å kome seg vidare. Både Sandra og Nora rapporterte i gruppeintervjuat at dei ikkje på noko som helst vis likte å jobbe med litteratur, og det er såleis interessant å skildre det arbeidet dei gjorde med «Gone Home». Sandra, Nora og Kristin var nemleg fyrste gruppe til å finne kodekombinasjonen til eit arkivskap, og fyrste gruppe til å finne nykkelen til kjellaren i huset, til dømes. Det interessante å merke seg her er at Amalie, Ingunn og Inger, som jobba saktare og meir metodisk, vonleg vil ha fått med seg meir av historia mot slutten, men Sandra, Nora og Kristin vil kanskje ha hatt ei meir engasjerande og spanande leseoppleveling. Det til tross for at dei ikkje gidd lese alle breva, og difor ikkje får med seg parallelle historier som til dømes ekteskapsproblema hjå foreldra i familien Greenbriar.

Dagen etter var Sandra og Nora borte frå gruppa, så Kristin måtte spele åleine. Anders, Åge og Jørgen var utan datamaskin, og fordele seg difor på dei tre toargrupsene. Det var tydeleg at Frank hadde leita på internett og sett videoar på YouTube, og funne løysingar på spelet. Stemninga i klasserommet var livleg, og elevane var ivrige etter å kome i gong. Brage, Geir og Åge gav etter kvart opp og leitte etter løysingar på internett, dei òg. Joakim, Jon og Mikael vart først ferdig av gruppene, medan gruppa til Frank og gruppa til Tom og Une fylgte nokså raskt etter. Ingrunn, Amalie og Inger las alt av informasjon, og låg enno eit stykke bak dei andre. Eg gav både Kristin og gruppa til Ingunn, Amalie og Inger nokre hint for å leie dei på rett veg.

I møte med historia om onkelen i huset, Oscar, var det mange som tolka og kom med hypotesar. Brage fann eit brev, og konkluderte: «Ok, onkelen er psycho!» Tom fann morfin i safen til Oscar og fylgde opp: «Han er sikkert ein crackhead!» Jørgen sa: «Vi vet at jenta blei kalt for The Psycho House Girl.» Brage svara: «Ja, fordi onkelen var psycho.» Indisium av denne typen er interessante å følgje i eit kritisk literacy-perspektiv. Historia om onkelen, Oscar, er den minst tilgjengelege i teksten, og ein må trekkje konklusjonar på eit nokså tynt grunnlag.

I ei anna gruppe fann denne samtalen stad:

Terje: «Kvífor er me her, eigentleg?»

Frank: «I drivhuset?»

T: «Nei, kvífor er Katie her i dette huset?»

F: «Ho bur jo her.»

T: «Men det er jo ingen heime!»

F: «Nei, for dei har gått.»

Samtalen illustrerer godt at elevane ofte, medvite eller ikkje, tenderer mot eit kritisk literacylandskap, utan kanskje å gjere direkte koplingar mot indisium i teksten. Eit spørsmål som «Kvífor er Katie her i dette huset?» er ei døropnar mot ei forholdsvis grundig tolking av teksten «Gone Home», men ein treng gjerne rettleiing for å hente ut potensialet som ligg i desse gode spørsmåla slik at dei ikkje vert blindvegar i litteratararbeidet.

Elevane gav og uttrykk for at dei, i alle høve til dels, forstod at det ligg tydelege element av fag i arbeidet med «Gone Home». Eleven Nora kommenterte arbeidsprosessen slik i gruppeintervjuet: «Du har liksom et mål. Med noveller skal du ikke «vinne teksten» liksom» (Thengs 2018b). Ein annan kalla arbeidet med «Gone Home» analyse, berre i ein annan form, medan ein tredje, Une, forklarte sin eigen preferanse for dataspelet slik: «Du opplever mer enn bare å lese. Du opplever mer enn bare novella når du ser den.»

I denne siste utsegna ligg ei vurdering av dataspelet som noko som tangerer novellesjangeren, i alle høve på nokre område. Fleire av elevane tok dette perspektivet i intervjuet, sjølv om nokre av dei rapporterte at dei i liten grad skjønte innhaldet i henne. Ein la mellom anna vekt på at ein måtte lese og utforske for å skjønne historia. Ei elevgruppe knytte dei parallelle historiene i «Gone Home» til ei vurdering av si eiga forståing av teksten i prosenttal. Dei hevda at dei hadde fått med seg ca. 60% av historia, som inneber hovudhistoria og til dels dei parallelle historiene: «[Vi tok] main questen, men ikke side questene» (ibid.). I spelsamanheng, og spesielt i rollespelsjangeren, finn ein gjerne hovudoppdrag ein må gjennomføre for å kome vidare i ei historie. I tillegg finn ein sideoppdrag som kan gje hovudpersonen betre utstyr, våpen eller andre fordelar. Her knytte ein slik omgrep bruk til dataspelet som novelle, og synte dimed koplinga mellom tekstane på ein treffande måte.

Gruppene som vart ferdige, kom med fleire kommentarar. Tom likte spelet, av di det var interessant å spele noko som ikkje hadde våpen og blod i seg, og der ein ikkje fann ein fasit. Jørgen meinte på si side at spelet ikkje gav mening, sidan avslutningsmonologen ikkje har noko løysing på historia om Sam. Lise kom med ei hypotese om at Sam hadde teke livet sitt, noko ein god del andre elevar også gjorde, til liks med elevar i pilotstudien.

Siste dagen med «Gone Home» vart det naudsynt å dele opp klassen mellom dei som var ferdige, og dei som enno trond litt meir tid. Halve klassen jobba med spørsmål til teksten i skulen sitt mediatek, medan resten spela seg gjennom i løpet av fyrste timen. Eg var i datarommet saman med gruppene som enno ikkje var ferdige. Det var no færre elevar i rommet, og lydnivået var tilsvarande lågare. Ein annan lærar, Ida, kom etter kvart inn for å sjå på kva som skjedde. Sandra og Nora, som var sjuke i går, var også til stades. Gruppa deira hadde gått frå å vere blant dei som hadde kome lengst, til å ligge eit stykke bak dei andre. Sandra var spesielt aktiv denne timen, og kom med ulike forslag til korleis gruppa kunne kome vidare. Sandra var, som førre gongen, oppteken av å stille meg ulike plotorienterte spørsmål. Eg svara som vanleg med skuldertrekk og uklårleikar, for å understreke at det ikkje finst noko fasitsvar. Dette skjønte Sandra, og tok igjen rolla som tilsynelatande oppgitt. Læraren Ida vart derimot, som i klasserommet med novella «Blodspor», overraska over at me ikkje i større grad snakka om kva spelet konkret handla om.

Både gruppa til Sandra, og gruppa med Brage, Geir og Åge fullførte i løpet av timen. Eg hadde denne passiaren med Brage:

B: «Dårlig slutt.»


H: «Kvifor det.»

B: «Me fikk ikkje vite kva som skjedde.»

Sandra, Nora og Kristin fullførte litt seinare, men hoppa igjen over alle indisia, spesielt mot slutten. Ingunn, Inger og Amalie var siste gruppe som fullførte. Dei undersøkte alt på loftet, og høyrd også gjennom det siste lydopptaket som ganske tydeleg plasserer hovudpersonen i teksten, Sam, på ein buss ut av byen. Likevel, og til dels overraskande, kom Ingunn med følgjande hypotese etter at spelet var slutt: «Eg trur ho tok sjølv mord.» Til tross for at dei, samanlikna med Sandra, Nora og Kristin, hadde gjort eit mykje grundigare og meir metodisk arbeid med å undersøke indisia i huset, landa dei på ei tolking som neppe kan forsvarast, sjølv om mange elevar tenderer mot henne likevel.

Seinare på dagen var klassen samla for å gå gjennom opplevingane dei hadde hatt med «Gone Home». Eg hadde i utgangspunktet avtala at Kåre skulle ta denne timen. All den tid han ikkje hadde spela «Gone Home» før, ville han ikkje ha nokon føresetnad for å leggje eigne føringar i samtalens, slik ein gjorde med den førre teksten. Kåre måtte deretter melde avbod på grunn av sjukdom, og eg måtte ta gjennomgangen med klassen sjølv. Ein annan lærar, Mathilde, var også i rommet for å følgje opp einskilde elevar.

Me starta timen med å sirkle inn «Katie» på tavla, og elevane fekk deretter i tur og orden kome med hypotesar om personane i «Gone Home». Fleire av elevane var ueinige om avslutninga av historia, og då spesielt kva som hadde skjedd med Sam. Fleire argumenterte for at ho hadde teke sjølvmort, all den tid sluttscena inneheldt ein appell til storesysteran Katie der Sam skriv at ho er på «ein betre stad». Nokre av gruppene som hadde jobba grundigare med indisia, argumenterte på si side for at Sam var reist av garde med Lonnie. Me diskuterte så dei resterande figurane i historia, før eg laga eit forslag til ei inndeling av historia i tre nivå (sjå figur 2 under).



Figur 3: Eit oversyn over persongalleriet i «Gone Home», delt inn i tre nivå.

Eg spurte elevane om når ein kunne seie at ein hadde *fått med seg* historia. Heldt det med nivå 1 (Katie, Sam, Lonnie) eller måtte ein ha med seg nivå 2 og 3 også for å «forstå teksten»? Elevane var delte i responsen. Nokon meinte at ein måtte ha med seg alt for å forstå historia, medan andre meinte at det haldt med nivå 1. Denne delinga mistenker eg delvis handlar om elevane sine forventningar til kva for svar eg var ute etter. Dei flinkaste i klassen forventa nok at eg la til grunn at alle nivåa var naudsynte for å forstå historia, i tråd med ei tradisjonell oppfatning av analysen som altomfattande «gjennomgang» av teksten.

Etter at me hadde gjort oss ferdige med samtalen om «Gone Home», nytta eg dei siste minuttane av timen på ei høgtlesing av Frode Grytten si novelle «Togsong» (2001) til timen dagen etter.

#### 4.6.4 Del 3 – Togsong

I tråd med progresjonen i undervisningsopplegget, skulle me gjennomføre ei undervisningsøkt kring «Togsong» med induktiv hypotesetesting via kritisk orienterte «kvifor»-spørsmål. Seks elevar var denne timen borte på grunn av sjukdom eller kulturskule. Læraren Kåre var enno heime på grunn av sjukdom, så Ida og Emma (ny lærar) var med i klasserommet. Emma heldt timen for elevane. Ein elev, Daniel, hadde ikkje vore til stades i klassen i dei føregåande timane denne veka. Det konkrete opplegget handla om å lese novella høgt for elevane igjen, før dei fekk ti minutt til å skrive ned spørsmål til teksten. Spørsmåla skulle byrje med ordet «kvifor», for å legge til rette for induktiv hypotesetesting og kritisk tenking.

Medan Emma las høgt, var Sandra og Nora attende til å vere uinteresserte, som ved førre høve i klasserommet. Dei andre fylgde tilsynelatande med.

Rett etter høgtlesinga hadde Brage eit spørsmål: «Kva for perspektiv har denne novella? Er det mann eller dame?» Eg spurde han om det er viktig. Brage verka litt forvirra, men svara at det kanskje ikkje er det.

Sandra og Nora hadde skrive ned tre spørsmål. Då eg kom bort til dei, la Sandra til eit fjerde: «Eg skal skrive *Kvifor er han redd?*» Sandra og Nora hadde fleire gode spørsmål på arket sitt, og bidrog mye meir i ein til ein-situasjonar enn førre undervisningsøkt i klasserommet. Men til tross for dette lett auka engasjementet, bidrog ikkje Sandra og Nora i fellesøkta etterpå. I

gruppeintervjuet forklarar dei: «Vi deler aldri med klassen. Vi har kroken vår der bak» (Thengs 2018b).

Gjennomgangen byrja med Frank som spurde om me ikkje fyrst burde bli einige om det er ein mannleg eller kvinneleg protagonist i novella. Emma spurde om det er viktig, og Tom meinte at det ikkje er viktig. Dei som rekte opp handa var Ingunn, Inger, Tom, Frank, Jørgen og Anne; stort sett dei same som var aktive førre klasseromsøkt med «Blodspor». Emma prøvde å aktivisere Geir, utan hell. Tom spurde om endestasjonen for toget, og Frank tolka det som at hovudpersonen «vil starte på nytt.» Emma spurte: «Kva kan endestasjonen vere?», og Ingunn svara: «Enden på forholdet?» Andre ville òg over i symbolikken, og kom med forslag som flytta tydinga. Tom sa til dømes: «Det kan vere at endestasjonen er døden.» Til slutt spurde Jørgen: «Kvífor er denne novella så trist?» Frank var ueinig: «Den er ikkje trist!» Sara, på si side, føreslo ei forklaring: «Det er kjærleikssorg, Jørgen.»

I gruppeintervjua rapporterte fleire elevgrupper at ein fekk meir utbyte av å jobbe med kritisk orienterte spørsmål til teksten. Det er mogleg at dette har si årsak i at elevane opplevde dette som noko nytt, og dimed la verdi til sjølve framgangsmåten utover det reint faglege, men ein kan samstundes sjå på elevane sine eigne utsegn for å gjere ei vurdering av sjølve opplegget sin verdi. Ein elev, Amalie, sa mellom anna: «Når vi spurte «hvorfor» hele tiden, kom vi lenger inn i teksten.» Ein annan, Joakim, kommenterte skilnaden mellom det skriftlege i «Blodspor» og det munnlege i «Togsong» slik: «[Med] Togsong argumenterte vi mer.» Joakim var og oppteken av det kritiske aspektet i analysen: «Kjekt å stille kritiske spørsmål. Vi er jo forskjellige folk, så noen er kritiske til noe, mens andre er kritiske til annet. Bedre diskusjon.» Samla sett kan ein seie at elevane verdsette forma i dette opplegget, men samstundes er det viktig å analysere kvífor det er slik.

#### 4.6.5 Generelle observasjoner

Det var eit tydeleg skifte i engasjement frå det fyrste undervisningsopplegget, via dataspelet, og til det siste opplegget kring novella «Togsong». Då læraren stilte spørsmål av lukka karakter til novella «Blodspor» i fyrste økta, fall engasjementet betrakteleg. Som i mange andre klasserom var det elevar som ikkje deltok i fellesøkta, men som hadde mange gode bidrag då ein jobba i mindre grupper. Lærarane var opptekne av å gje konstruktive tilbakemeldingar, men

enda ofte opp, som lærarar ofte gjer, med å «ta over» elevane si tolking og tilføre den eige innhald.

I arbeidet med «Gone Home» dukka mange av dei same reaksjonane frå pilotstudien opp. Elevar som normalt ikkje er engasjerte i tradisjonell undervisning med papirtekstar, blomstra og viste genuin interesse og engasjement for historia. I byrjinga ytra elevane og eit ønske om å organisere historia, og vart til dels frustrerte når dei ikkje fekk svar på spørsmål som handla om formål, meinings og logikk. Eg svara konsekvent «Interessant spørsmål; det kjem eg ikkje til å svare på» når elevane stilte spørsmål av den typen. Det førte først til ein del frustrasjon, men elevane forstod etter kvart at dei måtte nøste opp historia sjølv.

Det er tydeleg at ein bør spele «Gone Home» i éi sitting, for å unngå at elevane leiter på internett for å finne løysingar og snarvegar. Ein kan samanlikne internettstrategien med å lese kortversjonar av romanar for å sleppe å lese heile boka. Samstundes er det interessant at til dømes Frank og gruppa hans faktisk gjekk til det skrittet at dei lette på internett/YouTube etter hint og løysingar. Det viser ein openberr indre motivasjon ein ikkje var i nærleiken av i arbeidet med korkje «Blodspor» eller «Togsong», samstundes som slike parallelle undersøkingar på nett er ein naturleg del av speldiskursen. I brytninga mellom den skulske litteraturtradisjonen og elevane sin eigen literacypraksis, kan ein diskutere om ein som pedagog bør gripe inn og hindre slik «juks», eller om ein bør oppmode til det. Eg greip ikkje inn då elevane byrja å leite på nettet, delvis av di eg ville ta observatørrolla, og delvis av di eg synest det var interessant at elevane la så mykje innsats i å finne ut av framdrifta i teksten.

Til novella «Togsong» kom det fram mange gode, kritisk orienterte spørsmål i gruppene. Samstundes var det dei same elevane som før som rekte opp handa. Diskusjonen som fylgde handla til dels om desse kritisk orienterte spørsmåla, men som forventa var det tydeleg at elevane søkte mot fasitorienterte og plotorganiserande element, som til dømes synsvinkel og personschildringar, i staden for å bruke spørsmåla inn mot ei breiare tolking av teksten som heilskap. Her viste elevane i vgs ei noko meir moden evne til å sjå forbi dei enklaste betraktingane, medan elevane i ungdomsskulen heldt seg til ei meir tradisjonell forståing av korleis ein arbeider med tekst. Her kan ein igjen sjå attende til Blau (i Fjørtoft, 2014) og Alexander (2015), i den forstand at elevane forventar ei undervisning innretta mot IRF-modellen, og vert sett ut når dei ikkje møter denne strukturen i klasserommet.

#### 4.7 Drøfting av pilotstudie og feltarbeid som etnografisk metode

Før neste kapittel vil det vere interessant å gjere ei innleiande drøfting av pilotstudien og sjølve feltarbeidet som døme på etnografisk metode, i samsvar med Street sin definisjon. Street skriv mellom anna: «Any ethnographic account of literacy will, in fact, bring out its significance for power, authority and social differentiation in terms of the author's own interpretation of these concepts.» (Street 2008: 161). Der pilotstudien på den eine sida har manglar når det kjem til ein ideologisk posisjon i høve literacy, vil feltarbeidet på si side vere tettare knytt til eit blikk på literacypraksis «[...] which provides closely detailed accounts of the whole cultural context in which those practices have meaning.» (ibid.: 29). Eg vil i det neste gjere ei samanlikning av pilotstudien og feltarbeidet som ein inngang til analysekapittelet.

Det er ingen tvil om at pilotstudien har mange kvalitetar som gjer han verdifull i høve denne avhandlinga. Mest av alt handlar det om erfaringane eg tok med meg inn i feltarbeidet, av typen som gjorde at eg fekk justert opplegget for å betre kunne undersøke hypotesen om «spørsmål som teknologi» i det literacy-orienterte klasserommet. Med justeringane eg gjorde frå pilotstudien til feltarbeidet, låg meir til rette for å kunne undersøke kulturhøve i tiandeklassen feltstudien fann stad i. I tråd med funna frå feltarbeidet, er det tydeleg at ein i større grad skildrar eit etnografisk arbeid som legg til grunn meir djuptgåande analyser av klasseromsdynamikk og reaksjonsmønster enn i pilotstudien. Det skuldast nok i stor grad utvalet elevar, av di det er meir overkommeleg å gjere slike skildringar i ein enkeltklasse enn når ein skal gjennomføre opplegget parallelt i tre klassar.

Som ein har sett i dette kapittelet, har feltarbeidet gitt ein viss grad av innsyn i elevane som individ i ein klasse prega av ein relativt tradisjonell dynamikk. Nokre få er aktive og rekk opp handa, uavhengig av tema, medan andre sitt engasjement er situasjons- og temaavhengig. Det finst dei som sjeldan eller aldri deltek i plenumsaktivitetar, men som har mykje å bringe til torgs i ein til ein-situasjonar. Det har vore lettare, både med tanke på klassestorleik og dialogen med fire andre faglærarar, å danne seg eit bilet av klassane i ein større kulturell kontekst. I pilotstudien var elevane nye på skulen, så korkje eg eller dei andre faglærarane hadde det viktige oversynet når det galdt sosialt samspel, bakgrunn og kulturaspekt som ville spele inn på arbeidet. Dimed vert innsikta, frå eit etnografisk perspektiv, mindre enn det ein får ut av eit arbeid der ein parallelt diskuterer fagaspekt og sosiale og kulturelle høve.

I analysekapittelet gjer eg eit poeng ut av at ein ikkje kan kome med bastante konklusjonar etter eit pilotstudium og eit vekeslangt feltarbeid. Det ville vore å undergrave dei faktiske og fruktbare observasjonane eg har gjort, og eg kunne risikert legitim kritikk knytt til påstandar eg ikkje har belegg for å hevde. Til dømes kunne eg ha skildra generaliserte observasjonar om elevar sine sosiale og kulturelle føresetnadar, og konkludert med at endra undervisningspraksis ville ha gjort markante utslag på, til dømes, sjansen for at dei lukkast i skulen. I staden bør ein skildre tendensar og observasjonar, og med utgangspunkt i sosiale og kulturelle høve drøfte kva ei endring i klasseromspraksis vil kunne ha innverknad på, både på kort og lang sikt.

Her kan eg kome inn på skilnaden mellom korrelasjon og kausalitet. Blaikie (2000) skildrar ulike forskingsdesign innan etnografiske studiar. Han peiker på at ein gjerne klassifiserer forskingsdesign på ein skala frå eksperimentelle til ikkje-eksperimentelle, der studium av sosiale høve ofte fell inn under sistnevnte kategori. Observasjonar, drøfting av kulturelle og sosiale høve og den typen intervju eg har gjennomført i feltarbeidet mitt kan i fyrste omgang berre etablere korrelasjon, av di desse «[...] unlike experiments, cannot establish causation» (2000: 39). Frå ein slik ståstad er ein samstundes fri til å nytte informasjonen ein har samla inn til å diskutere funn i lys av literacyforsking og unngå det Street kallar «[...] a false polarity between the technical and cultural aspects of literacy» (2013: 161). I staden for å vere oppteken av effektar i undervisninga, sokjer ein mot ein praksis Szwed (1981) skildrar som å emulere lingvistane sin praksis «[...] by observing and recording in naturalistic settings the means and materials used in all reading and writing activities engaged by members of a specific community» (Collins & Blot 2003: 44). Med andre ord: I staden for å søke etter kausalitet mellom ulike variablar i ein avgrensa forskingssetting, vil ein lede arbeidet mot ei syntese av tekniske og kulturelle literacyaspekt der ein identifiserer ulike element som kan ha innverknad på elevane si læring.

#### 4.8 Kategorisering

Gjennom observasjonar, spørjeskjema og gruppeintervju har eg i dette feltarbeidet identifisert ulike kategoriar av funn. Desse dannar grunnlaget for analysekapittelet, og har igjen si legitimering i relevant teori eg har gjort greie for i kapittel 3. Tabellen under syner dei ulike kategoriane, kopla opp mot relevante omgrep og teoretikarar gjennom bruk av Tjora (2012) sin stegvis-deduktiv induktive metode. Kategoriane er tekstnære, i den forstand at dei reflekterer

observasjonar, samt dei tilbakemeldingane elevane har gitt, utan å ha teori som utgangspunkt. I staden kjem aktuell og relevant teori i neste ledd, som eit naturleg steg vidare frå det eg har erfart gjennom feltarbeidet. Kategoriane vert eigne deler i analysekapittelet.

Kategori	Teori	Relevante omgrep
Elevar som produsentar av kritisk orienterte spørsmål	Aarseth (1997, 2015), Street (2006, 2013), Blikstad-Balas (2016), Whitney (2008), OECD (2005), Meld.St.28 (2016), Blaikie (2003)	Aktualisering, ergodisk litteratur, cybertext, kritisk literacy, inquiry, 21st Century Skills, kritisk tenking, induktiv hypotesetesting
Koherens i plot	Street (2006, 2013), Reznitskaya (2012), Bogost (2008, 2013), Freire (2006)	Sosial praksis, etnografi, dialogisk orientert undervisning, possibility space, proseduralretorikk, lese orda og lese jorda
IRF og engasjement	Blau/Fjørtoft (2014), Reznitskaya (2012), Alexander (2015)	Litteraturlaboratoriet, dialogisk orientert undervisning, IRF-pedagogikk
Main quests og side quests	Gee (2007, 2013), Gourvennec (2016, 2017), Barton (2007)	Situert læring, affinity space, litteraturfagleg fellesskap, sosial praksis, elevorientering
Kritisk literacy og djupnelæring	Pellegrino & Hilton (2012), Flyvbjerg (2006), Reznitskaya (2012)	Djupnelæring, bias toward verification, dialogisk orientert undervisning
«Riste litt i hjernen»	Gee (2007, 2013), Gourvennec (2016, 2017), Zyda (2005), Street (2006, 2013)	Affinity space, litteraturfaglege fellesskap, serious games, consciousness-raising, engasjement

Figur 4: Kategorisering

## 5.0: Analyse

*A novel is a two-way street,  
in which the labor required on either side is,  
in the end,  
equal.*

(Zadie Smith, 2007)

### 5.1 Oversyn

Forskingsspørsmålet mitt i denne avhandlinga har vore: *Korleis kan ein nytte kritiske og utforskande spørsmål til å skape engasjement hjå elevar i arbeid med litteratur?* I pilotstudien og i feltarbeidet mitt har eg nytta både tradisjonelle papirtekstar og dataspelet «*Gone Home*» som døme på skjønnlitteratur. Mandatet for ei slik utveljing, der eg inkluderer eit dataspel som litteratur, finn ein hjå Aarseth (1997) i omgrepet «*ergodisk litteratur*». For å skape ein samanheng mellom forskingsspørsmålet og det praktiske feltarbeidet, er det naudsynt å gjere ei kopling mellom omgropa *djupnelæring* og *ergodisk litteratur*, for å syne korleis tekstane elevane har lese har vore nytige i arbeidet med kritiske og utforskande spørsmål som ei form for teknologi i klasserommet.

All den tid denne oppgåva sokjer å drøfte både det empiriske materialet frå feltarbeidet, men og tilnærminga til litteratarbeid i klasserommet som har generert dette materialet, kjem eg i analysedelen av dette kapittelet inn på ulike perspektiv som knyt teori og empiri saman. Eg vil drøfte mi eiga vinkling på det dialogisk orienterte klasserommet, før eg tek føre meg koherens og plotorganisering sett opp mot mellom anna Barton, Freire, Street og Bogost sine ulike ståstadar knytt til lesing som sosial praksis. Eg vil vidare sjå på klasseromsengasjement i lys av metodikk, og kome inn på djupnelæring med eit særskilt, kritisk blikk på mitt eige feltstudium. Til slutt drøftar eg Gee og Gourvennec sine perspektiv på fagfellesskap i skjønnlitteratur, i høve elevane sine refleksjonar både i pilotstudien og i feltarbeidet. Analysekapittelet sitt drøftingsobjekt vert slik ei syntese av teoretiske perspektiv og empirisk materiale (jamfør figur 4, kapittel 4.8), og kapittelet ber difor preg av ei drøfting av ulike teoretiske posisjonar opp mot det empiriske materialet.

### 5.2 Elevar som produsentar av kritisk orienterte spørsmål

I ei drøfting av Michael Joyce sin hypertekstroman «afternoon, a story» (1987) diskuterer Aarseth strategiar hjå lesarar som står ovanfor tekstar som utfordrar det han kallar «A Communication Model of Classical Narrative» (1997: 93), altså tekstar som bryt med det ein kan oppfatte som tradisjonell oppbygning. I ein såpass utradisjonell tekst som hypertekstromanen «afternoon, a story», der lesaren må takle brot i kommunikasjonen mellom jamvel forfattar og forteljar, og mellom hovudpersonen og lesaren sjølv, føreslår Aarseth ein strategi der lesaren «[...] has to become a metareader, mapping the network and reading the map of her own reading carefully» (ibid.). I tråd med etymologien i det *ergodiske* som kombinasjonen av *arbeidet* og *stien*, krev Aarseth ein lesar som jamvel gjer substansielle investeringar og djuptgåande refleksjonar. Dette er, vil kanskje nokon seie, i ytterkanten av det ein kan forvente av elevar i vidaregåande skule, men samstundes vil Aarseth på eitt vis tangere strategien til Ludvigsenutvalget om metakognisjon og elevar som «[...] utvikler et bevisst forhold til egen læring, som lærer om det å lære [...]» (Kunnskapsdepartementet 2015). I denne avhandlinga har eg vore oppteken av om ein kan nytte kritisk orienterte spørsmål som ei form for klasseromsteknologi, induktiv for elevar sitt engasjement og, til ein viss grad, djupnelæring og metakognisjon.

I motsetnad til, eller meir presist som ei vidareføring av det Reznitskaya (2012) og Blau (i Fjørtoft 2014) legg til grunn som produktiv klasseromspraksis i høve elevar sitt eige engasjement og læring, har eg designa eit opplegg som plasserer ansvaret for å produsere gode, kritisk orienterte spørsmål hjå elevane. Der ein tradisjonelt sett har vore oppteken av å undersøke lærarane sin praksis og dugleik i klasserom som anten vert skildra som monologiske eller dialogiske (Reznitskaya 2012), freistar eg å flytte ansvaret for å produsere spørsmål til eleven i eit forsøk på å auke engasjementet og til ein viss grad skape det Gee kallar «affinity spaces». Eg kjem attende til både Gee og Gourvennec i siste delen av analysen, men for denne drøftinga sin del er det naudsynt å nemne at eit viktig prinsipp bak det å gjere elever meir ansvarlege for samskaping av innhaldet i ei litterær samtale, handlar om eigarskap. Både hjå Gee og Gourvennec er eigarskap eit tema ein ikkje kjem unna når ein tek føre seg jamvel «affinity spaces» og litteraturfaglege fellesskap. Også Whitney (2008) bidreg i ei drøfting av eigarskap, men då med fokus på læraren sin praksis.

Der Whitney verdset lærarar sin evne til å fortolke eigne val og reflektere over praksis for å utvikle sin eigen profesjonalitet, kan ein overføre same typen prinsipp til den profesjonelle eleven. Whitney sitt *inquiry*-omgrep gjev rom for både det nysgjerrige og det sjølvreflekterande

i einkvan, både lærarar og elevar, sin profesjonelle praksis. Koplar ein det, slik eg har gjort i denne avhandlinga, med Blaikie (2003) sin induktive hypotesetesting, får ein eit nokså enkelt, men verknadsfullt verkty: kritisk orienterte spørsmål som teknologi for å gjere tekstarbeid, skape stiar i tekst og sjå kritisk på eigen praksis som leesar. I feltarbeidet mitt er kanskje den viktigaste observasjonen at det finst eit stort potensial hjå elevane med høve til kva ein kan få til av litterære samtalar. Då ein av elevane til dømes spurde «Kvífor er Katie i dette huset?» under ei spelsesjon med «*Gone Home*», låg det eigentleg eit potensial for ei heil undervisningsøkt under det tilsynelatande enkle spørsmålet. For det er vitterleg eit godt spørsmål: Er forholdet mellom Katie og foreldra hennar därleg, ettersom ho kjem heim til eit tomt hus utan nokon som venter henne? Kva for indikasjoner finn ein på ei slik lesing i indisia ein finn i huset? Elevane er ikkje alltid merksame på sin eigen litterære dugleik, og treng rettleiing i den delen av analysearbeid som ein, med Aarseth, kanskje best kan kalle den multikursale labyrinten. Men det er viktig at ein stoggar der, og at ein let – og tillét – elevane å nytte omvegar for å kome til erkjenning og innsikt.

Ein er ofte som lærar oppteken av fasitsvar, og det skin gjennom i analyseskjema og IRF-pedagogikk som altfor ofte bryt ned den genuine og undersøkande klasseromsdialogen. Det er difor eit slags paradoks at eit fleirtal av elevane i feltundersøkinga rapporterer at dei likte å bryte med den tradisjonelle undervisninga, og heller stille kritiske spørsmål og diskutere seg fram til innsikt via omvegar, av di dei samstundes fylgte eit tradisjonelt åtferdsmønster i klasserommet til tross for at føresetnadene var endra. Eg såg til dømes at det i siste delen av feltarbeidet var dei same elevane som rekte opp handa, som svara og som deltok aktivt med innspel til einannan. I feltarbeidet var i tillegg elevane, og til ein viss grad lærarane, optekne av det ein objektivt kunne fastslå som sant eller usant. Til dømes nemnte eg i skildringa av feltarbeidet at ein elev, Brage, braut ut av oppgåva som handla om å stille kritisk orienterte «kvífor»-spørsmål, og kom med følgjande spørsmål etter opplesinga av *Togsong*: «Hva slags perspektiv har denne novella? Er det mann eller dame?». Eg kjem attende til ei drøfting av Brage sitt spørsmål seinare i kapittelet, men som førebels observasjon er det interessant å sjå at det er vanskeleg å bryte ut av tradisjonell klasseromspraksis, sjølv om ein aktivt søker å gjere det ved å flytte ansvaret for inngangsspørsmåla til elevane sjølve.

I eit overordna perspektiv kan ein sjå attende til OECD og DeSeCo-prosjektet, som søkte å identifisere såkalla 21st Century Skills; kompetansar ein treng i det 21. hundreåret. Evna til å stille spørsmål, til å tenkje kritisk og til å sjå på eigen praksis gjennom *inquiry*-metodikk, vert

skildra i omgrepet *reflectiveness* (OECD 2005), som eg tidlegare i oppgåva har nemnt som ein paraply for kompetansane ein treng i framtida. Tek ein eit steg vekk frå litteraturklasserommet ein augneblink, nyttar OECD *reflectiveness* som ein markør for evna til å gjere emnet for ein tankeprosess til objektet for same prosessen. Med andre ord, og som eit apropos til spørsmål som teknologi-metodikken eg har nyitta i denne avhandlinga, er det verdifullt å utvikle, endre og tilpasse mentale teknikkar ein øver opp, i tillegg til å gjere koplingar mellom desse teknikkane og andre område av livet. Når ein øver opp elevane si evne til å stille gode, kritisk orienterte spørsmål til litteratur, går ein samstundes i retning av «[...] a level of social maturity that allows them to distance themselves from social pressures, take different perspectives, make independent judgments and take responsibility for their actions» (ibid.: 8-9). Eg kan likevel ikkje hevde at ein gjer det motsette når ein som pedagog nyttar tradisjonelle undervisningsopplegg eller analyseskjema, men denne avhandlinga kan kanskje argumentere for ein elevsentrert kritisk literacy-orientert metodikk i høve arbeid med litteratur.

Attende til Brage og spørsmålet om perspektiv og hovudpersonen sitt kjønn i *Togsong*: All den tid den skulske sekundærdiskursen legg vekt på å gjere elevar til lesarar som med kyndige blikk kan avdekke dei sentrale elementa i tekst, er det openbert at elevane stiller spørsmål dei sjølv har erfart er viktige i skulen. Eg gjorde greie for den korte diskusjonen som fylgte attende i kapittel 4.6.3, og ut av han kan ein lese ein samtale som stranda i brotet mellom ein elev sitt forsøk på å meistre den skulske diskursen, og ein pedagog sitt forsøk på å bryte han. Då eg spurte Brage om det eigentleg var viktig om hovudpersonen i novella var mann eller kvinne, vart eigentleg samtalen flytta opp eit nivå; frå det deduktivt moglege til det hypotetisk reflekterande. Den rørsla var korkje Brage eller særleg mange andre klare for å følgje, i alle høve ikkje i den munnlege samtalen. Samstundes kom det mange skriftlege spørsmål som syner at elevar sit på ein tekstkompetanse dei kanskje ikkje alltid får vist fram i skulen. Til dømes stiller ein elev spørsmålet: «Hvorfor må han/hun gå videre når alt er perfekt?», og ein annan vel ei anna vinkling på same leseproblem med spørsmålet: «Hvorfor må hun/han vite hvor toglinja ender?» I novella vert det gjort eit poeng ut av toget som alltid går vidare, og trangen i mennesket til alltid å bevege seg framover: «Eg trur at når alt er perfekt, så er det ikkje til å halde ut. Då må du vidare» (Grytten 2001: 309). Spørsmåla desse elevane stiller vert opplevd som meir engasjerande enn dei ein finn i analyseskjemaet, både av di elevane sjølv har produsert dei, men òg av di spørsmåla gjev elevane ein sjanse til å svare med utgangspunkt i si eiga erfaring. Som produsentar av kritisk orienterte spørsmål til tekst, kjem elevane langt i å eige

diskursen, og ein dyktig pedagog kan skape vel så mykje djuptgåande læring med denne metodikken som med tradisjonell klasseromsundervisning.

### 5.3 Koherens i plot

Forfattaren Jan Kjærstad sin poetikk er prega av ønsket om å kommentere skilnaden mellom den psykologiserande og biologiske skjønnlitteraturen; høvesvis den litteraturen som er oppteken av årsak og verknad på den eine sida, og den som kritiserer slike koplingar på den andre. I sin kritikk av den tradisjonen av skjønnlitteratur som femner mellom anna Hamsun, insisterer Kjærstad på eit litteratursyn som legg vekt på «menneskets vidde»; aksjonsradiusen einkvan sit inne med, og som ikkje har som føresetnad eit koherent og organiserande menneskeleg plot. Kjærstad plasserer seg i tradisjonen til Brooks (1984) og kritikken av det rigide i formalismen, samt reduksjonen i den psykoanalytiske lesinga av litteraturen som «[...] et produkt av forfatterens ubevisste begjær og ønsker» (Sveen 2014: 9). Hjå Kjærstad er idealet skildringar av mennesket som ei matrise heller enn ei årsaksforklaring. I staden for å gje etter for ønsket om og behovet for å organisere eit narrativ i eit plot der handling og verknad heng uløyseleg saman, skriv Kjærstad romanar der idealet er slump og tilfeldigheiter. Når Kjærstad, som den eine ekstremitten, møter den Hamsun-orienterte skulen på den andre sida, kolliderer omsyn. Når ein i neste omgang nyttar fyndord som kritisk tenking, djupnelæring og metakognisjon i arbeidet med nye læreplanar, vert diskusjonen kring arbeid med litteratur aktualisert i retning av det som har med organisering å gjere.

Eg har i lengre tid vore oppteken av elevar sitt behov for å søke fram til og kontrollere ulike aspekt i tekstar, spesielt i arbeid med skjønnlitteratur og lyrikk. Med utgangspunkt i Reznitskaya kan det sjå ut som om skulen enno har ein tradisjon som legg til rette for ei slik tilnærming til arbeid med litteratur. I høve omgrepene *recitation*, viser Reznitskaya til mellom anna Alexander (2008), Cazden (2001), Mehan (1998) og Tharp & Gallimore (1991) som dekning for å hevde at lærarar ofte heng seg opp i å stille «known information questions». (2012: 446). Slike spørsmål, der læraren kontrollerer alle aspekt av kommunikasjonen; frå sjølve spørsmålet, til kvaliteten på responsen og på oppfølgninga, bidreg ikkje til læring. Tvert imot, dei er skadelege for læringsarbeidet (*ibid.*). I feltarbeidet mitt såg eg døme på haldningar hjå både elevar og lærarar som gjev til kjenne *recitation*-pedagogikk som anten idealet eller tradisjonen i klasserommet. I tillegg la eg opp fyrste undervisningsøkta, med novella «Blodspor» i denne tradisjonen, slik at eg kunne syne skilnaden mot andre typar innfallsvinklar

til litteraturarbeid. Eg vil dra opp att nokre episodar for å syne eit poeng, før eg går vidare i analysa.

Både i klasserommet under den første undervisningsøkta, og i datarommet medan ei lita gruppe elevar spelte seg ferdig med «Gone Home», stilte læraren Ida meg spørsmål som vitna om ei tradisjonell *recitation*-oppfatning av arbeid med tekst. All den tid ho oppfatta meg som forfattar av analyseskjemaet til den fyrste novella me las i klasserommet, lurte ho fyrst på kva eg hadde meint med eit spørsmål knytt til vendepunktet i novella. Førespurnaden hennar var ikkje knytt til forståing av sjølve spørsmålet, men heller ein idé om at det fantest eit spor elevane skulle følgje for å kome i mål med dette spørsmålet i skjemaet. Situasjonen i datarommet hadde likskapar med den fyrste, men her var det eleven Sandra som stilte fleire spørsmål til korleis eg forstod teksten dei hadde jobba med. Min reaksjon, som hadde vore konsekvent gjennom alle speløktene, var å trekke på skuldrene og svare at det ikkje fanst fasitsvar, noko som såg ut til å forundre Ida. I ettertid, og med utgangspunkt i til dømes Reznitskaya og Freire, har eg kome til at innfallsvinkelen hennar kanskje handlar om kva ein ser på som målet med lesing av skjønnlitteratur i skulen.

Freire (2006) sitt mål om å få elevane til å *lese orda, og lese jorda*, overført til ein norsk kontekst, ber med seg idealet om å late ein kvar tekst stå på eigne bein i møte med ein gitt kontekst. Les ein Freire slik, som eg gjer, vil ein nærmast alltid abonnere på aktualiseringstanken når ein tek føre seg skjønnlitteratur. Då er det samstundes tilnærma umogleg å leggje til grunn *recitation*-praksis i klasserommet, all den tid det vil slå beina under ideen om tekstanalyse som eit uttrykk for lesaren si forståing av teksten i verda. Dette heng òg saman med Bogost (2008) sitt omgrep *possibility space*, som markerer det frie rommet ein kan operere innanfor når ein speler. Slike moglegheitsrom har eg òg kommentert i høve Gee (2007, 2013), og eg kjem attende til han i siste del av analysekapittelet, men eg vil nytte litt tid på *possibility spaces* som del av drøftinga av elevane sine haldningar til tekstanalyse.

Der Bogost definerer *possibility spaces* som fri rørsle innan eit rigid system (2008: 120), er det vanskeleg å sjå at elevar i møte med skjønnlitteratur opplever stor grad av fri rørsle om ein legg til grunn klassisk *recitation*-pedagogikk. I møte med tekstane me jobba med i feltarbeidet, rapporterer elevane i gruppeintervjuat dei føretrekte å jobbe med kritisk orienterte spørsmål, og at dei verdsette dei moglegheitene denne metodikken gav for å opne for ulike innfallsvinklar til tekstane. Til dømes sa ein elev i gruppeintervjuet etter undervisningsopplegget: «Kjekt å stille kritiske spørsmål. Vi er jo forskjellige folk, så noen er kritiske til noe, mens andre er

kritiske til annet. Bedre diskusjon.» (Thengs 2018). Attende til Bogost og *possibility spaces* i spel, finn ein eit rom som ikkje er statisk, men som heile tida må reforhandlast av den som speler. Som leser av ein, med Aarseth, ergodisk tekst som dataspelet er, må ein både forstå, tolke og handle innanfor eit sett med reglar som gjev større eller mindre rom for fri utfolding. På same måte kan ein sjå innfallsvinkelen til arbeid med klassiske tekstar i klasserommet som ei etablering av eit sett med reglar, der elevane sitt moglegheitsrom vert større eller mindre avhengig av kor stor kontroll ein som pedagog vel å ta. Når Bogost avsluttar «The Rhetoric of Video Games» med eit ambisiøst postulat, er det verdt innsatsen å byte ut «play video games» med «read texts»: «Rather, we need to play video games in order to understand the possibility spaces their rules create, and then to explore those possibility spaces and accept, challenge, or reject them in our daily lives» (Bogost 2008: 137). Kritisk orienterte spørsmål kan gjere det enklare å forstå tekstanalyse som eit sett med reglar ein må orientere seg i, reforhandle, stille seg kritisk til og, av og til, bryte.

Skulen og den pedagogiske tradisjonen lærarar opererer innanfor, er på si side like rigid og tradisjonsbunden som elevane sine forventningar til han. I andre del av timen der klassen jobba med novella «Blodspor», til dømes, freista læraren Kåre å gje konstruktive tilbakemeldingar til elevane som bidrog i diskusjonen. Som lærarar ofte gjer, endte Kåre likevel opp med å «ta over» elevane si tolking og tilføre henne eige innhald gjennom meir eller mindre lukka spørsmål. I eit utslag av det nesten ufriviljug komiske, stilte læraren klassen spørsmålet: «Er det mye dialog i novella?» Dette spørsmålet var eitt av punkta i analyseskjemaet, men sjølve novella er bygd opp som eit samanhengande tankereferat hjå ein sju år gammal gut. Ein kunne sjølv sagt hoppa over dette spørsmålet i ei tradisjonell undervisningsøkt, men Kåre valde å halde seg lojal til opplegget eg hadde designa. Som ein lett karikert skildring av den rigide pedagogiske praksisen ein ofte finn i litteraturundervisning i skulen, vart spørsmålet om dialog i «Blodspor» dimed til eit treffande symbol på det motsette av engasjement og djupnelæring.

Konsekvensen av det til dels skarpe skiljet mellom skulen og elevar sin eigen lesepraksis, finn ein mellom anna attende i gruppесamtalane i pilotopplegget hausten 2017, i to elevar sine refleksjonar kring sitt eige forhold til kritisk tenking. Ein elev, som oppga å ikkje ha hatt noko forhold til kritisk tenking før, såg det ein hadde jobba med i undervisningsopplegget som eit reint verkty for skulebruk. Hen rekna det ikkje som nyttig for å lese tekstar utanfor skulen, all den tid ein ikkje trong det då. Ein annan elev pekte på at kritisk tenking var viktig for å analysere tekstar, av di skulen krev det. Hen såg heller ikkje på kritisk tenking som ein dugleik som var

relevant utanfor skulen. Med andre ord: Det ein oppfatta som tilhøyrande den skulske diskursen, vart samstundes vurdert som lite relevant (eller til og med irrelevant) for den private sfæren.

Attende i feltarbeidet våren 2018 var det fleire av elevane som, i lys av kontrasten mellom opplegga til «Blodspor» og «Togsong», oppfatta «Gone Home» som ei slags novelle. Mellom anna seier Jørgen i eitt av gruppeintervjuia: «Me følte meir at dette dataspelet skulle vere ei novelle, at me skulle skjønne det her» (Thengs 2018b). Implisitt gjer Jørgen ei kopling mellom det å *skjønne* noko, som ein form for læring, og det skulske prosjektet det er å lese ei novelle. I motsett fall, når ein speler eit dataspel på fritida, er ikkje målet nødvendigvis å *skjønne* mest mogleg, med ordet *skjønne* forstått som læring. Det er òg ein refleksjon som heng tett saman med den dei to elevane gjorde i førre avsnittet, men samstundes uttrykker elevane i feltarbeidet større grad av begeistring og engasjement enn elevane i pilotstudien, trass i at dei eldre elevane viste ei meir moden og reflektert haldning til tematikken i tekstane.

#### 5.4 IRF og engasjement i klasserommet

Med Alexander (2015), Reznitskaya (2012) og observasjonane eg har gjort, vil eg hevde den klassiske IRF-pedagogikken som høgst levande, om enn under åtak frå dyktige pedagogar på skulen eg fekk vitja ei veke under feltarbeidet mitt. Eit sentralt funn både i klasseromsobservasjonane mine og i gruppeintervjuia, var graden av og typen engasjement hjå elevane i dei ulike undervisningsopplegga som vart gjennomført. Eg vil gå attende til Fjørtoft (2014) si skildring av Blau og litteraturlaboratoriet som målestokk for det arbeidet eg gjorde, og drøfte observasjonane mine opp mot denne.

I teoridelen av denne avhandlinga skildra eg læraren si rolle hjå Blau i eit skifte frå kritisk forvaltar til kurator, og elevrolla som passiv respondent til aktiv medskapar i litteraturarbeidet. Litteraturlaboratoriet Blau argumenterer for har motivert det opplegget eg sjølv utvikla, og i forskingsspørsmålet mitt ligg det ei tydeleg forventning om at elevmedverknaden i klassen ville auke betrakteleg med ein annan innfallsvinkel. Det var difor både interessant og til dels skuffande at det ikkje skjedde; jamfør kapittel 5.2 og drøftinga av elevane sitt åferdsmønster med opplegget som legg til grunn kritisk orienterte spørsmål som metode i staden for klassisk IRF-pedagogikk og analyseskjema. Der Blau legg opp til eit klasserom der elevane sin eigen røyndom vert både anerkjent og sett på som verdifull, skulle det vise seg vanskeleg å gjere ei omveltning av eit klasserom på ei dryg veke.

Eg har allereie gjort greie for at elevane i liten grad endra åtferdsmønster i klasserommet når ein analyserer opplegget der eg nytta kritisk orienterte spørsmål som teknologi. Samstundes er det viktig å nyansere biletet noko. Elevar som i fyrste del av undervisningsopplegget fylte ut analyseskjemaet med einstavingsord og setningar utan verbal, skreiv no gode og reflekterte spørsmål ned på papiret. Det var tydeleg at dei hadde gjort seg opp meininger om teksten dei hadde lese, og at dei hadde konkrete spørsmål som ville ha dykka ned i tekstmaterien på ein fruktbar måte. Til dømes hadde Sandra skrive ned spørsmålet «Kvífor er han redd?» på arket sitt, som eitt av sine spørsmål til novella «Togsong». I novella kjem det ikkje direkte fram at hovudpersonen er redd, korkje for det havarerte forholdet sitt eller for livet som kjem, men det er eit særdeles relevant spørsmål å stille i eit klasserom. Likevel, og til tross for oppmodingar til å stille spørsmålet, vel Sandra å halde seg tyst saman med venninna Nora. I gruppeintervjuet forklarar dei: «Vi deler aldri med klassen. Vi har kroken vår der bak» (Thengs 2018b). Ein kan erfaringmessig kjenne att denne typen elev, om ein kan tale om elevar som typar, og det er tydeleg at den tradisjonelle klasseromssettingen ikkje er ein fruktbar læringsarena for alle. Om enn berre som del av ein større debatt kring læring, er det interessant, då, å sjå at Sandra og Nora synte eit høgare kompetansenivå med dette opplegget enn i fyrste del av veka.

For fleire av elevane handlar også aktivitet i klasserommet om kva slags rolle dei meir eller mindre medvite har gitt seg sjølv, med Sandra og Nora og sin «krok der bak» som det mest slåande dømet. Andre elevar gjev opp andre grunnar for ikkje å rekke opp handa. Til dømes ga eleven Joakim denne grunnen til at han ikkje delte spørsmåla sine med resten av klassen: «Nei, jeg liker bedre å fokusere og bruke ørene heller enn munnen» (ibid.) Han går så vidare til å knyte aktivitet til vurdering: «Jeg foretrekker å lære gjennom å høre. Har prøvd å være mer aktiv i det siste, bare for å få opp karakteren» (ibid.) Motivasjonen, og det engasjementet ein kanskje kan sjå hos einskilde, har altså òg ein dimensjon som handlar om vurdering. Eit slikt fokus kan og hemme aktiviteten i eit klasserom, all den tid elevane tydelig oppfattar læraren si vurdering av den munnlege produksjonen som ein situasjon som i siste instans har innverknad på karakteren deira. Så er det i neste ledd, som nemnt, skuffande at elevane i liten grad endrar åtferd i møte med metodikk som legg lista lågare for å delta, i alle høve i innleiinga. Samstundes gjekk den samla aktiviteten i klasserommet opp, av di dei som deltok, kom med meir innhald og fleire spørsmål enn dei gjorde før i veka.

Ved å gjere endringar i korleis ein jobbar med litteratur i klasserommet, slik eg har gjort i feltarbeidet mitt, endrar ein og på strategiane elevane kan nytta for å syne kompetanse. Sjølv

om aktiviteten i klasserommet sto fram som uendra eller til dels den same som før, fekk ein som elev eit nytt «possibility space», for å nytte Bogost sitt omgrep, for å tilnærme seg tekst. Reglane for korleis ein møter tekst vart endra, og som resultat fekk eg attende ei tavle full av kritisk orienterte spørsmål me kunne dykke ned i. Mange av spørsmåla til novella «Togsong» bar enno preg av å vere retta inn mot det ein kanskje tenkte seg lærarane var opptekne av i ein meir tradisjonell analysekontekst, som til dømes: «Hvorfor er det så mange gjenntagelser [sic.] i teksten?», medan andre tok opp i seg det engasjerande ved historia i seg sjølv: «Hvorfor må han vite hvor toglinja ender?», og «Hvorfor mener han at når alt er perfekt, må du videre?»

I neste ledd, når ein skal ta opp kritisk orienterte spørsmål elevane sjølv har engasjert seg i å formulere, er det imperativt å drive god, dialogisk undervisning i retning det Reznitskaya (2012) legg til grunn. Motsetnaden er at spørsmåla allereie er på plass. Ein har altså plassert læraren sitt estetiske – og til tider styrande – blikk på teksten i bakgrunnen, til fordel for elevperspektivet. Risikoen knytt til denne måten å nærme seg tekst på ligg sjølvsagt i kva for fagleg utbyte elevane og klassen får ut av samtalar kor læraren ikkje kan kvalitetssikre innhaldet frå byrjinga av. Denne avhandlinga har synt – vonar eg – at det engasjerande og motiverande med «spørsmål som teknologi»-metodikken gjev gode vekstvilkår for elevar si investering i arbeidet og for djupnelæring, gitt god klasseleiing som anerkjenner og veit å utnytte det faglege potensialet i det elevane spør om.

## 5.5 Main quests og side quests

I eitt av gruppeintervjua eg gjorde under feltarbeidet mitt, kom som nemnt ein av elevane med utsegna: «Vi tok main questen, men ikke side questene» (Thengs 2018b), som ein kommentar til kor mykje av historia dei hadde forstått i teksten «Gone Home». Mange innan forskingsfeltet er opptekne av literacy som sosial praksis, og i denne avhandlinga står Barton (2007) som det klåraste dømet på ein forkjempar for elevorientering som rettesnor for undervisningspraksis. Eg søkte, i arbeidet med undervisningsopplegget til både pilotstudien og feltarbeidet, å gjere alvor av prinsippet hjå Barton om å verdsetje elevar sin eigen literacypraksis. Om nykelen til fruktbart litteratarbeid i klasserommet går gjennom «main quests» og «side quests», er det ein like verdifull veg gjennom den multikursale labyrinten som noko anna.

Ein kan innvende mot Barton at det nærmast vert eit mål i seg sjølv å nytte tekstrapraksis som elevane sjølv kjenner til, utan at det ligg tydeleg læringsverdi i botn. Dei siste åra har ein til

dømes sett debattar både kring mobilspelet «Pokémon Go» og leketøyet «fidget spinner» og potensialet – eller mangel på slikt – dei har for skulen. Ein ser ofte at digitale trendar kjapt blir gjenstand for pedagogisk debatt, og det går sjeldan lang tid frå eitt eller anna nytt vert lansert til det hamnar i klasserommet som del av meir eller mindre banebrytande pedagogikk. Der kritikarar ofte går til åtak på nyvinningar som problematiske av di dei er forstyrrende (Christensen 2017), vil tilhengjarar løfte fram forstyrringa som det potensielt fruktbare for læring. Barton høyrer definitivt til i den siste gruppa, og bed skular om å gjere bruk av elevar sin eigen literacypraksis ikkje berre for nyvinninga sin del, men av di han ser på ei verdsetjing av elevar sin literacypraksis som brubyggjar mot dei tradisjonelle, skulske tekstane.

«Gone Home» har spela ei slik rolle i undervisningsopplegget mitt. Som pedagogisk strategi kan det vere risikabelt å skulle trekkje inn for mykje av elevane sin eigen lesepraksis, av den enkle grunn at det som vert inkludert i den skulske sekundærdiskursen ofte mistar litt av appellen hjå elevane. Det er ikkje lenger *pønk*, det skulen vel å byggje inn i ein læringskontekst. Når ein vel å verdsetje elevar sin eigen lesepraksis, må ein difor leggje vekt på *domene* i staden for einskilde tekstar. I høve dataspel har eg sjølv ikkje vald eit kjent og populært kommersielt spel alle elevane kjenner, men eg nyttar det elevane kjenner att frå speldomenet pedagogisk for å gjere koplinga mot tradisjonelle tekstar. Det var tydeleg at elevane som diskuterte parallelhandlingar i dataspelet «Gone Home» og nytta omgrepene «main quest» og «side quests» i gruppeintervjuja, såg koplinga mellom spelet og novellene me las i klasserommet. Det gjorde samtalen og refleksjonen kring tekst lettare i andre enden, sjølv om eg som nemnt ikkje såg ei markant endring i elevane si åtferd og aktivitet i klasserommet. Ein annan interessant bieffekt, om ein kan nytte eit slikt ord, ved å bruke ein tekst av typen dataspel i undervisninga, er dei alternative måtane elevar kan nytte for å finne informasjon og tips til lesinga si. Gruppa til Frank førebudde seg til andre speløkta ved å sjå videoer på YouTube for å finne løysingar og hint til korleis dei kunne kome seg vidare i historia. Eg vart presentert for eit dilemma som lærar i møte med den typen «juks»: Burde eg slå ned på det, eller heie det fram? Eg valde det siste, og eg kjem til å nytte plass på å gjere greie for korleis eit slikt val heng saman med Barton sine idear om elevsentrering og literacy som sosial praksis.

Då Frank og gruppa hans kom attende til datarommet for den andre speløkta med «Gone Home», var det med målbevisste blikk. Dei starta spelet, og såg ut til å vite nøyaktig kor dei skulle for å finne ein nykel som mange av gruppene hadde slitt med å leite fram. Det kom fort fram at dei hadde funne «oppskrifta» på internett, nærmare bestemt i ein YouTube-video. Det finst mange

slike videoar ute på nett, både av typen «speedrun», der ein går gjennom spelet så fort som mogleg, og lengre videoar der ein finn fram til alle objekt og premiar i spelet (YouTube 2018). Frank og gruppa hans var raskt ferdige med spelet, og gjekk dimed glipp av fleire av det ei av gruppene kalla «side quests» i teksten; parallelhistoriene spelet ikkje leder lesaren direkte inn mot, men som ein må oppdage gjennom indisium i teksten.

I eit klasserom der ein les tekstar og arrangerer vurderingssituasjonar av klassisk, analytisk karakter, representerer ferdigskrivne analysar frå internett eit trugsmål mot læraren si vurdering av eleven sin reelle kompetanse. Det ville videoane gruppa til Frank hadde funne og ha gjort, om eg la til grunn ei tilnærming som handla om å finne og identifisere verkemiddel, og drøfte dei i ein tradisjonell analysetekst. YouTube-videoane ville då ha syna ein kompleksitet elevane kanskje ikkje hadde funne sjølv, og slik gitt eit skeivt bilet av kompetansen deira. I eit klasserom der ein nyttar kritisk orienterte spørsmål som utgangspunkt for den litterære samtaLEN, derimot, vil slik «juks» vere ein katalysator for meir djuptgåande spørsmål og læring. Videoane gjev ulike innblikk i teksten, på same måte som lesing av andre sine analysar av tekst gjev innsikt ein sjølv kan bruke produktivt til å skrive gode, sjølvstendige tekstar. Når ein då tek utgangspunkt i elevane sine eigne spørsmål i klasserommet, nærmar ein seg eit område der ein kan verdsetje elevar sin sjølvstendige kompetanse utan å bekymre seg for korkje plagiat eller ubegrensa tilgang til internett. Då vert strategien til Frank og gruppa hans ikkje berre akseptabel; han vert til ein fruktbar del av læringsarbeidet. I neste ledd kan ein sjå føre seg at Frank og dei andre han samarbeidde med, bryt sine eigne «funn» og analyser mot andre i ulike nettfora og liknande, og slik bringer det skulske attende til Gee og det eg skildra i kapittel 3.3: Dei vert deltakarar i eit semiotisk domene, kytt til ulike *affinity groups* med unik kjennskap til designgrammatikken dei ulike aktørane nyttar for å kommunisere om einskilde tekstar eller teksttypar.

## 5.6 Kritisk literacy og djupnelæring

Eit sentralt premiss for denne avhandlinga er at kritisk literacy-orientering og engasjement, anten det handlar om spørsmål som teknologi i litteraturundervisninga eller kritisk literacy forøvrig, gjev betre føresetnader for djupnelæring. Eg har nytta ein definisjon av djupnelæring som ei gradvis utvikling av elevane si forståing av omgrep og samanhengar innan fag. (Kunnskapsdepartementet 2016) I tillegg har eg gjort eit poeng ut av det Pellegrino og Hilton (2012) definerer som det *overførbare* i læringsarbeidet. Koplinga eg gjer mellom djupnelæring

og kritisk literacy heng saman med ideen om kritisk orienterte spørsmål som brubyggjar mellom dataspel og tradisjonell skjønnlitteratur. Der eg i eine enden nyttar dataspel som eit døme på litteratur, er det av di eg ynskjer å ta på alvor elevane sin eigen lesepraksis. Så vert «spørsmål som teknologi»-metoden ein brubyggjar av di han er verdifull både i arbeidet med dataspel som litteratur, og i det skjønnlitterære klasserommet med papirteksten som medium. Det engasjementet eg har sett hjå elevane kan i eit visst mon skrivast attende til den koplinga eg har gjort mellom dei to typane litteratur. Metoden vert her ein inngangsport til det litteraturfaglege fellesskapet eg søker å oppmuntre til. Eg kjem attende til ei drøfting av Gee og «affinity spaces» i neste del av analysekapittelet, men det er førebels naudsynt å kommentere nokre refleksjonar frå feltarbeidet opp mot Flyvbjerg (2006) sitt omgrep «bias toward verification», og Tjora (2012) sin SDI-metodikk i høve val av tekstar og metodikk.

Når elevar i gruppeintervjuer etter feltarbeidet rapporterer at dei lærte meir av å stille kritisk orienterte spørsmål til tekstane, handlar det både om form og metode. Eg har allereie, i metodekapittelet, vore inne på at desse refleksjonane hjå elevane kan ha ulike årsaker. Ein kan til dømes sjå på kommentarane frå elevane i gruppeintervjuer som ulike uttrykk for at ein ny metodikk gjev meir engasjement i kraft av å vere ny. Hjå Flyvbjerg (2006) finn ein omgrepet «bias toward verification», nytta i ein kritikk av misforståingane han hevdar kjem fram i omtalar av kvalitativ forsking. Misforståinga knytt til «bias toward verification», eller stadfestingstendens, som er den norske ekvivalenten av omgrepet, handlar i følgje Flyvbjerg om at ein legg til grunn at det finst større opningar for å trekke subjektive og tilfeldige slutningar innanfor kvalitativ forsking enn med andre metodar. Sjølv om Flybjerg, med rette, framstiller ein auka stadfestingstendens i kvalitativ forsking som ei misforståing, er det samstundes nyttig å gjere ei drøfting av både min eigen og elevane sin potensielle stadfestingstendens i feltundersøkinga.

Premissen som ligg til grunn for forskingsspørsmålet i denne avhandlinga, der eg søker å svare på korleis ein kan nytte kritiske og utforskande spørsmål til å skape engasjement hjå elevar i litteratarbeid, er open for drøfting. Han inneheld eit tydeleg element av kritikk mot tradisjonelt litteratarbeid, med grunnlag både i eigne opplevingar, eigen undervisningspraksis og i forsking forøvrig (t.d. Reznitskaya 2012). Med dette som utgangspunkt designa eg eit undervisningsopplegg der eg testa konkrete grep, både spørsmålsmetodikk og insistering på dataspel som litteratur, for å undersøke om eg kunne nå kvalitetsmessig betre undervisning og meir engasjement hjå elevane. Det siste, engasjement, kan eg slå fast har funne stad, i alle høve

innanfor den korte tida opplegget varte. Elevane rapporterer meir spennande og annleis undervisning, og dei gjev uttrykk for at det var spanande å drive med litteraturundervisning på ein annan måte. Til dømes sa eleven Tom dette om kvifor han føretrekte «Gone Home» av dei tre tekstane me hadde jobba med gjennom veka: «Gone Home, bare fordi det å sitte ved en pult og lese og skrive er noe av det kjedeligste jeg vet. Jeg satt 50% av tiden der inne og skreik «Hva skjer?». Det er liksom mye gøyere da» (Thengs 2018b). Så kan ein sjølvsagt diskutere om det engasjementet hadde vore konstant om ein konsekvent dreiv med dataspel og induktiv hypotesetesting gjennom eit heilt skuleår, men den typen problematisering vil i alle høve vere kunstig av di ein som pedagog alltid varierer undervisninga.

Det eg vil vere meir forsiktig med å slå fast som eintydig sant, er om ein kan nå kvalitetsmessig *betre* undervisning med denne typen innfallsvinkel til litteraturundervisning. Som med alle hypoteser ligg det sjølvsagt ein idé om ei realiserbar sanning i botnen, men motsatsen til ein slik idé vil alltid vere at ideen i seg sjølv pregar forskingsarbeidet i retning av nemnte stadfestingstendens. Difor er det absolutt naudsynt å designe tilnærma vanntett forsking som både legg for dagen metode og resultat, men som og drøftar kritisk premissane for spørsmåla ein stiller og dataa ein får inn. Det er ingen tvil om at elevane sjølv, i responsen dei har gjeve, opplever undervisninga både i pilotstudien og i feltarbeidet som kvalitativt betre enn det dei er vane med. Dei rapporterer mellom anna at dei kjem «lenger inn i teksten» med kritisk orienterte «kvifor»-spørsmål (Thengs 2018b), og at opplegget representerte noko anna enn det dei plar gjere (og dimed gjev meir læring). Feilkjelda, i mangel av eit betre ord, vil her vere at metodikk overskuggar faglig djupne, og at det som tilsynelatande er å kome «lenger inn i teksten» vert forveksla med det å glede seg meir over læringsprosessen. Isolert sett er engasjement svært læringsfremjande, men om engasjementet i seg sjølv er det som skapar meir læring, vil ein naturleg nok få ei kurve som over tid flatar ut når engasjementet går ned. Samstundes, og eg kjem attende til dette poenget, handlar undersøkinga mi om å sjå nettopp *korleis* kritiske og undersøkande spørsmål kan vere nyklar til engasjement hjå elevar.

Siste økta i datarommet har eg allereie skildra som interessant av fleire årsakar. Ein av dei var Sandra sitt engasjement i teksten gruppa hadde føre seg. Der eg i klasserommet såg ei jente som gjorde sitt ytterste for å ikkje involvere seg i læringsarbeidet, kunne eg på datarommet jamt over klassifisere henne som den kanskje mest aktive deltakaren i å skape mening, kome vidare i historia og i å stille undrande (dog plotorienterte) spørsmål. Hennar engasjement i opplegget var genuint i den forstand at ho ikkje var oppteken av lesinga av teksten i eit skulsk perspektiv.

I gruppeintervjuet rapporterte gruppa hennar at dei sette pris på det at dataspelet opna for meir tenking, diskusjon og samarbeid (Thengs 2018b). Då eg la opp til same prosess i klasserommet, då i høve opplegget med «Togsong», fekk eg ikkje same engasjementet. Då rapporterte gruppa at dei «aldri deler med klassen» og at ein var meir aktiv i «Gone Home»-opplegget av di det var «meir gøy». (ibid.). Samstundes ser ein koplingar mellom dei ulike tekstane og teksttypane ein har nytta, og i den erkjenninga ligg kimen til noko ein kan foredle til læring – og djupnelæring.

All den tid Sandra si gruppe, og andre grupper, produserte gode, kritisk orienterte spørsmål, kan ein seie noko om kvaliteten i undervisninga samanlikna med det tradisjonelle IRF-opplegget knytt til novella «Blodspor». Som nemnt såg eg den same klasseromsdynamikken i observasjonar av kven som rakk opp handa og deltok aktivt i diskusjonar, men under denne diskusjonsstøyen fann eg altså ei rekkje interessante spørsmål som synte ei djup forståing av teksten ein hadde lese. I motsetnad til analyseskjemaet til «Blodspor», som nærmast utelukkande bad elevar undersøke einskildelement separat før ein ankom ei tolkingssyntese mot slutten, kunne elevar her gå fritt mellom observasjonar og stille spørsmåla dei sjølv var opptekne av. I sum var ein, trass i at den munnlege deltakinga ikkje endra seg nevneverdig, nærmare eit litterurfagleg fellesskap med dette opplegget enn med det førre. Det i seg sjølv er viktig å løfte fram som ei rørsle mot meir djupnelæring, for i eit klasserom der fleire er involvert i å produsere tekst elevane til ein viss grad *eig* sjølv, finn ein potensial for meir engasjement i læringsarbeidet.

## 5.7 «Riste litt i hjernen»

Gourvennec si doktoravhandling frå 2016 har vore ei kjelde til både inspirasjon og utvikling av mine eigne konsept. Når eg her vel å gje kapittel 5.7 same tittel som avhandlinga hennar, er det for å tippe hatten mot ei vinkling til litteratarbeid som eg sjølv søker å tangere. Og for å nytte ei lett omskriving av Newton: Sjølv om eg ikkje finn ut så mykje nytt, er det likevel inspirerande å stå på skuldrene til kjemper.

Denne avhandlinga handlar fyrst og fremst om arbeid med skjønnlitteratur, med ein utvida definisjon av litteratur som òg omfattar dataspel. Eg har freista å undersøke om kritisk orienterte spørsmål som metodikk i klasserommet kan ha innverknad på elevar sin læring og engasjement. Målet for arbeidet kan best beskrivast med James Paul Gee sitt omgrep «affinity space», i den

forstand at eg søker eit litteraturklasserom med meir engasjement og djupnelæringer der elevar vert ein del av den litterurfaglege forståingsramma.

Gee legg til grunn at dei som spelar dataspel opplever eit fellesskap innan den sjangeren dei spelar, og at dei utviklar ei forståing for kva for normer og reglar som gjeld der dei spelar. Spørsmålet er om ein kan utnytte dataspelet som eit «affinity space», og introdusere element av litteratur gjennom å bruke spel som fungerer som «ergodisk litteratur», altså spel der spelaren må investere tid og innsats for å forstå det som skjer. Eleven er allereie ein slags ekspert, eller i alle høve ein deltakar i det «affinity space» som er spelverda, og har kjennskap til ein designgrammatikk som kan overførast til litteraturverda gjennom kritisk orienterte spørsmål. Eg har sett døme på nettopp slike *affinity spaces* i arbeidet mitt, og elevane har rapportert at dei ser samanhengar mellom tekstane me har nytta i undervisninga. Det gjev håp om eit fruktbart utfall av denne avhandlinga, og i dette kapittelet kjem eg til å drøfte Gee sine *affinity spaces* og Gourvennec sitt «litterurfaglige fellesskap» opp mot mitt eige arbeid, og vurdere potensialet omgrepa har når ein driv litteratarbeid i klasserommet.

Eg har vore oppteken av kritisk orienterte spørsmål, og kritisk tenking som metode, i arbeidet mitt. Gourvennec knyt mellom anna den kritiske tenkinga til Gee sitt diskursomgrep, og skildrar det potensialet som ligg i det kritiske blikket på tekst ein kan få gjennom metakunnskap til tekst (2016: 67). Ho viser til Gee sine omgrep «acquisition» og «learning» (*ibid.*) i samband med diskursar, omgrep som skil mellom høvesvis tradisjonell «innlæring» og «læring» gjennom naturleg eksponering. Der den tradisjonelle innlæringa kan gje eit metaperspektiv som gjer det mogleg å ta eit kritisk oversyn på diskursen, handlar den naturlege eksponeringa om å tilegne seg kompetanse gjennom bruk. I arbeidet mitt har eg medvite lagt vekt på det siste, og gått omvegen om dataspel for å byggje ei bru mellom eit område elevane gjerne sit på metakunnskap om, og eit anna område dei ofte vert presentert for gjennom innlæringsmetoden. Eg har altså ikkje gjort eit aktivt arbeid med «acquisition» i høve dei tradisjonelle tekstane, og det er her det vert interessant å sjå om spelsjangeren forstått som litteratur har hatt verdi når elevane skal drive induktiv hypotesetesting for å dykke ned i ein skjønnlitterær tekst på papir.

Med utgangspunkt i førre avsnittet vert hypotesen min, om enn til dels kontroversiell, at eleven som spelar er del av eit *affinity space* med ei form for ekspertise knytt til ein designgrammatikk som ein kan overføre til arbeid med litteratur. Her er eit etterhald eg må ta opp før eg går attende til gruppeintervju og klasseromsobservasjon: Har alle dataspel verdi? Omgrepet «dataspel»,

med det arkaiske «videospel» som synonym, femner breitt. Denne breidda kan ein illustrere med omgrep som «gamification», «good games» og «serious games».

Omgrepet «serious games» kjem frå Zyda (2005), som dreg opp eit skilje mellom spel som sådan, og spel som er utvikla for pedagogisk bruk. Desse vert definerte som «[...] a mental contest, played with a computer in accordance with specific rules, that uses entertainment to further government or corporate training, education, health, public policy, and strategic communication objectives.» (26). Med andre ord: «Serious games» har eit klårt pedagogisk utgangspunkt, og er utvikla for nettopp bruk i ein pedagogisk kontekst. I same, pedagogiske lei ligg «gamification»-omgrepet eg drøfta i kapittel 3.5. Ein kan, enkelt og greitt, seie at alle spelelement i eit klasserom handlar om gamification. Alt frå eit klistermerke for godt arbeid til fyrsteplassen i Kahoot!-økta er døme på gamification-element i klasserommet. Samstundes vil ikkje gamification-omgrepet vere nyttig for denne avhandlinga, både av di ein ikkje kan snakke om det som døme på «ergodisk» metodikk, i tillegg til at den ytre belønninga ofte er fråverande i den typen spel eg har nytta.

Gee (2013) opererer med omgrepet «good games», som i stor grad har eit didaktisk element i seg for å hjelpe spelaren inn i ei forståing av designgrammatikken i spelet (og dimed inn i eit «affinity space»). Han skildrar mellom anna opplæringssekvensar i einskilde dataspel som døme på slike didaktiske innføringskapittel, og freistar påstanden at ein kan designe undervisning over same lesten. Det er ein tydeleg kopling til Vygotsky og den proksimale utviklingssona i det Gee legg til grunn i skildringa av «good games», og ein kan og hente einskildelement frå Gee og «good games» til denne avhandlinga. Samstundes nyttar eg i opplegget mitt ergodiske speltekstar som kombinerer element av proseduralretorikk, tekstar som krev ei aktiv investering og som seier noko om verda rundt oss gjennom spelmekaniske grep.

Eg ender opp med ein eigen type speltekstar til litteraturundervisninga som ikkje heilt passar under «good games»-paraplyen, og som heller ikkje er spel eller spelelement som eksplisitt er utvikla for pedagogisk bruk. Mitt forskingsspørsmål forutset at eg nyttar spel som fungerer som litteratur, og at eg verdset eigenverdien i den typen litteratur som krev investering, som gjerne vert lese multikursalt og som hevdar sanningar om verda gjennom spelmekaniske argument. Slike dataspel har ein verdi både i seg sjølv og overført til klasserommet i høve arbeid med klassisk skjønnlitteratur. Over tid har ein sett mange slike spel kome til, då helst innan det ein

kallar «indie»-kategorien i spelsjangeren. Om ein godtek det pedagogiske potensialet eg argumenterer for i denne oppgåva, opnar ein og for eit teksttilfang som ser ut til å vekse markant framover.

I gruppeintervjua kjem det fram at elevane sjølve føler at dei har kome djupare ned i tekstane me har lese gjennom kritisk orienterte spørsmål, men òg gjennom spelanalytiske omgrep som syner potensialet for brubygging mellom dei to domena. Når ein av elevane, Nora, skildrar si eiga oppleving med dataspelet «Gone Home», gjer ho ei samanlikning med novellesjangeren: «Du har liksom et mål. Med noveller skal du ikke «vinne teksten» liksom» (Thengs 2018b). I dataspelet, sjølv om ein nyttar spel av typen eg skildrar i førre avsnittet, ligg det ei forventning om at ein kan «vinne» teksten, eller «runde spelet». Elevar vert motivert i det at det ligg eit mål, om enn diffust og vagt formulert, i enden av speløkta. Utfordringa for denne eleven vert å introdusere han for eit «affinity space», eller eit litteraturfagleg fellesskap, for å nytte Gourvennec sitt omgrep, og syne for han at det absolutt går an å sjå på novella som ein tekst ein kan «vinne». Denne eleven ser koplingar mellom dataspelet og novella, men han skil enno mellom utbytet ein har av lesinga, av di han ikkje er ein del av dette fellesskapet.

Den same observasjonen finn eg hjå eleven Une, som føretrakk dataspelet føre novella, og som knytte preferansen sin til opplevinga ho hadde hatt: «Du opplever mer enn bare å lese. Du opplever mer enn bare novella når du ser den.» (ibid.). Oppleving som kjennemerke på læring kan ein knyte til diskusjonen om dataspelet som representant for noko nytt; noko som i seg sjølv gjev motivasjon, men kanskje ikkje *meir* læring. Eg følgjer ikkje den refleksjonen vidare i dette kapittelet. I staden vil eg nytte utsegnen til å freiste påstanden at gode leseopplevingar, uansett kva for type, er avgjerande for læring.

Ein parallel, på grensa til uelegant, finn ein kanskje i omgrepet «consciousness-raising» hjå Street (2013) i ei drøfting av frigjeringspedagogikken til Freire. I ein kritikk av «autonomous»-modellen for literacy, vert Freire sitt prosjekt i favelaen i Brasil nytta som døme på korleis ein kan gjere elevar i stand til å uttrykke og forstå «[...] the sources of their oppression» (Street 2013: 137). Ved å få elevane i posisjon til å setje ord på sin eigen situasjon og sine eigne utfordringar gjennom å arbeide med nykelkonsept knytt til fattigdom og undertrykking, kan ein lettare kome ut av fattigdom og undertrykking. Overført til eit klasserom i eitt av verdas rikaste land, finn ein den uelegante, men kanskje treffande samanlikninga hjå elevar som må setjast i stand til å forstå at ei oppleving i eitt domene har verdi i eit anna. Når ein kan setje ord på

opplevingane sine i eit dataspel, gjerne gjennom å stille gode spørsmål til det og diskutere seg fram til hypoteser, til svar eller til tolkingar, har ein skaffa seg ei opplevingsbasert erfaring som har verdi i tradisjonelt, klasseromsprega litteratarbeid. I alle høve om litteratarbeidet i klasserommet vert tilpassa ein skule som legg vekt på motivasjon og djupnelæringer.

I spørjeundersøkinga som innleia felterbeidet mitt, svara 43% at dei liker å lese, medan 78% svara at dei liker å spele dataspel (Thengs 2018a). Ein kan lese desse tala som deprimerande døme på eit skifte i ungdommar sine lesevanar, eller som eit uttrykk for potensialet som ligg i engasjerande litteraturundervisning. Eg vel den siste lesinga. Gourvennec (2017) viser til mellom anna Guthrie & Whigfield (2000) og Nystrand og Gamoran (1989, 1990) når ho skriv om engasjement og motivasjon i høve læring. Nystrand og Gamoran skil mellom engasjement og mangel på engasjement. Vidare skil dei mellom «procedural» og «substantive» engasjement, der fyrstnemnde handlar om å gjere det ein blir bedt om, medan dei substantivt engasjerte elevane er involvert i det faglege arbeidet (Gourvennec 2017: 62). Mitt poeng i høve engasjement og motivasjon vert at ein kan dyrke det substantive engasjementet hjå elevane i alt dei gjer av lesing, det vere seg dataspel, musikk, biletkunst eller andre former for estetiske uttrykk. Set ein ord på opplevinga elevane har, vil det ha effekt på engasjement og motivasjon og, med Guthrie og Wigfield,: «[...] engasjement virker svært læringsfremmende» (ibid.).

Opplevinga sin pedagogiske eigenverdi er, på same måte som for eleven som ikkje ser på noveller som noko han kan «vinne», eit potensial som ligg latent i litteraturundervisninga. Det å skape ei forståing for lesing som noko fagleg verdifullt, uansett kva slags lesing ein driv med, handlar både om å gjere elevar i stand til å setje ord på kva slags opplevingar dei har, men òg om å ufarleggjere den skulske lesinga. Undervisningsopplegga eg nytta i pilotstudien og i felterbeidet søker nettopp å gjere det, gjennom å flytte merksemd frå organiserande og analytiske kategoriar over på elevane si leseoppleving og dei kritisk orienterte spørsmåla dei sit att med etter å ha lese ein tekst. Eg er langt frå sikker på om eg har fått fram ei slik forståing hjå elevane, men eg har gjennom pilotstudien hausten 2017 og i felterbeidet i januar 2018 observert elevar, som har vore meir eller mindre inaktive i tradisjonelt litteratarbeid, produsere særskilt interessante spørsmål til tekstar dei har lese. Eg har samstundes vore inne på at klasseromsaktiviteten heldt seg nokonlunde lik uavhengig av metodikk, men det kan like godt handle om at ein treng ei større kulturendring for å engasjere fleire elevar.

## 6.0: Oppsummering og konklusjon

*Hva er den beste måten å bli en bedre leser på?*

*Jo, ved å lese.*

*Overrasket? Neppe.*

*Hvordan blir man en bedre løper?*

*Jo, man løper.*

(Åsmund Hennig, 2012)

### 6.1 Oversyn

Det empiriske materialet denne oppgåva har generert spenner frå observasjonar i klasserommet, gruppeintervju i etterkant av feltarbeidet og spørjeskjema elevane har fylt ut. Samla sett har materialet, inkludert pilotstudien som informerte feltarbeidet, informert analysen saman med dei teoretiske aspekta eg har gjort greie for i kapittel 3. Når eg skal samanfatte dei funna eg har gjort, både når det gjeld mi eiga tilnærminga til litteraturarbeid og elevane sine eigne perspektiv, er dei tre spørsmåla eg nyttar som overskrifter til kapittel 6.2, 6.3 og 6.4 eit forsøk på å gjere nettopp det.

Som del av denne avslutninga er det òg på sin plass å gjere ei kritisk vurdering av det empiriske materialet. Der observasjonane frå klasserommet, saman med gruppeintervjuia i etterkant, definitivt har gitt dei mest verdifulle resultata i retning av det eg har ønska å undersøke med forskingsspørsmålet mitt, har spørjeundersøkinga primært fungert som ei forankring for dei påstandane både eg sjølv og elevane har kome med. I etterkant kunne eg ha ønskt meir tid til klasseromsobservasjon og intervju, og i tillegg kunne meir tydelege lærarstemmer i eigne intervjurundar bidrege med nyttige refleksjonar. Det har samstundes vore interessant å sjå korleis dei ulike typane empirisk materiale saman dannar eit bilet av heilt konkrete erfaringar knytt til verdien i å nytte elevar sin eigen lesepraksis i skulen, til engasjement som drivar for klasseromspraksis og til «spørsmål som teknologi» som metode for å avsløre og verdsetje elevar sin lesekompetanse.

### 6.2 Kvifor forske på undervisningspraksis i det skjønnlitterære klasserommet?

Sjølv om undervisningsforsking slår fast at det finst eit forbetringspotensial i den måten ein arbeider med undervisningspraksis generelt i skulen, er det fyrst og fremst av di eg sjølv har sett diskrepansen mellom læreplanar, undervisning og eksamen at det har vore interessant å skrive ei avhandling om arbeid med litteratur i klasserommet. Der Læreplan for kunnskapsløftet lova undring og utforsking, peika fleire, mellom anna Utdanningsdirektoratet sjølv, på det tydeleg funksjonelle literacy-aspektet i reformen. Det er, med OECD, dei viktige dugleikane for det 21. hundreåret ein skal sikre at elevane skaffar seg og veit å bruke aktivt i sine eigne liv. Jamfører ein Street sin kritikk mot «the autonomous model» of literacy, er det tydeleg at reformen si innretting mot fagrelevans representerte ei dreiling frå det ålmenne, felles dannande skuleaspektet over mot det spesialiserande, literacy-orienterte landskapet. Denne avhandlinga har søkt å finne svar på dette spørsmålet: *Korleis kan ein nytte kritiske og utforskande spørsmål til å skape engasjement hjå elevar i arbeid med litteratur?* I lys av det funksjonelle literacy-aspektet i Kunnskapsløftet har det vore interessant å sjå på dreilinga frå ålmenndanning til funksjonell literacy, ikkje minst når eg i neste omgang løftar blikket og freistar seie noko om revisjonen som skal munne ut i fagfornying og nye læreplanar i 2020.

Innverknaden denne generelle dreilinga har hatt på litteraturundervisninga har neppe ført til store endringar i undervisningspraksis, jamfør forskinga til mellom anna Reznitskaya (2012) og Wilkinson et al. (2017). På veg mot nye læreplanar og ein ny, overordna del av læreplanverket er det difor interessant å gjere opp status for litteraturen i norskfaget, og drøfte kor det vert naudsynt å gå dei neste åra. Denne avhandlinga står for eit lite bidrag til ein slik debatt, all den tid ho på den eine sida diskuterer literacyomgrepet frå ein overordna ståstad, og på den andre sida skisserer opp eit undervisningsopplegg som ber i seg eit skifte frå den funksjonelle literacylæra til kritisk literacy-domenet. Ei slik legitimering handlar på den eine sida om kva ein legg til grunn som dugleikar ein treng framover som elev i norsk skule, men òg om kva som skjer når ein nyttar elevane sin eigene lesepraksis for å byggje bru mot den skulske sekundærdiskursen gjennom å nytte spørsmål som ein form for teknologi i klasserommet.

### 6.3 Kvifor djupnelærings og engasjement?

Eg har i denne oppgåva gjort eit poeng av å knyte djupnelærings til det kritiske og utforskande. Til det kan ein innvende at definisjonen av djupnelærings som Utdanningsdirektoratet – og denne avhandlinga – nyttar, berre seier noko om læring som eit kontinuerlig arbeid med faglege

omgrep og i forståinga av samanhengar både innan norskfaget og i eit tverrfagleg perspektiv. Av dei same to grunnane er det imperativt å gjere djupnelærings til noko ein ikkje kan kople frå litteraturundervisninga slik eg har designa henne. Feltarbeidet syner til dømes at elevar som tilsynelatande ikkje har stor kompetanse i fag, gjerne får vist at dei kan knyte saman resonnement og gjere faglege koplingar gjennom kritisk orienterte spørsmål. Så kan ein i neste omgang kome til å forstå kva for fagomgrep ein eigentleg har jobba med, men via omvegen det er å stille kritiske og utforskande spørsmål i ein klasseromssetting der både tradisjonelle papirtekstar og dataspel krev investering.

Hypotesen denne oppgåva formulerte, la òg til grunn at ein kan skape engasjement gjennom ein slik omveg til litterær forståing. Det har eg berre delvis greidd å påvise, og det er svært lite sannsynleg at ein kan halde oppe motivasjonen hjå elevar ved å løfte fram undervisningsopplegget eg har designa her som ein form for *panacé* for litteratarbeid. Tradisjonell IRF-pedagogikk og efferensorientert undervisning har på si side synt tydelege prov på det, jamfør elevane sine rapportar om litteratarbeid som ei regelbunden øving. Samstundes har eg nytta høvet til å bygge ei bru over ulike formar for litteratur, og det er openert at ein med relativt få, men medvite grep kan styrke engasjementet elevane kjänner ved å eksponere dei for tekstar som ikkje tillét ei passiv haldning til leseverksemد.

I staden for å insistere på «spørsmål som teknologi»-metodikk som udelt forløysande for undervisningspraksis, vil denne avhandlinga vonleg få einskilde pedagogar til å stille seg det enkle spørsmålet «Kvífor?» når ein går i gong med planlegging av undervisning. Metoden eg har undersøkt i feltarbeidet til denne avhandlinga er heller ikkje eksklusiv for norskfaget. Vel så viktig er erkjenninga av kritisk orienterte spørsmål som eit utgangspunkt for møter med tekst i andre fag, jamvel i samfunnet for øvrig. Slik vert det kritiske engasjementet ein literacy-strategi som tangerer OECD sine mål om det funksjonelt kritisk tenkande mennesket.

Engasjement ligg ofte også i det aktualiserte, det som er ferskvare. Når til dømes Talleraas (2018) nytta hetsen mot forfattar og samfunnsdebattant Sumaya Jirde Ali i byrjinga av mars 2018 til å lage eit undervisningsopplegg knytt til rasistisk hets, diskriminering og trakassering, aktualiserte han undervisninga på ein engasjerande måte. Ved å stille seg spørsmålet «Kvífor er dette viktig?», til dømes, kan ein finne engasjerande omvegar til dagsaktuelt og læreplanrelevant stoff. Samstundes krev ei slik tilnærming eit «kill your darlings»-prinsipp som styrande for det ein gjer. Det som fungerer i dag – til dømes rasismedebatten i lys av Ali-saka

– fungerer ikkje neste gongen. Då må ein attende til blanke ark og nye «kvifor»-spørsmål. Ei tilnærming til undervisning som tidlaus kunnskap ein kan gjenbruke år etter år, eller ei bunke ein kan snu kvar august, er ikkje i samsvar med korkje eksisterande læreplan eller dei nye læreplanane som gjeld frå hausten 2020.

#### 6.4 Kvifor nytte spørsmål som teknologi i undervisninga?

Gjennom denne oppgåva har eg freista å syne korleis ein «omveg» via kritisk orienterte spørsmål kan gjere undervisninga meir engasjerande, involvere elevar i større grad, flytte merksemd frå efferensbasert til kritisk orientert lesing og gjere elevar til ein del av eit litterurfagleg fellesskap. Det er på inga måte gitt at desse pedagogiske ideala vert innfridde med metoden eg har nytta og arbeidd ut, og i feltarbeidet mitt fann eg heller inga markant endring i klasseromsaktivitet. Samstundes vil det nett alltid vere slik med pedagogisk utviklingsarbeid: Endring tek tid, kulturar i endring gjev motstand, pedagogisk praksis er ein storleik der pedagogar ikkje alltid er like viljuge til å byte bort det kjende mot det ukjende, og skulen si innretting mot eksamensdiskursen legg føringar for korleis ein vel å jobbe med lærestoff.

Men så har eg funne ei kime til det som i neste omgang kanskje vert eit skifte i praksis i høve litteratarbeid. I kombinasjonen mellom dei ulike typane tekstar eg har nytta – dataspel og klassiske papirtekstar – og spørsmål som teknologi-metoden i klasserommet, fann eg eit læringsrom der elevane i større grad var i stand til å identifisere *noko anna* enn det ein normalt vert spurt om å produsere i eit litterært analyseskjema. Det er kan hende ikkje alltid like lett å setje ord på kva dette *anna* er for *noko*, og det er heller ikkje alltid slik at elevane kjem til store og djuptgåande erkjenningar gjennom denne metoden, men som inngangsport til det som engasjerer og gjev ei kjensle av mestring er kritisk orienterte spørsmål ein terskel dei aller fleste kan trå over. Når ein i neste omgang er komen over terskelen og står i det skjønnlitterære diskusjonsrommet saman med eit litterurfagleg fellesskap av medelevar og lærarar, kan ein ta steget over frå å vere passiv respondent til ymse litteraturanalyseskjema, til aktiv og engasjert deltakar i den samskapinga den litterurfaglege samtalen er.

## Litteraturliste

### Overordna nivå – læreplan og policydokument

Kunnskapsdepartementet. 2016. *NOU 2015: 8. Fremtidens skole – Fornyelse av fag og kompetanser*. URL: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-8/id2417001/>

Kunnskapsdepartementet. 2016. *Meld. St. 28: Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet*. URL: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-28-20152016/id2483955/>

OECD. 2005. *The definition and selection of key competences*. URL: <https://www.oecd.org/pisa/35070367.pdf>

Regjeringen. 2017. *Overordnet del - verdier og prinsipper for grunnopplæringen*. URL: <https://www.regjeringen.no/contentassets/37f2f7e1850046a0a3f676fd45851384/overordnet-del---verdier-og-prinsipper-for-grunnopplaringen.pdf>

Scott, C. L. 2015. «What Kind of Learning for the 21st Century?» I *The Futures of Learning 2*. UNESCO Education Research and Foresight, Paris (ERF Working Papers Series, nr. 14) URL: <http://unesdoc.unesco.org/images/0024/002429/242996E.pdf>

Utdanningsdirektoratet. 2017. *Læreplan i norsk (NOR1-05)*.  
URL: <https://www.udir.no/kl06/NOR1-05>.

### Literacy

Barton, D. 2007. *Literacy: An Introduction to the ecology of the written language*. Malden, Mass.: Blackwell Publishing.

Blikstad-Balas, M. 2016. *Literacy i skolen*. Oslo, Universitetsforlaget.

Collins, J. & Blot, R. K. 2003. *Literacy and Literacies*. Cambridge University Press.

Fjørtoft, H. 2014. *Norskdidaktikk*. Bergen: Fagbokforlaget.

Freire, P. 2006. *De undertryktes pedagogikk*. Oversatt av Sissel Lie. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Giroux, H. 1987. «Introduction: Literacy and the Pedagogy of Political Empowerment». I Freire, P. og Macedo, D: *Literacy: Reading the word and the world*. Westport, Connecticut og London: Bergin & Garvey.

Graff, H. J. 1991. *The Literacy Myth: Cultural Integration and Social Structure in the Nineteenth Century*. Transaction Publishers.

Lankshear, C. og McLaren, P. L. (red.) 1994. *Politics of liberation. Paths from Freire*. London/New York, Routledge.

McLaughlin, M og DeVoogd, G. 2004. «Critical literacy as comprehension: Expanding reader response.» I *Journal of Adolescent & Adult Literacy*. 48:1, pp. 52-62. International Reading Association.

Pellegrino, J. W og Hilton, M. L. 2012. *Education for Life and Work: Developing Transferable Knowledge and Skills in the 21st Century*. USA, The National Academies Press.

Reznitskaya, A. 2012. «Dialogic Teaching. Rethinking Language Use During Literature Discussions». I *The Reading Teacher*, vol. 65, utg. 67, s. 446-456. International Reading Association

Rosenblatt, L. M. 1993. «The Transactional Theory: Against Dualisms.» I *College English*, vol. 55, nr. 4, s. 377-386. URL:

<http://www.jstor.org/stable/pdf/378648.pdf?refreqid=excelsior%3Afeb29e2333b3fa08664dd942411e46be> (Last ned 19.3.2018). National Council of Teachers of English.

Street, B. 2006. *Autonomous and ideological models of literacy: Approaches from New Literacy Studies*. Media Anthropology Network, 17.

Street, B. 2013. *Social Literacies. Critical Approaches to Literacy in Development, Ethnography and Education*. London/New York, Routledge.

UNESCO. *Literacy*. URL: <https://en.unesco.org/themes/literacy>

White, J. 2009. «Reading «the Word and the World»: The Double-Edged Sword of Teaching Critical Literacy» I *Voices from the Middle*, vol. 17, nr. 2. URL: <http://bit.ly/2y8qkSc>

Whitney, A. et al. 2008. «Teacher Practice, Writing Process, and the Influence of Inquiry. I *English Education*, vol. 40, no. 3, pp 201-230. National Council of Teachers of English.

Wilkinson I. A. G. et al. 2017. «Toward a more dialogic pedagogy: changing teachers' beliefs and practices through professional development in language arts classrooms» I *Language and Education*, 31:1, 65-82

## Spel og spelpedagogikk

Aarseth, E. J. 1997. *Cybertext. Perspectives on Ergodic Literature*. The Johns Hopkins University Press. Baltimore & London.

Aarseth. E. J. 2015. *Spill og Koding i skolen: Kan spill gi mening?* URL:  
<https://www.youtube.com/watch?v=X3irCzu7Ono> (Lasta ned 16.11.2017). Bergen, NGVMedia.

Bogost, I. 2008. «The Rhetoric of Video Games». *The Ecology of Games. Connecting Youth, Games, and Learning*. Salen, K. (red.) The John D. And Catherine T. MacArthur Foundation Series on Digital Media and Learning. Cambridge, MA: The MIT Press. S. 117-140.

Bogost, I. 2013. «Perpetual Adolescence. Gone Home: a video game about releasing secrets.» LA Review of Books. URL: <https://lareviewofbooks.org/article/perpetual-adolescence-the-fullbright-companys-gone-home#> (Lasta ned 20.12.2017)

Gee, J. P. 2007. *What Video Games Have to Teach Us About Learning and Literacy*. New York, Palgrave Macmillan.

Gee, J. P. 2013. «Learning about learning from a video game». Fra *From video games – learning about learning*. New York, Peter Lang.

Nøsen, O. 2016. «Dataspill i skolen i stedet for Ibsen?! Særlig...» URL: <http://www.pressfire.no/nyheter/PC/11205/dataspill-i-skolen-istedet-for-ibsen-srlig>. Pressfire. (Lasta ned 10.11.16)

Skaug, J. H. og Guttormsgaard, V. 2014. «Dataspill i skolen». Senter for IKT i utdanningen. URL:

